Ringar i vatn

- Vekstkompass for Sogn og Fjordane

NÆRINGS- OG RINGVERKNADSANALYSE FOR SOGN OG FJORDANE

SpareBank 1 Sogn og Fjordane

Innhald

1 Samandrag

2 Bakgrunn

3 Viktige samfunnstrendar som påverkar oss

4 Ressursane våre

- 4.1 Våre menneskelege ressursar
- 4.2 Næringslivet vårt
- 4.3 Bransjeanalyse
- 4.4 Kultur og idrett

5 Kva skal til for å skape vekst og utvikling?

6 Strategisk retning



SpareBank 1 SOGN OG FJORDANE

1. Samandrag



Samandrag

Kap 2. Bakgrunn



Er vi Sogn og Fjordane i solnedgang eller soloppgang? Kva VIL vi vere og korleis skal vi få det til?

Desse svara ville Sogn og Fjordane Næringsråd og Sparebank 1 Sogn og Fjordane ha svar på. For å kunne peike ut strategiar og tiltak for utviking må vi fyrst ha eit felles kunnskapsgrunnlag. Denne rapporten gir deg det. Rapporten er ei gåve frå Sparebank 1 Sogn og Fjordane til alle som ynskjer å utvikle regionen.

Kunnskapsgrunnlaget blir delt med alle, og er meint å gi oss eit felles fundament for vidare oppfølging. Tiltaka kjem i neste runde, og målet er at sentrale delar kunnskapsgrunnlaget skal oppdaterast årleg. Vi må også tore å evaluere og følgje opp dei tiltaka som vi skal jobbe med framover.

I arbeidet med rapporten har ein hatt brei forankring. Styringsgruppa har hatt ansvaret for at gjennomføringa har blitt lik i Sogn, Nordfjord og Sunnfjord. Styringsgruppa har også gitt tilbakemeldingar på sentrale deler av analysane. Dei tre regionale prosjektgruppene har gitt innspel på kven som bør vere deltakarar i intervju og gitt tilbakemeldingar på sentrale deler av analysane. Tell Norge har vore ekstern rådgjevar og har gjennomført kartleggingsarbeid, analyser og utforma denne rapporten.

Vi har vidare fått mange innspel gjennom intervju av 61 ressurspersonar og 64 skriftlege svar på ei spørjeundersøking. Tema for intervju og spørjeundersøking var å finne drivarar bak utvikling, eksempel på prosjekt eller tiltak som har gitt store ringverknader i regionen, og kva som blir viktig for å sikre vekst og utvikling i tida framover. Kombinert med ein kvalitativ analyse, har kartlegginga danna grunnlaget for ein analyse av korleis Sogn og Fjordane har utvikla seg dei siste åra; kva som er Sogn og Fjordane sine styrker og svakheiter, men også kva moglegheiter og truslar regionen står ovanfor i tida som kjem.

Kap 3. Viktige samfunnstrendar som påverkar oss



Kva er dei viktigaste samfunnstrendane og korleis påverkar desse vår region?

Vi startar med dei globale megatrendane som er langsiktige og gjennomgripande trendar som påverkar samfunn, økonomi, teknologi, miljø og politikk på tvers av land og kontinent. Megatrendane som vert drøfta er: Eit klima i endring, store teknologiske endringar, ei verd i uro, demografisk skifte, urbanisering og morgendagens ressursar. Vurderinga er at desse globale trendane er svært sterke og påverkar oss i stor grad. Ein moglegheit for oss er at det er aukande etterspurnad etter naturressursane våre. Ei utfordring er større mangel på arbeidskraft som følgje av aldrande befolkning og større utflytting av unge til større bysenter.

Vi held deretter fram med ein gjennomgang av den makroøkonomiske utviklinga dei siste fem åra og ei oppsummering av korleis regjeringa vurderer framtidsutsiktene gjennom perspektivmeldinga. Det har vore stor økonomisk uro dei siste åra, men Norge er robusteog vi har klart oss godt. Regjeringa peikar i si perspektivmelding på mangel på arbeidskraft, omstilling i samfunn og økonomi samt å bevare ein sterk velferdsstat som utfordringar. Ei utfordring for oss vil kunne bli å bevare gode offentlege tenester i heile regionen. Ei aldrande befolkning og færre yrkesaktive kan føre til at ein i større grad må samle tenester. At ein skal omstille samfunnet bort frå petroleum og over på andre ressursar er for vår region ein moglegheit fordi vi har mykje naturressursar.

Samfunnstrendane viser at distriktskommunar er under press. Distriktssenteret har sett nærare på dette og vi tar difor med nokre råd frå dei om næringsutvikling til typiske distriktskommunar. Eit hovudbodskap er at kommunane bør søke å utvikle ein meir offensiv utviklingskultur der dei raskare grip moglegheiter saman med næringslivet.

Samandrag

Kap 4. Ressursane våre



Kva ressursar har vi i Sogn og Fjordane og korleis vil desse utvikle seg framover?

Menneska som bur her er vår viktigaste ressurs. Kapittelet startar derfor med våre **menneskelege ressursar**, der vi ser på status og venta utvikling knytt til demografi. Gjennomgangen av demografiutviklinga stadfestar vurderingane frå kapittel 2 om samfunnstrendar. Vi blir stadig fleire eldre, samtidig som dei unge i større grad flyttar til større bysenter.

Til større bu- og arbeidsregionar vi har til større dynamikk blir det i **arbeidsmarknaden**. Det blir då enklare å få seg ønska arbeid og enklare med arbeidsskifte. Største bu- og arbeidsregionen er Sunnfjord der regionsenteret Førde har mange arbeidsplassar som arbeidstakarar pendlar inn til. Sogndal er også regionsenter, men den reelle bu- og arbeidsregionen er der langt mindre fordi Sognefjorden er ei barriere for pendling.

Vi ser deretter vidare på **næringslivet vårt** og korleis utviklinga har vore i perioden 2020 - 2024. Det har vore gode år der både omsetning og lønsemd har auka med knappe 50%. Samanlikna med landet har vi same auke i omsetning, men litt svakare utvikling i lønsemd.

Kapittelet held fram med ein analyse av ulike **bransjar**. Denne analysen viser at energi, havbruk, fiskeri og reiseliv alle har høgast vekst. Dette viser at bransjane som bygger på naturressursar blir viktigare for oss.

Vi avsluttar kapittelet med å sjå på **kultur- og idrettssektoren**, der vi har eit fokus på ringverknadane skapt av store arrangement. Arrangement har store målbare ringverknader. Viktigast er kanskje likevel den positive effekten på stoltheit, samarbeid, identitet og dermed bulyst i dei mange lokalsamfunna våre.

Kap 5. Kva skal til for å skape vekst og utvikling

Drivarar og barrierar for utvikling dei siste åra



Ein ressursperson som vi intervjua konkluderte slik «Det er ikkje viljen eller evnene det står på, det er rammene rundt»

Dette kapittelet startar med ei oppsummering frå kartlegginga knytt til drivarar og barrierar slik figuren under viser:

Drivarar:	Barrierar:
Naturressursane våre skaper konkurransekraft	Det er vanskeleg å rekruttere
Sterke enkeltbedrifter og lokal drivkraft	Mindre lokalt eigarskap
Store investeringar skaper ringverknader	Infrastruktur
Nye statlege arbeidsplassar skaper nye kompetansemiljø	Vanskelegare å få naudsynte offentlege løyve

Kvar av desse faktorane blir vurdert nærare i kapittel 5.

Samandrag

Kap 5. Kva skal til for å skape vekst og utvikling

Døme på tiltak som har gitt store samfunnsmessige ringverknader.

Kvifor vart prosjekta gjennomført og kva lukkast ein med?

Det er valt ut 4 prosjekt/verksemder frå kvar region som ein har gjort ein nærare ringverknadsanalyse av. I desse prosjekta er det gjennomført investeringar på mellom 20 og 30 MRD. Til høgre er det ein oversikt over desse prosjekta.

Ringverknadane er svært store i form av mellom anna nye arbeidsplassar, leverandøroppdrag for næringslivet og kompetanseutvikling som kan brukast på nye oppdrag. Utan nye store prosjekt vil veksten i regionen stoppe opp. For å skape positiv utvikling framover blir det derfor heilt sentralt å skape nye store prosjekt. Vi har difor analysert kvifor prosjekta vart gjennomført og kva dei lukkast med. Vi fann nokre fellesnemnarar:

1. Prosjekta tek som hovudregel utgangspunkt i naturgitte fortrinn.

2. Prosjekta har dyktige leiarar og initiativtakarar med tolmod og risikovilje som evnar å få til lokal mobilisering og samarbeid.

3. Ringverknadene vert størst når investeringane er forankra lokalt gjennom at lokale leverandørar tek del i verdiskapinga slik at verdiane blir i regionen. Dette gjev leverandørane kompetanse som varer ut over levetida til prosjekta.


Fleire av prosjekta som er med i analysen er ikkje ferdige. Samtidig har arbeidet med denne rapporten vist at det er mange nye prosjekt på gang i Sogn og Fjordane.

Eit utval av dei største prosjekta framover er vist i figuren til høgre. Desse viser at potensiale for å skape positiv utvikling er stort!

Prosjekt og bedrifter som er med i ringverknadsanalysen:

Sunnfjord og Ytre Sogn	**Nordic Mining**	**Fjord Base**	**Bue Salmon**	**Guleslettene vindmøllepark**
Sogn	**Reisemål Flåm**	**Fosshaugane Campus**	**Offentleg klynge**	**Lerum brygge**
Nordfjord	**Lefdal Mine Datasenter**	**Loen Skylift**	**Normatic**	**Kvivsvegen**

Døme på venta store prosjekt framover:



Samandrag

Kap 5. Kva skal til for å skape vekst og utvikling

Kva føresetnader må ein spele på for å skape vekst og utvikling

Basert på kvantitative analysar, funn frå intervju / spørjeundersøking og ringverknadsanalysane har vi no fått eit detaljert bilete av Sogn og Fjordane. Vi har fått eit kunnskapsgrunnlag om kva som har drive veksten, kva som har bremsa han, og kva prosjekt og investeringar som har skapt dei største ringverknadene.

Med dette som utgangspunkt har vi utarbeidd ein **analyse** som summerer opp dei viktigaste styrkane, svakheitene, moglegheitene og truslane for regionen samla sett. Denne er vist i figuren til høgre.

Sogn og Fjordane har eit solid fundament å byggje vidare på. Naturressursane er unike, næringslivet er sterkt og engasjementet for å skape utvikling er stort. Samtidig er det strukturelle utfordringar som krev felles innsats. Demografisk press, kapitalflukt, infrastrukturbarrierar og rammevilkår som ikkje alltid matchar næringslivet sitt tempo og ambisjonar.

SWOT-analysen gir oss eit klart bilete av kvar vi står, men det er det vi gjer med innsikta som avgjer kvar vi hamnar. Styrkane må vidareutviklast, moglegheitene må gripast, svakheitene må adresserast og truslane må handterast. Det krev at regionen evnar å sjå seg sjølv som ein heilskap, ikkje som enkeltkommunar og enkeltregionar som konkurrerer om dei same ressursane.

Denne analysen bygger på mange tilbakemeldingar og læringa vi har fått gjennom ringverknadsanalysane av større prosjekt. Dette gir oss retning, det viser kva som har fungert i praksis, kva som bremsar og kva vi bør prioritere framover. Med utgangspunkt i dette har vi identifisert fem strategiske fortrinn som regionen må samarbeide om å vidareutvikle. Dette vert presentert i neste kapittel.

Styrkar	Svakheiter
• Unike naturressursar – kraft, kyst, fjordar og mineral • Sterke lokalt forankra bedrifter som også har blikket retta ut av regionen • Sterke næringsaktørar knytt til energi, havbruk, maritim og reiseliv • Sterk gründerkultur med risikovilje og engasjement • Høg livskvalitet, korte avstandar og attraktiv natur	• Demografisk press og utflytting av unge talent • Svake koplingar mellom utdanning og næringsliv • Meir råvareeksport enn lokal foredling og verdiskaping • Fragmentert geografi og lange avstandar
Moglegheiter	**Truslar**
• Auka etterspurnad etter lokale ressursar dannar grunnlag for ny industri og utvikling • Omstilling av næringslivet skaper moglegheiter for nye satsingar • Landbruk har unytta potensial i vidareforedling og samspel med reiseliv • Samarbeid på tvers av bransje og region – eitt samla Sogn og Fjordane • KI og digitalisering som verktøy for omstilling • Nye utdanningstilbod retta mot lokalt næringsliv	• Avgrensa kapasitet i straumnettet og samferdsle hemmar vekst • Konsolidering og oppkjøp. Skattlegging reduserer lokal investeringsvilje • Lange konsesjonsprosessar og internasjonal konkurranse • Rammevilkår og konfliktar knytt til areal • Sentralisering og nedlegging av lokale tenester og utdanning

Samandrag

Kap 6. Strategisk retning

Basert på analysen og innspel frå våre respondentar samla sett har vi identifisert fem strategiske pilarar som regionen må samarbeide om og vidareutvikle i åra som kjem. Desse gjev oss ein tydleg peikepinn på kva som blir avgjerande for framtidig vekst og verdiskaping i Sogn og Fjordane:

1



Naturressursar

Foredle ressursar lokalt

Byggje verdikjeder som held overskotet i regionen

Sikre nettkapasitet for ny industri

Utvikle reiseliv som heilårsnæring

Definere regionale satsingsområde

Kombinere natur, jordbruk, næringsliv og kultur til merkevare

2



Attraktive lokalsamfunn

Definere og arbeide strategisk med viktige samferdselsprosjekt

Prioritere etablering av bustad- og næringsareal

Utvikle ein bustadmarknad som støttar opp om vekst og tilflytting

Bruke kultur, idrett og gode tenester aktivt i rekruttering

Bygge senter med urbane tilbod

3



Samarbeid og handelekraft

Sjå regionen som ein heilskap

Auke samarbeid på tvers av kommunar og bransjar om felles utfordringar

Byggje sterkare leverandørklynger

Styrkje møteplassar og alliansebygging mellom næringsliv og offentleg

4



Lokalt eigarskap og kapital

Sikre tilstrekkeleg lokalt eigarskap

Skaffe kapital til periode mellom oppstarts- og driftsfase

Arbeide for føreseielege rammevilkår

Utnytte store investeringar til å etablere lokale leverandørkjeder

Etablere møteplassar og nettverk for lokale investorar

5



Kompetanse og utvikling

Etablere nye utdanningstilbod retta mot lokalt næringsliv

Byggje tettare koplingar mellom skule og næringsliv tidleg

Lære av dei som lukkast med rekruttering og kompetansebygging

Gjenopprette og styrke fagutdanningar som næringslivet er avhengig av

Desse pilarane er nok like for mange regionar i landet. Det som blir viktig for vår region er korleis vi arbeider med kvar av desse pilarane. Her dannar arbeidet med denne rapporten ein unik moglegheit. Vi har eit felles faktum å arbeide ut frå, vi har mange gode døme på kva prosjekt som har blitt suksesshistorier og vi har mange gode innspel til kva som er dei sterkaste barrierane for utvikling. Ein tiltaksdel med spissa prioriteringar som også tek omsyn til dei regionale skilnadane vi har i våre tre regionar vil vere eit godt utgangspunkt for å lukkast dei komande åra. Dette arbeidet startar no.

2. Bakgrunn



SpareBank 1 SOGN OG FJORDANE

Bakgrunn og mål

Næringslivet i Sogn og Fjordane er ein bærebjelke i by og bygd. Lokalt entreprenørskap og samfunnsutvikling heng tett saman i vår region. Vi er ein liten region i folketal, men ein region som er stor målt i naturressursar og pågangsmot. Vi er også ein region som er sårbar for endringar i både samfunnsliv og næringsliv fordi dette er så samanvevd hos oss.

Samfunnet endrar seg raskare enn nokon gong. Gamle strukturar blir brotne ned og nye veks fram. Er vi ein region i solnedgang eller soloppgang? Kva VIL vi vere og korleis skal vi få det til?

Desse svara ynskte Sogn og Fjordane Næringsråd og Sparebank 1 Sogn og Fjordane svar på. For å kunne peike ut strategiar og tiltak for utviking må vi fyrst ha eit fells kunnskapsgrunnlag. Denne rapporten gir deg det. Rapporten er ei gåve frå Sparebank 1 Sogn og Fjordane til alle som ynskjer å utvikle regionen. Kunnskapsgrunnlaget blir delt med alle, og er meint å gi oss eit felles fundament for vidare oppfølging. Tiltaka kjem i neste runde, og målet er at sentrale delar kunnskapsgrunnlaget skal oppdaterast årleg. Vi må også tore å evaluere og følgje opp dei tiltaka som vi skal jobbe med framover.

Grunnlaget ligg her – no brettar vi opp ermane!



Organisering

Oversikten nedanfor viser korleis arbeidet har vore organisert. Styringsgruppa har hatt ansvaret for den overordna styringa av prosjektet slik at gjennomføringa har blitt lik i Sogn, Nordfjord og Sunnfjord. Styringsgruppa har også gitt tilbakemeldingar på sentrale deler av analysane.

Dei tre regionale prosjektgruppene har gitt innspel på kven som bør vere deltakarar i intervju og gitt tilbakemeldingar på sentrale deler av analysane.

Både styringsgruppa og prosjektgruppene har hatt tre møter i prosessen og gitt gode innspel i arbeidet med rapporten.

Tell har vore ekstern rådgjevar og har gjennomført kartleggingsarbeid, analyser og utforma denne rapporten.

STYRINGSGRUPPE

Johanne Viken Sandnes
Roy Stian Farsund
Arne Sæterbakken
Trine Lerum Hjellhaug
Bjørn Aage Haugen
Bjørn Lødemel
Sindre Kvalheim
Gunhild Berge Strand

PROSJEKTGRUPPE INDRE SOGN

Andreas Bjelde, SB1 S&F
Anita Hagen Lægreid, Hydro
Erlend Fardal Lunde, S&F næringsråd
Line Bjelde, Sogn næring
Torgeir Skålid, Sogn Utvikling
Tone Myklebust Kvåle, Norconsult

PROSJEKTGRUPPE SUNNFJORD OG YTRE SOGN

Andreas Fonn Macsik, Nytta
Erik Osland, Osland Havbruk
Even Rønnekleiv, Westcon Florø
Linn Theres Nekkøy, Aksello
Ingrid Heggø, HNU
Julie Vårdal Heggøy, SB1 S&F
Finn Ove Øen, Åsen og Øvrelid

PROSJEKTGRUPPE NORDFJORD

Geir Årvik, Stad Vekst
Kristoffer Nedberge, Stryn Hotel
Agathe Bergset, SB1 S&F
Knut Arild Flatjord, SFE
Ørjan Solvang, Toyota
Tore Hjelle, Eid Elektro
Frank Willy Djuvik, Måløy Vekst

Metode

Det har totalt blitt involvert 61 aktørar gjennom ulike intervju. Samtalene har tatt utgangspunkt i ei tredelt tilnærming; drivarar bak tidlegare utvikling og no-situasjon, eksempel på prosjekt eller tiltak som har gitt store ringverknader i regionen, og kva som blir viktig for å sikre vekst og utvikling i tida framover.

I tillegg til intervju, har det blitt sendt ut ei spørjeundersøking, som 64 personar har svart på. Spørjeundersøkinga skulle kartlegge gjennomførte og framtidige investeringar og satsingar, samt dei utløysande faktorane for desse. I tillegg fekk deltakarane moglegheit til å uttale seg om styrker og truslar i deira region og i Sogn og Fjordane.

Kombinert med ein kvalitativ analyse, har kartlegginga danna grunnlaget for ein analyse av korleis Sogn og Fjordane har utvikla seg dei siste åra; kva som er Sogn og Fjordane sine styrker og svakheiter, men også kva moglegheiter og truslar regionen står ovanfor i tida som kjem.

I arbeidet med denne rapporten har vi nytta kunstig intelligens (KI) som eit støtteverktøy i deler av skrive- og analyseprosessen. KI har mellom anna vorte brukt til å strukturere og formulere tekst, oppsummering av funn frå intervju og spørjeundersøking, og til å støtte faktasjekk og kjeldesøk. All bruk av KI-generert innhald har vorte grundig gjennomgått, kvalitetssikra og redigert av prosjektteamet. Alle påstandar, tal og konklusjonar i rapporten er verifiserte av konsulentane og baserte på kjelder som er oppgjevne i rapporten. KI har ikkje erstatta fagleg vurdering eller redaksjonelt ansvar – det ansvaret ligg fullt ut hjå Tell.

Kvalitative samtaler og intervju

34 deltakarar i gruppeintervju

27 individuelle intervju

Kvantitativ datainnsamling

Sendt ut spørjeundersøking til over 200 stykker

Kvantitativ Kartlegging

Sogn og Fjordane er delt inn i tre regionar

I rapporten nyttar vi dei tre regionane vist til høgre

Sunnfjord og Ytre Sogn


- Sunnfjord
- Fjaler
- Askvoll
- Kinn*
- Bremanger
- Hyllestad
- Solund
- Høyanger
- Gulen

Indre Sogn

- Sogndal
- Luster
- Årdal
- Lærdal
- Vik
- Aurland

Nordfjord*

- Gloppen
- Stryn
- Stad



* Deler av Kinn høyrer heime i Nordfjord. I den kvantitative analysen har ein noko statistikk på kommunenivå (SSB), og noko på statistikk på postnummer (Proff forvalt). Der ein har data på kommunenivå er heile Kinn lagt inn som ein del av Sunnfjord og Ytre Sogn. Der vi har data på postnummer er tidlegare Vågsøy kommune lagt inn i Nordfjord og tidlegare Flora kommune i Sunnfjord og Ytre Sogn.

3.
Viktige samfunnstrendar som påverkar oss



INNHALD I KAPITTEL:

I dette kapittelet ser vi nærare på viktige samfunnstrendar og korleis dei påverkar oss. Vi startar med dei **globale megatrendane** som er langsiktige og gjennomgripande trendar som påverkar samfunn, økonomi, teknologi, miljø og politikk på tvers av land og kontinent.

Vi held deretter fram med ei orientering om den **makroøkonomiske utviklinga** dei siste fem åra og ei oppsummering av korleis regjeringa vurderer framtidsutsiktene gjennom **perspektivmeldinga**.

Samfunnstrendane viser at distriktskommunar er under press. Distriktssenteret har sett nærare på dette og vi tar difor med nokre råd frå dei til typiske distriktskommunar. Eit hovudbodskap er at kommunane bør søke å utvikle ein meir offensiv utviklingskultur der dei raskare grip moglegheiter saman med næringslivet

Avslutningsvis har vi ei oppsummering av korleis samfunnstrendane påverkar vår region der vi mellom anna konkluderer med at det vil bli **større etterspurnad etter naturressursane våre**. Ei utfordring vil truleg bli mangel på arbeidskraft som følgje av **aldrande befolkning og større utflytting av unge til større bysenter**.

SpareBank 1
SOGN OG FJORDANE

6 globale megatrendar med stor tyding for vår region



1 EIT KLIMA I ENDRING

Klimaendringane er ikkje lenger eit fjernt framtidssenario – men ei kraft som påverkar no og er med på å forme den verda vi lever i. Verda sine økosystem, naturressursar og samfunnsstrukturar er i ferd med å flytte seg inn i ein ny normal, og konsekvensane blir stadig større – både på individ, organisatorisk og nasjonalt nivå. Utviklinga skaper både uro og konsekvensar for fleire land, mellom anna i form av auka ekstremvær, tap av naturkapital og skade på infrastruktur, som i verste fall kan medføre enorme økonomiske konsekvensar.

Klimaendringane gjer at verksemdene må endre og omstille seg for å drive meir berekraftig enn tidlegare. På kort sikt vil dette for mange medføre auka kostnader, men skaper også moglegheit for auka konkurransekraft for dei som gjer dei naudsynte og smarte investeringane.

Verknad på vår region:

Sogn og Fjordane, med kyst, fjell og fjordar, er utsett for ekstremvær som følgje av store nedbørsmengder og sterk vind. Regionen er også sterkt avhengig av natur og lokale økosystem for lokal verdiskaping. For Noreg og særleg Vestland, ligg det også ei oppside i det at omstillinga til lågutslepp skaper store moglegheiter innan miljøvenleg energiproduksjon (vindkraft og vasskraft), karbonfangst, hydrogen og klimavenleg teknologi. Dette er område der norske verksemder allereie har sterke føresetnader.



2 STORE TEKNOLOGISKE ENDRINGAR


Utviklinga av kunstig intelligens og teknologiske innovasjonar har skote fart dei siste åra, og endringstakta har auka vesentleg det siste året. Endringane skjer oftare, og har forskyve seg frå pilotprosjekt til fullskala implementering av kunstig intelligens. Dette er med på fundamentalt å endre forretningsmodellar, arbeidslivet og produktiviteten.

Endringa skaper mange moglegheiter, men også ei rekkje tilhøyrande utfordringar knytt til mellom anna etiske dilemma og raske samfunnsendringar. Utviklinga kjem til å påverke både nærings- og arbeidsliv verda over, og skaper usikkerheit knytt til arbeidsplassar i enkelte sektorar, til dømes innan kunnskapsarbeid, programvareutvikling og kundeservice. WEF antar at AI og tech vil skape 170 millionar nye jobbar, medan den erstattar 92 millionar arbeidsplassar (WEF, Future of Jobs Report 2025).

Verknad på vår region:

I Sogn og Fjordane påverkar dei teknologiske endringane både offentleg- og privat sektor. Smarte løysingar innan energi, logistikk, fiske, havbruk og turisme kan auke produktiviteten og skape nye arbeidsplassar. Samtidig krev det målretta satsing på kompetanse, samarbeid med utdanningsmiljø og støtteordningar som gjer at små og mellomstore verksemder kan ta i bruk nye digitale verktøy. Teknologi kan føre til at større verksemder får konkurransefortrinn. Teknologisk utvikling er såleis ein drivar for konsolidering gjennom oppkjøp innan fleire og fleire bransjar.

6 globale megatrendar med stor tyding for vår region



3 EI VERD MED URO

Krigar, regionale konfliktar og skjerpa handelspolitikk pregar verdsbiletet i aukande grad. Sanksjonar, tollmurar, energikriser og uføreseielege leveransar av råvarer og teknologi gjer at tryggleiks- og handelspolitikk blir tettare kopla saman. Dette påverkar alt frå prisar på mat, straum og drivstoff, til investeringar, forsyningstryggleik og korleis land prioriterer eigen industri og beredskap. For mange næringar blir det viktigare å ha fleire bein å stå på og mindre avhengigheit av enkeltmarknader.

Den globale maktbalansen er i endring, og vi ser auka **spenning mellom stormakter**, meir **proteksjonisme** og **hyppigare konfliktar som råkar handel, energi og tryggleik**. Dette gjer dei globale verdikjedene meir sårbare, og land må i større grad tenkje både tryggleik og berekraft når dei planlegg økonomisk utvikling. Omstilling, regionalisering av produksjon og styrking av eigen beredskap blir viktige strategiar for å handtere ein meir utrygg verdsøkonomi.

Verknad på vår region:

For Sogn og Fjordane betyr dette både risiko og moglegheiter. Eksportretta næringar som energi, maritim sektor, havbruk og industri kan bli påverka av internasjonale svingingar, regelverk, krig og uro i verda, med svingande energiprisar, utryggleik rundt eksportmarknader og dyrare innsatsfaktorar for næringslivet. samtidig kan regionen styrkje posisjonen sin som stabil leverandør av fornybar energi, mat og andre basisressursar ved å satse på lokal foredling, kortreiste og robuste verdikjedar, god beredskap, tett samarbeid mellom kommunar og næringsliv, og aktiv deltaking i nasjonale og regionale tryggleiks- og beredskapsplanar.



4 DEMOGRAFISK SKIFTE

Dei store demografiske endringane som skjer parallelt i ulike delar av verda er ein av dei mest gjennomgripande globale megatrendane. I mange høginntektsland er **befolkninga i rask aldring, samtidig som fødselstala peikar nedover**. Dette påverkar arbeidsmarknaden, samt inntekts- og kostnadsstrukturen til både kommunane og den norske stat.

Den demografiske utviklinga viser at arbeidsstyrken krympar, og gjer at arbeidskraftmangel utviklar seg til eit strukturelt og langvarig problem, ikkje berre eit kortsiktig konjunkturfenomen. For næringslivet betyr dette at **kampen om rett kompetanse blir ein av dei mest kritiske konkurransefaktorane framover**. Verksemder må tilpasse seg ei verd der rekruttering og tilgang på kvalifisert arbeidskraft blir vanskelegare, og der behovet for kontinuerleg kompetanseutvikling og omstilling blir avgjerande for å oppretthalde konkurransekraft. Samtidig legg den teknologiske utviklinga til rette for effektivisering på mange område, og må nyttast for å handtere utfordringane knytt til ein redusert arbeidsstyrke ved å effektivisere og digitalisere fleire oppgåver.

Verknad på vår region:

I Sogn og Fjordane ser vi ei aldrande befolkning, kombinert med auka utflytting av unge til større byar. Det gir utfordringar for rekruttering til arbeidslivet, særleg innan omsorgsyrka og fagarbeidarar. samtidig kan regionen møte trenden ved å utvikle gode bumiljø for eldre, satse på velferdsteknologi og tiltrekkje seg tilbakeflyttarar og nye innbyggjarar som ønskjer eit trygt og naturnært liv.

6 globale megatrendar med stor tyding for vår region



Urbanisering har i fleire tiår vore ei drivkraft som endrar både økonomi, sosiale strukturar og livsstil. Fleire menneske samlar seg i og rundt større byar, der arbeid, utdanning, kulturtilbod og tenester er konsentrerte. Dette skaper sterke byregionar med effektiv bruk av ressursar, styrka tenester og innovasjon, men gir også fråflytting og svekka grunnlag for distrikta.

Fråflyttinga frå distrikta fører til meir sårbare lokalsamfunn og ein svekka arbeidsmarknad. Manglande tilgang på ressursar pregar tilbodet av lokale tenester, og kan i verste fall føre til nedlegging av til dømes skular, butikkar og fritidstilbod. Dette fører igjen til mindre attraktive arbeidsmarknadar og buforhold i distrikta. **samtidig fører tilflyttinga til auka press på lokale bustadmarknadar, auka belastning på infrastruktur og miljøet** i dei større byane. Framveksten av digitale verktøy, breiband, heimekontor og fleksible arbeidsformer har derimot gjort det **mogleg å jobbe meir stadlaust enn tidlegare**. Arbeidsplassen treng ikkje lenger vere fysisk knytt til hovudkontoret, noko som opnar for nye måtar å bu og organisere kvardagen på.
I møte med ei meir uroleg verd er det ein fordel med ein robust og desentralisert samfunnsstruktur, der kompetanse, arbeidsplassar og busetjing er spreidd i heile landet.

Verknad på vår region:

For Sogn og Fjordane kan digitalisering vere ein moglegheit. Når fleire kan jobbe digitalt, blir det meir attraktivt å bu i område med natur, tryggleik og gode oppvekstvilkår. For å utnytte dette treng ein stabil digital infrastruktur, fleksible kontorløysingar (som kontorfellesskap og heimekontor) og aktive lokalsamfunn som tek godt imot nye innbyggjarar.



Befolkninga i verda veks og ressursforbruket per person aukar. Over tid fører dette til ein aukande knappheit på naturressursar, eit auka press på areal og ein kamp om kritiske innsatsfaktorar. Samtidig skal ein også omstille til bruk av meir berekraftige og sirkulære ressursar.


Ressursbehovet er i endring, frå ein stor avhengigheit av fossile ressursar, høgt forbruk og råvareeksport, til ein økonomi driven av meir bruk av rein energi, berekraftige val og teknologisk foredling. Ressursar som rein energi, mat og biologiske ressursar, tilgang på vatn, natur, mineral, metall og råvarer, kjem til å bli viktigare enn nokre gang. **Framveksten av nye typar ressursar**, som data og digital infrastruktur, kunstig intelligens, mm. kjem også til å bli viktige inntektskjelder, og gi moglegheiter for dei som utviklar og forvaltar desse på ein god måte.


Verknad på vår region:


Sogn og Fjordane står sterkt stilt i møtet med morgondagens etterspørsel etter ressursar – med høg tilgang på attraktive ressursar som hav, energi, mineral og natur. Utviklinga gir nye moglegheiter for vidareutvikling av regionen sine styrkar som tilgang på rein energi, store naturressursar og robuste naturbaserte næringar. For å lukkast må regionen likevel investere i utviklinga av attraktive lokalsamfunn, som kan trekke til seg menneske og investeringar. Dette vil krevje eit tett samarbeid mellom næringsliv, utdanning og offentleg sektor – og ein balansert forvaltning som sikrar både verdiskaping og berekraft.


Uro har prega den økonomiske utviklinga frå 2020 til 2026.

Norsk økonomi er robust og vi har klart oss godt gjennom perioden









Kva viser utviklinga i norsk økonomi i perioden 2020 til 2026?
Koronapandemien fekk stor tyding og førte til nedgang i norsk økonomi tidleg tidsperioden. For norsk økonomi betra situasjonen seg raskt. Auka energiprisar og høgt offentleg og privat forbruk har ført til auka BNP, og viser at norsk økonomi er robust.

Etter koronapandemien steig inflasjonen mykje, både i Noreg og globalt. Mange land opplevde større auke enn Noreg. Dette stabiliserte seg på eit lågare nivå i 2024 og 2025. For å bremse prisveksten heva Norges Bank styringsrenta fleire gongar frå 2022, heilt til det første rentekuttet kom i september 2025. Utover hausten 2025 viste det seg vanskeleg å få prisveksten ned på inflasjonsmålet på 2 %, noko som resulterte i ny renteheving våren 2026. Denne siste auken er meir særnorsk og kan forklarast med at det går godt i Noreg, med låg arbeidsløyse, høgt offentleg forbruk og investeringar. I tillegg er det private forbruket høgt grunna gode lønsoppgjer.

Arbeidsløysa gjekk først opp, men har seinare falle etter kvart som aktiviteten tok seg opp igjen.

Kronekursen har svekka seg i perioden. Dette blir i økonomiske fagmiljø forklart med ein kombinasjon av ein mindre dominerande oljeøkonomi med lågare utanlandsk investering i olje og gass næringa, svakare rentefordel samanlikna med utlandet og auka global uro. Ein svekka kronekurs har vore gunstig for eksportnæringane våre (inklusiv reiseliv), og har vore med å bidrege til høgt aktivitetsnivå i norsk økonomi.

Kva betyr dette for oss?
Den økonomiske utviklinga har stor påverknad på næringslivet vårt. Som vist i neste kapittel har dei fleste næringane klart seg godt med høg vekst i perioden 2020 til 2026. Høgt offentleg- og privat konsum er viktige forklaringar saman med at eksportnæringane har hatt oppgang. Til dømes har både havbaserte næringar og reiselivet opplevd betre lønsemd som følgje av svekka kronekurs. Rentenivå og prisauke på innsatsfaktorane har ført til lågare investeringar i nye bustader. Dette har gitt noko nedgang i denne sektoren, spesielt for verksemder som satsar mot bygging av nye bustader.

Det som har prega perioden 2020 til 2026 er auka global uro. Norsk økonomi er robust og vi har klart oss betre enn mange andre land. Våre naturressursar og høge energiprisar er kanskje den viktigaste årsaka til at vi har ein robust økonomi.

Kjelder: NAV, Norges Bank og SSB

Perspektivmeldinga frå regjeringa

Regjeringa si perspektivmelding for 2023-2024 peiker på tre hovudutfordringar for Noreg dei komande åra

Hovudutfordringane og årsaker	Kva betyr det for oss?
Mangel på arbeidskraft Noreg kjem til å oppleve mangel på arbeidskraft i åra framover. Vi blir langt fleire eldre, samtidig som den yrkesaktive delen av befolkninga går ned. Denne utviklinga gir særleg stort press på helse- og omsorgssektoren, som vil trenge langt fleire tilsette enn det arbeidsmarknaden kan tilby. I følgje meldinga kan Noreg heller ikkje rekne med auka arbeidsinnvandring i tida framover ettersom kampen om arbeidskraft aukar og det blir færre yrkesaktive også i andre land.	Denne utfordringa gjer seg særleg gjeldande for regionane i Sogn og Fjordane. Framskrivinga viser ei kraftig auke i eldre. Samtidig viser tala at fråflyttinga frå regionane er høgare enn tilflyttinga, med unntak av nokre regionar som har teke i mot eit større tal innvandrar dei siste åra. Den demografiske utviklinga i regionen kjem også til å skape et høgt press på arbeidskraft og lokale tilbod. Presset kjem særleg til å auke innan helse og omsorgssektoren. Dette stiller krav til effektivisering av enkelte oppgåver gjennom innovasjon og digitalisering, samt omstilling av arbeidsstyrken for å kunne imøtekomme ein ny arbeidsmarknad.
Økonomisk og samfunnsmessig omstilling Geopolitiske spenningar gjer verdsøkonomien meir utrygg, og krev at Noreg brukar meir ressursar på forsvar og tryggleik. Samtidig pressar klimaomstillinga fram behov for lågare utslepp og skjerpar konfliktnivået mellom kraftbehov, natur og næringsutvikling. Overgangen til eit meir berekraftig samfunn fører til lågare aktivitet i petroleumsnæringa, og større behov for arbeidskraft i helse- og omsorgssektoren, noko som krev omfattande omstilling i økonomi og arbeidsmarknad. samtidig hemmar låg produktivitetsvekst verdiskapinga og gjer det naudsynt med meir innovasjon, digitalisering og effektiv ressursbruk framover.	Geopolitiske spenningar fører til høgare kostnadar knytt til tryggleik og beredskap. Auken i eldre vil føre til reduserte skatteinntekter og høgare pensjonskostnadar. Dette vil skje samtidig som inntektene frå petroleumsnæringa minkar. Truleg vil dette føre til mindre økonomisk handlingsrom for offentleg sektor, og dermed kommunane. Dette vil kunne føre til at store offentlege investeringar i samferdsle og offentlege bygg vil bli redusert. Desse investeringane er viktig for både innbyggarar og næringslivet i regionen. På andre område står vår region sterkare enn andre regionar i møte med omstilling. Regionen har god breidde i næringslivet, tungt forankra i kraft, hav, og reiseliv. Dette gjev grunnlag for næringar som skal erstatte inntekter frå petroleumsnæringa når den vert redusert.
Bevare små skilnader og ein sterk velferdsstat Små skilnader og likeverdige tenester er eit av grunnprinsippa i den norske samfunnsmodellen. Den demografiske utviklinga legg derimot press på fordelingspolitikken gjennom auka utgifter til helse, omsorg og pensjon, samtidig som inntektene til staten ikkje veks i tråd med denne utviklinga. Framskrivingane viser at velferdsstaten får eit aukande «inndekningsbehov» dersom ein skal oppretthalde dagens nivå på tenester og ytingar. Ulik demografisk utvikling i ulike delar av landet kan også skape større skilnader mellom grupper og regionar på sikt.	Meldinga peiker på at alle delar av landet skal ha stabil tilgang på gode velferdstenester. Sogn og Fjordane står ovanfor ein sterkare aldring av befolkninga enn landsgjennomsnittet. Det fører til at regionen kan oppleve eit større press på velferdstenester, rekruttering og kommunale budsjett enn meir sentrale område. Dette betyr at kommunane i Sogn og Fjordane må arbeide ekstra mot å hindre at aldring og lågare tilgang på arbeidskraft fører til dårlegare tenester eller større ulikskap samanlikna med meir sentrale område.

Kjelde: Perspektivmeldinga 2023-2024

Kva kjenneteiknar kommunar som lykkast med næringsutvikling?



Samfunnstrendane viser at typiske distriktskommunar er under press og at det er viktig med eit verdiskapande næringsliv for å møte dette presset. Distriktssenteret har sett nærare på dette og summerer opp følgande råd til kommunane:

- Fleire kommunar må utnytte handlingsrommet for næringsutvikling betre enn i dag
- Næringsutvikling må sjåast i samanheng med bustad-, stads- og tilflyttingsarbeid
- Rollene forvaltar, tenesteprodusent og entreprenør må sjåast i samanheng
- Kommunane må forstå næringslivets behov betre – bør kartleggje forventningar
- Økonomiske verkemiddel (kommunale næringsfond) styrkjer arbeidet
- Distriktskommunar bør prioritere entreprenørrolla: utoverretta og initiativrik

Basert på desse funna har distriktssenteret gitt følgande råd til kommunane, der kommunane bør søke å utvikle seg i følgande retning:

1. **Offensiv og optimistisk utviklingskultur med lite jantelov og lov å prøve og feile**
2. **Kort veg mellom idè og avgjersle. Smådriftsfordelar og tillit på tvers.**
3. **Enkeltpersonar sine initiativ og gjennomføringskraft i næringsliv, sivilsamfunn og kommune.**
4. **Evne til å gripe moglegheiter raskt saman med næringslivet**

Kjelder: Distriktssenteret (2020), Distriktskommunar som lykkast godt med næringsutvikling

Samfunnstrendane skaper både moglegheiter og truslar for oss i Sogn og Fjordane

MOGLEGHEITER

- **Sterke naturgitte fordelar** gir Sogn og Fjordane eit solid utgangspunkt som eksportør av fornybar energi, med moglegheit for auka produksjon og vidare verdiskaping.
- **Teknologisk utvikling og bruk av KI** kan gi vesentleg effektivisering og produktivitetsauke i sentrale næringar som energi, havbruk og industri.
- **Global etterspurnad etter trygge og berekraftige leveransar** styrkar regionar som Sogn og Fjordane, som produserer mat og energi i ein fredeleg del av verda.
- **Høg bu- og livskvalitet** gir eit konkurransefortrinn for å tiltrekke innbyggjarar og kompetanse som verdset tryggleik, gode oppvekstvilkår og nærleik til natur.
- **Betre konkurransevilkår for eksportindustrien** gir vidare potensial for naturressursbaserte næringar som reiseliv, fornybar energi, havbruk, fiskeri og mineral, som blir stadig viktigare i overgangen bort frå petroleumsøkonomien.

TRUSLAR

- **Arbeidskraft og kompetanse er ei aukande utfordring**, driven av ei aldrande befolkning og utflytting av unge til større bysenter. Dette gir rekrutteringsutfordringar i fleire næringar og svekka langsiktig omstillingsevne.
- **Utviklinga i demografi og bustadsattraktivitet utfordrar** både næringsutvikling og evna til å oppretthalde gode velferdstenester i heile Sogn og Fjordane.
- **Klimaendringar fører til meir ekstremvêr** og større belastning på natur og infrastruktur, med aukande konsekvensar både for næringsliv og samfunn.
- **Manglande vekst, høge kapitalkostnader og auka byggekostnader** har ført til dempa investeringsvilje. Dette har ført til nedgang for enkelte næringar (bygg og anlegg) og er i seg sjølv uheldig for regional utvikling.
- **Offentleg sektor står overfor strammare økonomiske rammer**, noko som stiller krav til prioritering, effektivisering og samarbeid med det private og frivillige organisasjonar.

Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking

4.
Ressursane våre



SpareBank 1
SOGN OG FJORDANE

INNHALD I KAPITTEL:

I dette kapittelet ser vi nærare på vårt ressursgrunnlag.

Vi startar med **våre menneskelege ressursar**, der vi ser på status knytt til demografi. Deretter ser vi nærare på venta utvikling dei komande åra, før vi avsluttar med mobilitet i arbeidsmarknaden i Sogn og Fjordane. Til større mobilitet desto større blir arbeidsmarknaden, noko som er positivt fordi det då vert eit større mangfald og dynamikk i arbeidsmarknaden. Statistikken underbygger konklusjonen frå førre kapittel om samfunnstrendar.

I andre del av kapittelet ser vi nærare på **næringslivet** vårt. Her ser vi både på utvikling i sysselsettinga i ulike næringar, og korleis den økonomiske utviklinga for næringslivet vårt har vore dei siste åra.

I tredje del av kapittelet ser vi på utviklingstrekk i dei største bransjane våre. Fiskeri, havbruk, reiseliv og energibransjen er alle næringar som er baserte på naturressursane våre. I tillegg ser vi på bygg- og anleggssektoren.

Vi avsluttar kapittelet med å sjå på kultur- og idrettssektoren, der vi har eit fokus på ringverknadane skapt av store arrangement.

SpareBank 1
SOGN OG FJORDANE

4.1
Våre menneskelege ressursar



SpareBank 1
SOGN OG FJORDANE

4.1 Oppsummert



Sjølv om alle kommunane i Sogn og Fjordane er distriktskommunar, er her ganske stor skilnad i befolkningssamansettinga.

I Sogn og Sunnfjord har ein regionsentera Sogndal og Førde. Desse har størst innpendling frå dei næraste kommunane, befolkninga er yngre og dei har størst del sysselsett i offentleg sektor. I Nordfjord er det ikkje eit tydeleg regionsenter. Storleik og demografi i desse kommunane har ikkje så stor variasjon som i dei to andre regionane. Talmaterialet viser at regionssenterrolla med fleire offentlege funksjonar har hatt stor betydning for befolkningssamansetning og utvikling.

Når det gjeld forventa utvikling **framover** samla for Sogn og Fjordane er det venta ein liten nedgang i folketalet. Her er forventa utvikling meir negativ enn samla for landet grunna sentralisering til dei største bysentera.

I heile Sogn og Fjordane er det vidare forventa ein stor auke i tal eldre. Dette vil føre til nedgang i den yrkesaktive delen av befolkninga. Denne trenden er lik over heile landet. Utfordringsbiletet som vi såg i førre kapittel er det same etter at vi har sett konkret på kva som er den statistiske forventninga; **Vi blir stadig fleire eldre, samtidig som dei unge i større grad flyttar til større bysenter. Dette kan skape mangel på arbeidskraft i framtida.**

Dette avsnittet blir avslutta med ein oversikt over korleis regionane fungerer som bu- og arbeidsregionar. Kommunane i Indre Sogn og i Sunnfjord og Ytre Sogn fungerer best som bu- og arbeidsregion fordi pendlinga internt i regionen er størst i desse kommunane.

Kommunane i Nordfjord har ein nokså lik demografi. Regionen har ikkje eit klart regionsenter. Alle kommunane har folketalsvekst.

Kommunane i Nordfjord er relativt like og har såleis også relativt lik demografi. Nedanfor kommenterer vi nokre viktige forhold:

Alle kommunane har opplevd folketalsvekst i perioden 2020 til 2026 (1.kv). Hovudårsaka til folketalsvekst er innvandring. Berre Stad ville hatt ein marginal oppgang i folketal utan innvandring.

Snittalderen i Nordfjord ligg noko over landssnittet på 41,3 år og er relativ lik. Skilnaden i snittalder er på 1 år, der Gloppen har høgast med 43,2 år, medan Stryn er lågast med 42,3. Til samanlikning er tilsvarande skilnad i Sunnfjord og Ytre Sogn på 8 år (Hyllestad 48,4 år mot Førde 40,4 år). Forklaringa er at i Sunnfjord og Ytre Sogn har ein store skilnader mellom regionsenter og meir utkant kommunar.

Netto innvandring og innanlands innflytting viser eit samansett bilete. Stryn har ein relativt høg netto innvandring samanlikna med dei andre kommunen i regionen, men samtidig negativ innanlands flyttebalanse. Stad på den andre sida, har ein positiv innanlands netto innflytting, som styrkar folketalsutviklinga. Gloppen har moderat tilvekst både frå innvandring, og innanlands flytting er i balanse.

Næringsstrukturen i Nordfjord er tydeleg prega av privat sektor, særleg i Stryn der 71 % av dei sysselsette arbeider i privat næringsliv. Stryn har eit sterkt næringsliv der særleg industri og reiseliv gjev høg sysselsetting i privat sektor. Gloppen har høgast del offentleg sysselsette. Sysselsettinga i regionen ligg på eller over landssnittet på 69,7 % i alle tre kommunar, med Stryn høgast på 74 %.

Andelen med høgare utdanning ligg noko under landssnittet på 37,9 % for alle kommunane. Gloppen ligg høgast med 35 %, medan Stryn og Stad har om lag 30 %. Dette speglar ein region med ein sterk privat og næringsretta arbeidsmarknad, der mange jobbar innan industri, reiseliv og andre yrkesfaglege næringar, og i mindre grad i akademiske yrke. Samla sett har Nordfjord relativt god sysselsetting og eit solid privat næringsliv, men eit lågare formelt utdanningsnivå enn landet elles.

	Nordfjord		
	Stryn	Gloppen	Stad
Folketal 1kv 2026	7330	5982	9651
Folketalsvekst 2020 – 2026 (1.kvartal)	2,7%	2,3%	1,9%
Snittalder, 2024	42,3	43,2	42,9
Netto innvandring, 2020 – 2026	375	133	152
Netto innanlands innflytting, 2020 - 2026	-187	1	38
Fødselsoverskot , 2020 – 2026	13	-8	21
Arbeidsforhold privat* vs. offentleg sektor, 2024	71% 29%	60% 40%	63% 37%
Andel sysselsette, 15 – 74 år (2024)	74%	72%	72%
Andel med høgare utdanning, 2024	30%	35%	30%

Kjelde: SSB Tabell 09430 og tabell 01222 SSB

Store skilnader i demografi mellom kommunane. Sunnfjord kommune har ei yngre befolkning, medan dei mindre kommunane i Ytre Sogn har den eldste befolkninga i Sogn og Fjordane.

Fire av ni kommunar har opplevd folketalsvekst i perioden 2020 til 2026 (1.kv), medan dei fem andre har tilbakegong i folketalet. Hovudårsaka til folketalsvekst er innvandring. Berre Sunnfjord kommune ville hatt oppgang i folketalet utan innvandring. Fjaler ville hatt balanse i folketalet, medan dei andre kommunane ville hatt tilbakegang.

Snittalder på befolkninga i Sunnfjord og Ytre Sogn ligg over landssnittet på 41,3 år. Sunnfjord kommune har best demografisk posisjon i regionen, med ein snittalder på 40,4 år, noko som støttar framtidig arbeidskraftgrunnlag i kommunen. Årsaka til den lave gjennomsnittsalderen i Sunnfjord kommune er samansett, men heng truleg saman med ein attraktivt arbeidsmarknad og utdanningstilbod for unge. Nokre av dei mindre kommunane står derimot i fare for svekka berekraft i arbeidsmarknaden dersom utviklinga i alderssamansetning held fram dei kommande åra.

Netto innvandring og innanlands innflytting i Sunnfjord og Ytre Sogn **er** svært ulik. Kinn har i særklasse mest innvandring, men også høgast innanlands utflytting. Alle kommunane i Sunnfjord og Ytre Sogn har netto innanlands utflytting over dei siste 6 åra.

Andel med høgare utdanning i Sunnfjord og Ytre Sogn **ligg under landssnittet** på 37,9 %. Sunnfjord kommune skil seg ut med høgast andel på 36 %, mens Solund og Bremanger skil seg ut med lågast andel på 23 % av befolkninga. Årsaka til at Sunnfjord kommune skil seg ut er at det er mange arbeidsplassar for personar med lengre utdanning i Sunnfjord.

Andel sysselsette i Sunnfjord og Ytre Sogn **ligg på eit normalt nivå** samanlikna med eit nasjonalt nivå på 69,7 %. Dei fleste kommunane ligg omkring tilsvarande nivå. Sunnfjord kommune skil seg positivt ut med ein høgare andel sysselsette på 75 %. Kommunen har også den høgaste andelen sysselsette i offentleg sektor – med et større tal arbeidsplassar knytt til sjukehus og helsesektoren.

	Sunnfjord og Ytre Sogn								
	Sunnfjord	Kinn	Bremanger	Askvoll	Fjaler	Hyllestad	Solund	Gulen	Høyanger
Folketal 1 kv. 2026	22857	17324	3386	2914	2969	1286	737	2317	3903
Folketalsvekst 2020 – 2026 (1.kvartal)	3,6%	0,7%	-6,5%	-3,5%	5,2%	-2,6%	-6,6%	0,8%	-4,7
Snittalder, 2024	40,4	42,1	46,7	45,5	42	48,4	48,1	45,1	46,6
Netto innvandring, 2020 - 2026	339	1307	32	80	164	18	24	96	110
Netto innanlands innflytting, 2020 – 2026	-18	-1136	-123	-75	-2	-6	-52	-57	-165
Fødseloverskot, 2020 - 2026	508	-57	-150	-106	4	-53	-36	-20	-140
Arbeidsforhold privat* vs. offentleg sektor, 2024	56% 44%	68% 32%	64% 36%	59% 41%	59% 41%	61% 39%	63% 37%	62% 38%	59% 41%
Andel sysselsette, 15 – 74 år (2024)	75%	69%	68%	68%	67%	65%	68%	72%	66%
Andel med høgare utdanning, 2024	36%	29%	23%	28%	31%	25%	23%	27%	25%

Kjelde: SSB, tabell 01222 (netto innvandring og innlands innflytting), tabell 13536 (snittalder), Tabell 13472, 07459 (sysselsetting, privat vs. offentleg sektor)

Kjelde: Kinn.kommune.no, Befolkningsutvikling i Kinn kommune 2024-2050, Tabell 09430 SSB

Indre Sogn har god vekst i folketalet. Hovudårsaka er innvandring. Luster og Lærdal skil seg ut gjennom at dei også har netto innanlands innflytting.

Fire av seks kommunar har opplevd folketalsvekst i perioden 2020 til 2026 (1.kv), medan dei to andre har tilbakegong i folketalet. Hovudårsaka til folketalsvekst er innvandring. Berre Lærdal og Luster ville hatt oppgang i folketalet utan innvandring.

Snittalderen i Indre Sogn ligg gjennomgåande over landssnittet på 41,3 år. Sogndal skil seg positivt ut med lågast snittalder på 40,3 år, noko som truleg heng saman med utdanningsmiljøet og ein variert arbeidsmarknad som tiltrekker seg yngre innbyggjarar. Vik, Årdal og Lærdal har høgare snittalder, noko som kan peike mot ei meir aldrande befolkning og risiko for svekka berekraft i arbeidsmarknaden på lengre sikt.

Netto innvandring og innanlands innflytting varierer mellom kommunane. Sogndal har klart høgast netto innvandring, medan Luster og Lærdal har positiv innanlands tilflytting. Luster har felles arbeidsmarknad med Sogndal og mange som bur i Luster arbeider såleis i Sogndal. Dette kan vere med å forklare høg netto innanlands flytting til Luster. Sogndal, Vik og Aurland har negativ innanlands flyttebalanse.

Andel med høgare utdanning i Indre Sogn ligg generelt noko lågare enn landssnittet på 37,9 %, men Sogndal skil seg tydeleg positivt ut med ein andel på 44 %, i tråd med rolla som regionalt utdannings- og kompetansesenter. Årdal og Vik ligg lågare, med ein meir tradisjonell og industriprega arbeidsmarknadsprofil.

Sysselsettinga i regionen ligg på eit nivå som er om lag på lik linje med landssnittet på 69,7 %, men med klare skilnader mellom kommunane. Luster, Sogndal, Vik og Aurland har ein høg andel sysselsette på rundt 73 - 74 %, medan Lærdal og særleg Årdal ligg lågare. Årdal har samtidig ein høg del arbeidsforhold i privat sektor, noko som speglar ein næringsstruktur med sterkt innslag av industri og større sårbarheit for omstilling.

Kjelde: SSBTabell 09430 SSB

	Indre Sogn					
	Luster	Sogndal	Vik	Aurland	Lærdal	Årdal
Folketal 1 kv. 2026	5488	12599	2523	1878	2226	5154
Folketalsvekst 2020 – 2026 (1.kvartal)	6,1%	6,2%	-4,0%	5,5%	4,4%	-0,9%
Snittalder, 2024	42,8	40,3	46	43,6	44,6	45,2
Netto innvandring, 2020 - 2026	78	799	33	192	61	106
Netto innanlands innflytting, 2020 - 2026	207	-347	-64	-89	69	-2
Fødseloverskot, 2020 - 2026	27	292	-79	-7	-28	-146
Arbeidsforhold privat* vs. offentleg sektor, 2024	56% 44%	49% 51%	56% 44%	51% 49%	53% 47%	65% 35%
Andel sysselsette, 15 – 74 år (2024)	73%	74%	73%	73%	69%	66%
Andel med høgare utdanning, 2024	32%	44%	28%	32%	31%	26%

Kjelde: SSB, tabell 01222 (netto innvandring og innlands innflytting), tabell 13536 (snittalder), Tabell 13472, 07459 (sysselsetting, samt privat vs. offentleg sektor)

Alle tre regionane har hatt folketalsvekst dei siste 6 åra. Regionssentera skil seg ut.

Folketalet i Sogn og Fjordane auka med 1,9 % frå 1.1.2020 til 1.4.2026. I same periode var netto innvandring på 4.099. Utan denne innvandringa ville folketalet gått tilbake.

Nordfjord har ein folketalsauke på 2,3 %. Utan innvandring ville folketalet gått attende grunna netto innanlandsutflytting. Regionen har eit lite fødeloverskot. Kommunane er relativt like. Stryn skil seg noko ut gjennom større innvandring enn i dei to andre kommunane.

Folketalsveksten er lågast i **Sunnfjord og Ytre Sogn**. Den klart største regionen i Sogn og Fjordane hadde høg netto innanlands flytting, med ei nettoutflytting på 1 634. Dei to andre regionane hadde langt lågare grad av flytting til andre stader i Noreg. Sunnfjord og Ytre Sogn er også den einaste av dei tre regionane som har eit negativt fødselsoverskot. **Den største kommunen i regionen, Sunnfjord kommune,** skil seg likevel frå dei fleste av granne-kommunane gjennom stort fødeseloverskot og ei netto innanlands flytting som nesten er i balanse. Fødselsoverskot fører såleis til at Sunnfjord kommune ville ha vakse også utan innvandring dei siste 6 åra. Det er såleis dei andre kommunane i regionen som gjev regionen Sunnfjord og Ytre Sogn ein negativ trend.

Indre Sogn har høgast folketalsvekst med ein vekst på 3,8 %. Hovudårsaka til at Indre Sogn skil seg ut er at regionen har den høgaste graden av innvandring. Regionen har også det største fødeloverskotet. Også i Indre Sogn skil **den største kommunen Sogndal** seg ut. Sogndal kommune har stor innvandring. Sjølv om Sogndal kommune har eit stort fødeloverskot er netto innanlandsutflytting høgare. Kommunen ville difor hatt tilbakegong i folketalet utan innvandring. Vekstsenteret Sogndal er difor nær ein situasjon der ein kan få tilbakegang i folketalet. **Luster kommune** er i same bu- og arbeidsregion som Sogndal, og mange busette i Luster pendlar til Sogndal. Luster har vakse omlag like mykje som Sogndal og har ei større grad av innanlands tilflytting. Veksten i Sogndal har såleis gitt vekst også i Luster. Samla sett ville Luster og Sogndal vakse utan innvandring. Samla sett har såleis **Luster og Sogndal ei utvikling som er lik den Førde har opplevd dei siste 6 åra.**

	Nordfjord	Sunnfjord og Ytre Sogn	Indre Sogn	Sogn og Fjordane
Folketal 1 kv. 2026	22963	57693	29868	110524
Folketalsvekst 2020 – 2026 (1.kvartal)	2,3%	0,8%	3,8%	1,9%
Netto innvandring, 2020 - 2026	660	2170	1269	4099
Netto innanlands innflytting, 2020 - 2026	-148	-1634	-226	-2008
Fødseloverskot, 2020 – 2026	26	-50	59	35

Folketalsvekst 2020 til 2026:

Landet	5,0 %
Sogn og Fjordane	1,9 %

Veksten er størst i og rundt Oslo.

Kjelde: SSB, tabell 01222 (netto innvandring og innlands innflytting).

Folketalsframskriving for Nordfjord viser ein reduksjon i folketalet på 1 % frå 2024 til 2050


Prognosar for den demografiske utviklinga i Nordfjord viser ein **reduksjon i folketalet på 1 %,** kombinert med ein **auka andel eldre****.

Den eldre delen av befolkninga i Nordfjord kjem til å auke frå 6 % i 2024, til 12 % av den totale befolkninga i regionen i 2050. Dette er ein vesentleg auke i prosentandelen eldre i regionen.

Samtidig kjem tal yrkesaktive* per eldre til å verte redusert frå over 11 yrkesaktive per eldre i 2024, til om lag 5 yrkesaktive per eldre i 2050.

**Tal i alderen 16 – 64 år*
***Tal i alderen + 80 år*

	2024	2050	% endring frå 2024
< 16 år	4 216	3 743	- 11 %
16 - 64	13 498	12 237	- 9 %
65 - 79	3 741	3 824	+ 2 %
> 79 år	1 352	2 695	+ 99 %



Kjelde: SSB, tabell 07459 (befolkning alder), 14288 (framskriven folkemengd)

Folketalsframskriving for Sunnfjord og Ytre Sogn viser ein reduksjon i folketalet på 3 % frå 2024 til 2050

Prognosar for den demografiske utviklinga i Sunnfjord og Ytre Sogn viser ein **reduksjon i folketalet på 3 %**, kombinert med ein **auka andel eldre**.**

Den eldre delen av befolkninga i Sunnfjord og Ytre Sogn kjem til å auke frå 6 % i 2024, til 12 % av den totale befolkninga i regionen i 2050. Dette tilsvarar ei dobling i prosentandelen eldre i regionen.

Samtidig kjem tal yrkesaktive* per eldre til å verte redusert frå over 12 yrkesaktive i 2024, til om lag 5 yrkesaktive per eldre i 2050. Denne utviklinga er lik det vi ser i Nordfjord.

**Tal i alderen 16 – 64 år*
***Tal i alderen + 80 år*

	2024	2050	% endring frå 2024
< 16 år	10 264	8 933	- 13 %
16 - 64	34 627	30 208	- 13 %
65 - 79	9 138	9 522	+ 4 %
> 79 år	3 148	6 583	+ 109 %



Kjelde: SSB, tabell 07459 (befolkning alder), 14288 (framskriven folkemengd)

Folketalsframskriving for Indre Sogn viser ei auke i folketalet på 2 % frå 2024 til 2050


Prognosar for den demografiske utviklinga i Indre Sogn viser ein **vekst i folketalet på 2 %,** kombinert med ein **auka andel eldre****.

Den eldre delen av befolkninga i Indre Sogn kjem til å auke frå 6 % i 2024, til 11 % av den totale befolkninga i regionen i 2050. Dette er ein vesentleg auke i prosentandelen eldre i regionen.

Samtidig kjem tal yrkesaktive* per eldre til å verte redusert frå over 10 yrkesaktive per eldre i 2024, til omlag 5 yrkesaktive per eldre i 2050.

**Tal i alderen 16 – 64 år*
***Tal i alderen + 80 år*

	2024	2050	% endring frå 2024
< 16 år	5 219	5 001	- 4 %
16 - 64	17 803	17 007	- 4 %
65 - 79	4 662	4 732	+ 2 %
> 79 år	1 756	3 293	+ 88 %



Kjelde: SSB, tabell 07459 (befolkning alder), 14288 (framskriven folkemengd)

Prognosane viser at alle regionar får svekka arbeidsstyrken

Utviklinga i Indre Sogn, Nordfjord og Sunnfjord og Ytre Sogn skil seg frå den nasjonale utviklinga på fleire område, og heng tett saman med urbanisering. Det kan bli utfordrande med rekruttering grunna svekka tilgang på arbeidskraft.

Indre Sogn skil seg ut med ei positiv utvikling i folketalet fram mot 2050, medan både Sunnfjord og Ytre Sogn, samt Nordfjord er venta å få ein nedgang i folketalet på høvesvis 3 og 1 %. Dette står i motsetnad til utviklinga på fylkesnivå i Vestland, som totalt sett er framskrive å auke med omlag 6,2 % i same periode, samt den nasjonale framskrivinga som syner ein folketalsvekst på om lag 11 % fram mot 2050. (SSB, tabell 14288)

Dei regionale skilnadene i folketalsutvikling er ein del av ein nasjonal trend, der byar og meir **sentrale strøk får den sterkaste veksten**, medan mange **distriktskommunar opplever nedgang i folketalet**. Urbanisering er ein velkjent, global utfordring, som påverkar både folketalsutvikling og alderssamansetjing i distriktskommunane. SSB peikar på at om lag 40 % av norske kommunar vil få redusert folketal fram mot 2050. (SSB, regionale befolkningsframskrivinger). Vi ser dei same trendane lokalt der regionssentera og kringliggande kommunar skil seg ut i positiv retning i høve folketalsutvikling.

Samtidig viser både nasjonale og regionale analyser at befolkningsstrukturen endrar seg vesentleg. Aldringa av befolkninga er ei av dei mest krevjande utviklingslinjene for kommunar og regionar. SSB si framskriving syner at talet eldre over 80 år, vil doble seg innan 2050 (SSB, Tabell 14282). Forsørgarbyrda aukar kraftig over heile landet, men mest i distrikta. NAV sitt demografiverktøy viser at dei minst sentrale kommunane i langt større grad får ein høg andel eldre, samtidig som gruppa i yrkesaktiv alder minkar. Allereie i dag er fleire kommunar avhengige av innvandring for å halde folketalet oppe, men arbeidsinnvandringa har falle med 41 % dei siste ti åra (NAV, Demografiverktøy).

Dette inneber at talet på arbeidsdyktige per pleietrengande eldre er venta å falle kraftig. Den nasjonale framskrivinga viser ein nedgang frå om lag 14 arbeidsdyktige per pleietrengande eldre i dag, til rundt 6 i 2050 (Tabell 14282). Dette understrekar at utfordringa ikkje berre er regional – men nasjonal og strukturell.

Befolkningstal nasjonalt:

	2024	2050	% endring frå 2024
< 16 år	911 128	922 112	+ 1 %
16 - 64	3 534 754	3 611 867	+ 2 %
65 - 79	779 683	962 560	+ 23 %
> 79 år	256 485	585 876	+ 128 %

% endring frå 2024 til 2050	Indre Sogn	Sunnfjord og Ytre Sogn	Nordfjord
< 16 år	- 4 %	- 13 %	- 11 %
16 - 64	- 4 %	- 13 %	- 9 %
65 - 79	+ 2 %	+ 4 %	+ 2 %
> 79 år	+ 88 %	+ 109 %	+ 99 %

Kjelde: SSB, tabell 07459 (befolkning alder), 14288 (framskrevet folkemengde), 14282 (framskrevet folkemengde), NAV, Demografiverktøy

Bu- og arbeidsmarknadsregionen Nordfjord

Trass at regionen har relativt korte reiseavstandar mellom kommunesentera er det lite pendling mellom kommunane.

Til større og meir integrert ein bu- og arbeidsmarknadsregion er til større tilbod har arbeidstakarane med omsyn til å få ønska arbeid i regionen og til enklare blir det å skifte arbeid utan å måtte flytte ut av regionen.

I Nordfjord er det samla 11.837 arbeidstakarar som bur i regionen, medan det er 10.969 arbeidsplassar i regionen. Det er såleis ei netto utpendling frå regionen på 868 personar.

Stad kommune har den største arbeidsmarknaden. Dei tre kommunesentera ligg klart innanfor same bu- og arbeidsregion målt i reisetid. Reiseavstanden frå Stryn til Nordfjordeid er på i underkant av 45 minutt, medan reiseavstanden frå Sandane til Nordfjordeid er på om lag 30 minutt. Reiseavstandane skulle tilseie at dette er ein bu- og arbeidsregion. Som oversikten viser er det likevel avgrensa pendling mellom desse kommunane. Årsaka er truleg at kommunane er nokså like og at det i kvar av kommunane er eit bra utval arbeidsplassar til innbyggarane.

Pendling ut frå kommunane og regionen skjer i hovudsak til dei nærliggande kommunane (Kinn og Sunnfjord), men det er også stor del «lang-pendling» spreidd utover heile landet.



Norfjordeid	Reisetid
Stryn	43 min
Sandane	30 min

Kjelde: SSB, Tabell 11616 (2025), Google maps

Bu- og arbeidsmarknadsregionen Sunnfjord og Ytre Sogn


Dette er den største bu- og arbeidsregionen i fylket med stor pendling mellom fleire av kommunane.

Til større og meir integrert ein bu- og arbeidsmarknadsregion er til større tilbod har arbeidstakarane med omsyn til å få ønska arbeid i regionen og til enklare blir det å skifte arbeid utan å måtte flytte ut av regionen.

I Sunnfjord og Ytre Sogn er det samla 29.963 arbeidstakarar som bur i regionen, medan det er 28.930 arbeidsplassar i regionen. Det er såleis ei netto utpendling frå regionen på 1.033 personar.

Sunnfjord kommune har den største arbeidsmarknaden. Det er relativ stor pendling til Sunnfjord kommune frå Kinn, Askvoll, Fjaler og Høyanger. Dette er kommunar som grenser til Sunnfjord og avstandane er relativt korte. Pendlinga viser at desse kommunane ligg innanfor ein naturleg bu- og arbeidsmarknad. Denne bu- og arbeidsmarknaden er den klart største i Sogn og Fjordane. At pendlinga er større i denne regionen enn i Nordfjord skuldast nok det stort utval i arbeidsplassar i regionsenteret og at Florø også har god breidde i arbeidsplassar.

Kommunane Solund og Hyllestad har stor avstand til næraste senter. Dette er truleg ei årsak til at desse kommunane har høg gjennomsnittsalder og stor nedgang i folketalet (jf forrige avsnitt). Gulen er meir kopla til arbeidsmarkanden mot sør i Hordaland.



Førde	Reisetid
Florø	48 min
Askvoll	62 min
Dale	44 min
Høyanger	57 min
Svelgen	74 min
Hyllestad	79 min
Harbakke	170 min
Eivindvik	125 min

Kjelde: SSB, Tabell 11616 (2025), Google maps


Bu- og arbeidsmarknadsregionen Indre Sogn

Stor pendling mellom Luster og Sogndal. Sognefjorden er ei barriere for pendling mellom dei andre kommunane og regionsenteret Sogndal.

Til større og meir integrert ein bu- og arbeidsmarknadsregion er til større tilbod har arbeidstakarane med omsyn til å få ønska arbeid i regionen og til enklare blir det å skifte arbeid utan å måtte flytte ut av regionen.

I Sunnfjord og Ytre Sogn er det samla 15.393 arbeidstakarar som bur i regionen, medan det er 15.382 arbeidsplassar i regionen. Det er såleis ei netto utpendling frå regionen på 11 personar. Det er Sogndal som har langt fleire sysselsette i kommunen enn arbeidstakarar busett i kommunen. Ei nærliggande forklaring er at Sogndal er ein skulestad der mange studentar har anna heimeadresse enn Sogndal.

Arbeidsmarknaden i Indre Sogn er prega av at det er stor pendling mellom Luster og Sogndal. Årsaka er at her er det korte ferjefrie reiseavstandar. Mellom regionsenteret og dei andre kommunane vil pendling medføre kryssing av Sognefjorden, noko som ser ut til å vere ei barriere.



Sogndal	Reisetid
Gaupne	31 min
Vik	78 min
Årdal	51 min
Lærdal	39 min
Aurland	71 min

Kjelde: SSB, Tabell 11616 (2025), Google maps

4.2
Næringslivet vårt



SpareBank 1
SOGN OG FJORDANE

4.2 Oppsummert

Næringslivet i Sogn og Fjordane er i vekst, men utviklar seg ulikt mellom regionane.

Næringslivet i Sogn og Fjordane har hatt vekst i omsetning i alle tre regionar sidan 2020, men med tydelege skilnader i lønsemd og næringsstruktur. Til saman er nær 55 400 personar sysselsette i fylket, og alle regionane har hatt moderat sysselsetjingsvekst i perioden.

Indre Sogn er den sterkaste vekstregionen med markant framgang i både omsetning og lønsemd, medan Sunnfjord og Ytre Sogn viser ei stabil og brei utvikling med solid grunnmur i basisnæringar. Nordfjord skil seg ut med høgast del eksportsysselsette og har hatt ei meir krevjande utvikling, der særleg dei mindre verksemdene har opplevd fall i lønsemd trass i vekst i omsetning.

Samanlikninga med landet elles viser at vi har same veksttakta som landet, men lønsemda viser ei svakare utvikling. Berre verksemdene i Sogn har større veksttakt både på inntekter og lønsemd.

SpareBank 1 SOGN OG FJORDANE

Sysselsetting i Nordfjord


Næringslivet i Nordfjord har høgast del sysselsette i eksportretta næringar*, noko som gjer regionen avhengig av marknader utanfor regionen. Tala viser at eksportretta næring står for 1/3 av sysselsettinga i 2024, medan 2/3 kjem frå basisnæringane. Nordfjord har den høgste delen sysselsette i eksportnæringane av dei tre regionane.


Samla er det sysselsett 11 049 personar med arbeidsstad i Nordfjord. Dette er ein auke på 232, eller 2,1 % sidan 2020.

Tenesteyting aukar, medan det er noko tilbakegang i sysselsette knytt til industri.

*Eksportretta næringar er i denne samanheng definert som næringar som i hovudsak har kundar utanfor sin eigen region. Vi har lagt til grunn at dette inkluderer bransjane industri, jordbruk, skogbruk, fiske, transport, overnatting, informasjon og kommunikasjon, elektrisitet og bergverk.

Kjelde: SSB tabell 07984





- Stad kommune har den lågaste andelen sysselsette i eksportnæringar med 26,4 %. Samla tal sysselsette med arbeidsstad i Stad kommune er 4 344. Dette er ein auke på 66 (+ 1,5 %) sidan 2020.
- Gloppen kommune har ein andel sysselsette i eksportnæringar på 33,2 %. Samla tal sysselsette med arbeidsstad i Gloppen kommune er 2 831. Dette er ein auke på 70 (+ 2,4 %) sidan 2020.
- Stryn kommune har høgste andel sysselsette i eksportnæringar med 40,4 %. Stryn har mykje industriarbeidsplassar og høg sysselsetting innan reiseliv. Samla tal sysselsette med arbeidsstad i Stryn kommune er 3 874. Dette er ein auke på 96 (+ 2,6%) sidan 2020.


Sysselsetting i Sunnfjord og Ytre Sogn


Næringslivet i Sunnfjord og Ytre Sogn har litt lågare del sysselsette i eksportretta næringar*.
Dei eksportretta næringane innan kystnæringane har ofte høg omsetning per sysselsett. Slik sett er regionen difor avhengig av marknader utanfor regionen. Tala viser at eksportretta næring står for 29 % av sysselsettinga i 2024, medan 71 % kjem frå basisnæringane.

Samla er det sysselsett 28 983 med arbeidsstad i Sunnfjord og Ytre Sogn. Dette er ein auke på 362, eller 1,2 % sidan 2020.

Bygg- og anlegg samt handel er redusert, medan det er størst oppgang i sysselsetting innan offentlege sektor, jordbruk, skogbruk og fiske.

*Eksportretta næringar er i denne samanheng definert som næringar som i hovudsak har kundar utanfor sin eigen region. Vi har lagt til grunn at dette inkluderer bransjane industri, jordbruk, skogbruk, fiske, transport, overnatting, informasjon og kommunikasjon, elektrisitet og bergverk.





- Sunnfjord kommune, som har regionsenterfunksjonar, har svært høg andel sysselsette i basisnæringane (82,3 %). Kommunen har 12 659 arbeidsplassar, noko som er ein auke på 3,5 % sidan 2020.
- Kinn, Gulen, Hyllestad, Høyanger, Askvoll og Bremanger er eksportkommunar der alle har over 35 % sysselsette i eksportnæringar. Desse kommunane har berre minimale endringar i sysselsettinga samla sett sidan 2020.
- Fjaler og Solund har under gjennomsnittet del eksportarbeidsplassar. Solund er ein liten kommune, medan det i Fjaler er mange arbeidsplassar knytt til UWC i Fjaler og rehabiliteringssenteret til Røde Kors.

Kjelde: SSB tabell 07984


Sysselsetting i Indre Sogn


Næringslivet i Indre Sogn har lågast del sysselsette i eksportretta næringar*. Tala viser at eksportretta næring står for knappe 25 % av sysselsettinga i 2024, medan vel 75 % kjem frå basisnæringane.

Samla er det sysselsett 15 376 med arbeidsstad i Indre Sogn. Dette er ein auke på 504, eller 3,3 % sidan 2020. Dette viser at sysselsettinga i Indre Sogn har vakse meir enn i Nordfjord og Sunnfjord og Ytre Sogn.

Spesielt reiseliv, offentleg sektor, industri og primærnæringane aukar, medan bygg og anlegg samt varehandel går tilbake.

*Eksportretta næringar er i denne samanheng definert som næringar som i hovudsak har kundar utanfor sin eigen region. Vi har lagt til grunn at dette inkluderer bransjane industri, jordbruk, skogbruk, fiske, transport, overnatting, informasjon og kommunikasjon, elektrisitet og bergverk.





- Sogndal kommune, som har regionsenterfunksjonar, har svært høg andel sysselsette i basisnæringane (86,1 %). Kommunen har 7 399 arbeidsplassar, noko som er ein auke på nær 6 % dei siste åra.
- Årdal har 50 % eksportretta arbeidsplassar. Heile 44 % er sysselsett i industrien. Alle andre kommunar i Indre Sogn har under 35% eksportretta arbeidsplassar.
- Lærdal har også overvekt i basisnæringane. 36 % er sysselsett innan helse- og sosialtenester. Dette viser at Lærdal sjukehus er viktig for sysselsettinga i kommunen.

Kjelde: SSB tabell 07984

Regionane har jamt over høg andel sysselsette, men med nokre skilnader i fordeling på næringar mellom regionane.

Samtlege regionar har eit høgt tal sysselsette innan helse og sosialtenester.


I følgje Helsedirektoratet utgjer helse- og omsorgstenesta mellom 15 - 20 % av dei sysselsette i Noreg. Denne andelen kjem til å auke vidare som følgje av den demografiske utviklinga.

Sunnfjord og Ytre Sogn skil seg ut med den høgaste andelen sysselsette i helse og sosialtenesta, med 29 % av den totale sysselsettinga i regionen. Hovudårsaka til at andelen er høgast her er nok at Førde sentralsjukehus er lokalisert i Førde.


Andre skilnader mellom regionane i sysselsetting er:


- Industri er klart størst i Nordfjord.
- Næringsmiddelindustrien er viktig med Tine Meierier, Nordfjord Kjøtt og fiskeindustri på kysten.
- Bygg og anlegg er størst i Sunnfjord.
- Primærnæringane er klart mindre i Indre Sogn enn i dei to andre regionane. Årsaka er nok at fiske ikkje er ei næring i Indre Sogn.

Kjelde: SSB tabell 07984



Næringslivet i Sogn og Fjordane har samla sett hatt ei auke i omsetning dei siste åra på 46 %. Høgast vekst for dei største bedriftene.





Næringslivet i Sogn og Fjordane har hatt ein klar vekst i omsetning dei siste fem åra, særleg blant dei største verksemdene (meir enn 150 MNOK i inntekter) der veksten har vore på 57 %. Veksten blant verksemdene med omsetning under 150 MNOK har vore lågare (34 %).

Driftsresultatet har samla gått opp med 46 % i same periode. Når det gjeld lønsemd er skilnaden mellom dei større verksemdene og dei mindre enno tydlegare. Veksten i driftsresultat for dei største verksemdene har vore på 76 %, medan dei mindre verksemdene har hatt 11 % auke.

Utviklinga viser såleis at konkurransekrafta og verdiskapinga aukar mest hos dei større verksemdene. Dei mindre verksemdene slit meir, spesielt når det gjeld utvikling i lønsemd.

I det følgande vil vi sjå nærare på korleis utviklinga har vore i forhold til resten av landet. Deretter går vi nærare inn på utviklinga i våre tre regionar, før vi til sist ser nærare på nokre viktige bransjar.

(Merknad: Vi startar tidsserien vår i 2020. Dette var det året som Covid pandemien. Vi har derfor også undersøkt 2019 samla for Sogn og Fjordane. Frå 2019 til 2020 auka driftsresultatet med 0,1%, medan omsetning auka med 1,7%. Det ville såleis ikkje blitt store forskjellar om ein hadde valt 2019 som startår i staden for 2020. Alle tal er i nominelle kroner.)

* Kjelde Proff forvalt. Selskap med hovudkontor i regionen er inkludert.

Utvikling i næringslivet* i Sogn og Fjordane samanlikna med landet viser at vi har ein vekst lik heile landet, men utvikling i lønsemd er svakare i vår region

Nøkkeltal Sogn og Fjordane:

Auke inntekter 2020 – 2024:	57 %
Auke driftsresultat 2020 – 2024:	78 %
Driftsmargin 2020:	6,9 %
Driftsmargin 2024:	7,8 %

Nøkkeltal landet
(utanom utvinning olje og gass):

Auke inntekter 2020 – 2024:	56 %
Auke driftsresultat 2020 – 2024:	97 %
Driftsmargin 2020:	7,0 %
Driftsmargin 2024:	8,9 %

Samanlikna med gjennomsnittet i landet held Sogn og Fjordane følgje med utviklinga når det gjeld inntekter. Vi har derimot svakare utvikling i driftsresultat enn landet. Dette har ført til at driftsmarginen vår har gått frå å vere nesten lik landet sin driftsmargin i 2020 til å ligge 1,1 % bak i 2024.

Det er berre fylka langs kysten frå Telemark til Nordland som har høgare vekst i både inntekter og driftsresultat enn gjennomsnittet i landet. Dette er fylke som har rik tilgang på naturressursar i form av at dei er kystnære og har stor produksjon av fornybar energi. Eit fellestrekk for fylka som har størst vekst i verdiskaping er såleis at dei er har store naturressursar og eit eksportorientert næringsliv. Ei forklaring er at det eksportretta næringslivet har fått ein ekstra oppgang grunna at kronekursen har svekka seg i perioden.

«Næringslivet i Sogn og Fjordane har sidan 2020 gjort det svakare enn andre kystregionar som det er naturleg å samanlikne seg med»

* Kjelde Proff forvalt. Nøkkeltal er for alle AS og ASA med omsetning over 150 MNOK.
Adresse på hovudkontor avgjer kvar tal blir innrekna. Vi har ekskludert utvinning av olje og gass frå samanlikninga.

I Nordfjord er utvikling i inntekter og lønsemd svakare enn i resten av Sogn og Fjordane


Spesielt dei mindre verksemdene i Nordfjord har hatt ei utfordrande utvikling dei siste åra


Samla har regionen auka omsetninga med 33 %, men driftsresultat viser ein meir negativ trend. Det samla driftsresultatet har falle med 7 %. Nedgangen er noko påverka av eingongshendingar, men lønsemda har uansett utvikla seg svakare enn dei to andre regionane (korrigert for ei større eingongshending ville det vore vekst i lønsemd på 5%). Dette peikar på at kostnadspress og marginfall har påverka fleire bransjar og verksemder i regionen.

For dei større verksemdene er biletet meir nyansert. Omsetninga har auka med 44 %, men veksten har stagnert dei siste åra. Driftsresultatet har auka med 40 % frå 2020 til 2024, men med eit tydeleg topp i 2022.

Situasjonen er mest krevjande for dei mindre verksemdene i Nordfjord. Dette viser at desse verksemdene er særleg sårbare for kostnadsauke og svikt i etterspurnaden.

Kjelde Proff forvalt. Selskap med hovudkontor i regionen er inkludert.






I Sunnfjord / Ytre Sogn har det vore ei meir stabil positiv utvikling


Samla har regionen auka omsetninga med 50 % sidan 2020, medan driftsresultatet har auka med 43 %. Dette viser ei brei styrking av lønsemda i regionen.

Dei større verksemdene er framleis den fremste drivkrafta i utviklinga. Dei har løfta omsetninga med 59 %, og driftsresultatet har hatt ei klar og jamn oppgang gjennom perioden – med ei samla styrking på 61 % frå 2020 til 2024. Utviklingskurva er stabil utan store svingingar, noko som tyder på robustheit og god drift i dei største selskapa.

For dei mindre verksemdene er veksten meir moderat. Omsetninga har auka med 36 %, og driftsresultatet har styrka seg med 10 % frå 2020 til 2024. Samanlikna med dei større verksemdene er resultatutviklinga her jamnare og flatare.

* Kjelde Proff forvalt. Selskap med hovudkontor i regionen er inkludert.





Sogn har høgast vekst for både inntekter og lønsemd


Næringslivet i Indre Sogn er mindre enn i Nordfjord og Sunnfjord/Ytre Sogn, men har heilt klart den mest positive trenden.


Samla har regionen auka omsetninga med 66 %, medan driftsresultatet har stige med 186 %. Dei største verksemdene er hovuddrivkrafta bak veksten, med meir enn ei dobling i omsetning og ei markant betring i driftsresultat.

Dei største verksemdene skil seg særleg ut. Omsetninga deira har auka med 99 %, og resultatutviklinga har vore solid gjennom heile perioden. Driftsresultatet har stige med 420 % frå 2020 til 2024. Trass ei viss utflating mot slutten av perioden ligg resultata framleis på eit klart høgare nivå enn tidlegare.

Dei mindre verksemdene har også hatt ei positiv utvikling. Omsetninga har auka med 56 %, og driftsresultatet har styrkt seg med 104 %.

* Kjelde Proff forvalt. Selskap med hovudkontor i regionen er inkludert.





4.3
Bransjeanalyse



4.3 Oppsummert

Dei viktigaste bransjane våre er basert på naturressursane våre

Fiskeri, havbruk, reiseliv og energibransjen er alle næringar som er baserte på naturressursane våre. Alle desse næringane har opplevd ein vekst i perioden 2020 til 2024 som er høgare enn gjennomsnittet i fylket og landet. Desse næringane har såleis blitt viktigare for regionen vår. Utanom fiskeri har alle desse næringane også fått auka lønsemda langt utover gjennomsnittet for heile næringslivet både i landet og lokalt i vår region. Dette viser at verdiskapinga som er tufta på naturressursar har blitt viktigare.

Utvikling 2020 – 2024 alle verksemder uavhengig av storleik:

	Inntekter	Driftsresultat	Driftsmargin 2024
Fiskeri	57 %	-39 %	10,1 %
Havbruk	98 %	179 %	14,0 %
Reiseliv	117 %	Frå underskot til overskot	6,6 %
Energi	201 %	317 %	24,0 %
Alle bedrifter i regionen	46 %	46 %	8,7 %

SpareBank 1 SOGN OG FJORDANE

Bygg og anlegg opplever tøffe tider

Sjølv om bygg og anlegg har vakse sidan 2020 er trenden at tidene har blitt tøffare for bransjen. Nedanfor følgjer ei oversikt over nokre drivarar som har gjort at tidene er tøffare, samt nokre drivarar som viser at det er moglegheiter i bransjen.

Utfordringar for bransjen:

- **Folketalsutvikling** påverkar behovet for bustader, arbeidsplassar og infrastruktur. Folketalsveksten er variabel, men har vore lågare den siste perioden.
- **Makroøkonomiske forhold** knytt til renter, inflasjon, valuta og byggekostnadar har gitt lågare etterspurnad.
- **Geopolitikk og handelspolitikk** skaper usikkerheit som er uheldig for viljen til å investere.
- **Kommunale investeringar** vil truleg bli redusert som følgje av svakare kommuneøkonomi og mindre folketalsvekst.


Moglegheiter i bransjen:

- Stort behov for **investeringar i infrastruktur** knytt til vatn/avlaup, energi, skred- og flaumsikring og til dels samferdsle.
- **Miljøkrav og høge energiprisar** vil truleg føre til høgare investeringar i rehabilitering av bygg og enøk tiltak.
- Store industriprosjekt som **Lefdal Mine** og **Nordic Mining** har gitt auke i etterspurnad. Industriprosjekta kan skape vekst også framover.

Samla sett må ein nok vente ein nedgang i etterspurnaden i den komande perioden grunna desse drivarane. At aktiviteten har vore god fram til og med 2024 skuldast truleg delvis at det tek lang tid frå ei avgjersle om å investere til investeringa er gjennomført.

Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking


Omsetning *



38 % auke i omsetning 2020 – 2024.

Lik vekst i alle regionar. Veksten er avtakande.

Driftsresultat *



Driftsresultat er svekka etter toppåret 2022.

Nedgang både i Indre Sogn og Sunnfjord og Ytre Sogn, medan Nordfjord har styrka lønsemda med 50 % i perioden 2020 til 2024.

Kven har lukkast dei siste åra:

- Større verksemder som også leverer i betong, eksporterer ut av regionen og som satsar på offentlege bygg, næringsbygg og industri.
- Verksemder som er spesialisert på til dømes elektro og automasjon, og som også eksporterer ut av regionen.

* Kjelde: Proff Forvalt. Selskap med hovudkontor i regionen er inkludert. Bygg og anlegg omfattar verksemder som driv med alt frå grunnarbeid til oppføring av bygg og ulikt installasjonsarbeid.

I fiskeri blir det færre lokale aktørar fordi dei sel båtar ut av regionen

Bransjen har vokse, men lønsemda har gått ned sidan 2020. Nedanfor følgjer ei oversikt over nokre drivarar som har gjort at tidene er tøffare, samt nokre drivarar som viser at det er moglegheiter i bransjen.


Utfordringar for bransjen:

- Kvotenedgang alle fiskeslag i 2025 og 2026 gjer at inntektene er venta å bli redusert. Auke i havtemperatur skaper risiko for nedgang i fiskebestandar.
- Kostnadsauke på kapital og energi er utfordrande for bransjen.
- Kan få ikkje regulert fiske om fiskerisamarbeidet med Russland bryt saman.
- Oppgang i kvoteverdiar og generasjonsskifte har gjort at det er færre båtar som er heimehøyrande i Sogn og Fjordane.
- Rekrutteringsutfordringar i delar av bransjen, spesielt maskinistar.
- CO_2 avgift svekker konkurransekraft samanlikna med naboland.


Moglegheiter i bransjen:

- **Stor etterspørsel** internasjonalt etter fisk.
- **Høge prisar på fiskekvotar** viser at det er framtidstru i bransjen.

Det har vore ei markant utvikling gjennom at lokale eigarar har selt båt og kvotar ut av fylket. Næringa har såleis blitt mindre for regionen.



57 % auke i omsetning 2020 – 2024. Veksten er høgast i Sunnfjord og Ytre Sogn.



Driftsresultat er svekka med 39 % etter toppåret 2020.

Nordfjord har sterk nedgang i driftsresultat (-77 %), medan Sunnfjord og Ytre Sogn har oppgang på 85 % i perioden 2020 til 2024.

Kven har lukkast dei siste åra:

- Større aktørar som satsar på moderne fartøy, store kvotar som utnyttar kapasiteten til fartøya, og som dermed har effektiv drift.

Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking

* Kjelde: Proff Forvalt. Selskap med hovudkontor i regionen er inkludert. Bransjen omfattar alle verksemder innan havbruk (NACE 3,222,3211,3212) frå yngel til slakteferdig fisk.

Havbruk opplever utfordringar med redusert produksjonskapasitet, men næringa veks

Bransjen har hatt sterk vekst sidan 2020. Også god vekst nasjonalt i 2025 i produsert mengde, men prisane er volatile. Nedanfor følgjer ei oversikt over nokre drivarar som utfordrar bransjen, samt nokre drivarar som viser moglegheiter i bransjen.


Utfordringar for bransjen:

- **Skattelegging gjennom grunnrenteskatt og formuesskatt** vil kunne redusere investeringsviljen i bransjen.
- **Produksjonskostnaden har auka** vesentleg dei siste åra.
- **Vi er framleis i rød sone og har no 18 % nedtrekk** som viser at lus og lusebehandling framleis er ein utfordring. Så lenge vår region er i rød sone vil veksten stoppe opp i ei næring som elles er i god vekst i Norge, særleg nord i landet.
- **Oppdrett på land og oppdrett av torsk** er enno i ei utviklingsfase.

Moglegheiter i bransjen:


- **Miljøfleks ordning kan** medføre at oppdrettarar får tilbake inntrekt volum pga. grøn sone ved produksjon i lukka sjøanlegg.
- **Store investeringar i storsmoltanlegg** då dette gjev kortare produksjonstid i sjø, noko som reduserer risiko for sjukdom.

Oppdrettsnæringa har over mange år levert gode resultat. Sogn og Fjordane har mange lokaleigde oppdrettsselskap som er viktige drivkrefter i mindre samfunn langs kysten og i fjordane våre. For å kunne klare miljøkrav og betre fiskehelsa vil det truleg vere behov for store investeringar i åra som kjem. Dette, kombinert med skattelegging, kan føre til at det blir mindre lokalt eigarskap i oppdrettsbransjen framover.



98 % auke i omsetning 2020 – 2024.

Sunnfjord og Ytre Sogn dominerer mht. havbruksselskap der hovudkontoret er i Sogn og Fjordane.



Driftsresultat er auka med 179 % 2020 - 2024. Sunnfjord og Ytre Sogn står for hovuddelen av resultata.

Veksten er driven av høgare lakseprisar og auka volum..

Kven har lukkast dei siste åra:

- Oppdrettarar med fokus på verdikjedeintegrasjon.
- Oppdrettarar med større grad sjølvforsyning av smolt og satsar på storsmolt, god tilgang på lokalitetar, og som investerer i ny teknologi.

Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking

* Kjelde: Proff Forvalt. Selskap med hovudkontor i regionen er inkludert. Bygg og anlegg omfattar verksemder som driv med alt frå grunnarbeid til oppføring av bygg og ulikt installasjonsarbeid.

Bransjen har hatt sterk vekst sidan 2020. Veksten har halde fram også i 2025. Ferie og fritidssegmentet er svært viktig for hotellbransjen i regionen, då dette segmentet utgjer knappe ¾ av gjestedøgna. Nedanfor følgjer ei oversikt over nokre drivarar som utfordrar bransjen, samt nokre drivarar som viser moglegheiter i bransjen.

Utfordringar for bransjen:


- **Usikre tider** på grunn av klima, krig og uro.
- Ein bransje med relativt **store skilnader knytt til etterspurnad og lønsemd.**
- **Nokre turistknutepunkt er nær eit mettingspunkt på kapasitet.**
- **Store krav til investeringar** for å oppretthalde konkurransekraft.
- **Usikkerheit knytt til cruise** på sikt grunna miljøkrav.

Moglegheiter i bransjen:

- Noreg vert sett på som eit **trygt reisemål** med **sterk naturprofil**.
- **Klimaet vårt** vert i større og større grad eit **konkurransefortrinn.**
- **Fleire utanlandske turistar** (både cruise og individuelle reisande)
- **Utvikling i kronekurs har vore gunstig.** Større konkurransekraft både i den norske og utanlandske marknaden.


Næringa har store ringverknader overfor andre bransjar.
Til dømes opplever både handel og nisjeprodusentar i jordbruket stor vekst i etterspurnad når reiselivet gjer det godt.

Reiselivet opplever svært sterk vekst i både inntekter og lønsemd



117 % auke i omsetning 2020 – 2024.

Indre Sogn er klart størst på reiseliv



Driftsresultat har auka kraftig frå Covid-åra og fram til 2024.

Negative resultat i 2020 til 2023 i Indre Sogn skriv seg i hovudsak frå ein større aktør i Aurland.

Kven har lukkast dei siste åra:

- Dei som har spreidd risiko gjennom å satse både på den norske- og utanlandske marknaden
- Utviklingsorienterte aktørar som satsar på produktutvikling og som investerer
- Dei med gunstig plassering i forhold til turistårene (E39 og fjord med cruisetrafikk)

* Kjelde: Proff Forvalt. Selskap med hovudkontor i regionen er inkludert. Bransjen omfattar alle verksemder innan overnatting og restaurant.

Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking

Energibransjen opplever vekst og har gode utsikter grunna kraftunderskot

Energisektoren opplevde ein nedgang i prisane i 2025 grunna god magasinfylling og import frå nord. I 2026 har dette snudd, og ein har fått ei firedobling av prisen til no i år. Årsaka er uro i verda, større etterspurnad etter energi, betre eksportmoglegheiter sørover og låg magasinfylling. Nedanfor følgjer ei oversikt over nokre drivarar som utfordrar bransjen, samt nokre drivarar som viser moglegheiter i bransjen.

Utfordringar for bransjen:


- **Usikkerheit** kring skattelegging
- Trenden med **sal av kraftverk** held fram. Gjeld spesielt mindre kraftverk eigd av grunneigarar.
- Det er få nye prosjekt til utbygging fordi mykje av potensialet i elvane er teke ut, reguleringsprosessar går seint og motstand mot vindkraft på land.
- Ein er på etterskot med utbygging av linjenettet

Moglegheiter i bransjen:

- **Forventa betre prisar** grunna større eksportmoglegheit sørover og stor etterspurnad etter kraft.
- **Dei større aktørane investerer** og har fokus på rehabilitering av kraftverk, samt ombygging for mellom anna å kunne utnytte kortsiktige prisskilnader i marknaden.
- Dei større aktørane har investert og planlegg investeringar i å bruke meir av straumen sjølv (datasenter og dataprosessering)
- **Enno moglegheit for meir fornybar kraft,** men avhengig av politisk vilje til å ta ressursane i bruk.

Det er ein tendens i bransjen at småkrafteigarar sel kraftverka sine til større aktørar. Det er også ein trend at mindre energiselskap går inn i større regionale selskap.


Omsetning *



Omsetninga varierer i perioden.

Viktigaste årsaka til endringane er energiprisane.

Driftsresultat *



Også driftsresultat varierer med utvikling i kraftprisar.

Kven har lukkast dei siste åra:

- Regionale aktørar med storleik og kapital til å investere i nye prosjekt og rehabilitering

Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking

* Kjelde: Proff Forvalt. Selskap med hovudkontor i regionen er inkludert. Bransjen omfattar alle verksemder som produserer og distribuerer straum. Selskap som sel straum er ikkje med.

Landbruket i Sogn og Fjordane er prega av modernisering og optimisme, særleg innan mjølke- og kjøtproduksjon. Inntektene har auka, og det vert investert mykje i overgang til lausdrift. Jordbruket er også viktig for fleire store foredlingsbedrifter. Tine, Nortura, Lerum og Nordfjord Kjøtt er svært store arbeidsplassar i fylket. Rekrutteringa av unge bønder aukar, og den politiske satsinga på næringa er sterk. Samtidig møter bransjen utfordringar med høge kostnader, klimarisiko og strengare miljøkrav. Samla sett er utviklinga positiv, men krev framleis stor omstilling.

Utfordringar for bransjen:

- Høgt og ustabilt **kostnadsnivå på innsatsfaktorar** som fôr og gjødsel.
- **Store investeringsbehov** for å møte krav.
- **Auka klimarisiko** med meir ekstremvêr gjev usikre avlingar.
- **Strengare miljø- og klimakrav** gir auka arbeidsmengde og økonomisk press.
- Behov for auka **rekruttering og kompetanse** for å sikre framtidig drift.

Moglegheiter i bransjen:

- Auka **politisk prioritering av matberedskap og sjølvforsyning** gir grunnlag for betre støtteordningar og investeringsvilje.
- Auka **etterspurnad etter mjølk og kjøt** gir også auka lønsemd.
- Potensial for utnytting av **biogass, bioenergi og fornybar teknologi**.
- Digitalisering og **teknologiske løysingar** gir effektivisering og kvalitetsauke.
- **Fleire unge bønder** gir fornying og rekruttering til næringa.

Næringa har svært store ringverknader i regionen. Til dømes har næringsmiddelindustrien mellom dei største arbeidsplassane både i Nordfjord, Sunnfjord og Sogn. Reiselivsnæringa er avhengig av at bonden steller kulturlandskapet og tilbyr kortreist mat. Dette er også avgjerande for at det skal vere attraktivt å bu i regionen vår.

Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking

Positiv utvikling innan frukt og grønt, reduksjon i kjøtt- og mjølkeproduksjon

Produksjon *	Volum 2020	Volum 2025	Endring 2020–2025	Endring % 2020–2025
Eple (kg)	497 826	1 120 523	622 697	125 %
Pærer (kg)	167 606	148 575	-19 031	-11 %
Plommer (kg)	135 136	169 582	34 446	25 %
Moreller (kg)	138 781	150 058	11 277	8 %
Jordbær (kg)	293 905	438 317	144 412	49 %
Bringebær (kg)	1 008 583	629 027	-379 556	-38 %
Poteter (daa)	884	1 063	179	20 %
Storfekjøt (kg)	4 260 005	3 934 184	-325 821	-8 %
Lammekjøt (kg)	1 585 655	1 454 508	-131 147	-8 %
Sauekjøt (kg)	395 198	371 434	-23 764	-6 %
Svinekjøt (kg)	1 764 844	1 811 466	46 622	3 %
Kumjølk (liter)	96 155 502	96 084 363	-71 139	0 %
Geitemjølk (liter)	3 145 422	2 860 766	-284 656	-9 %

Utviklinga i produksjon i Sogn og Fjordane viser ein tydeleg trend – **oppgang i frukt og bær, stabilt volum mjølk og nedgang i produksjon av kjøtt.**

Frukt og grønt har hatt sterk volum vekst, med eple (+125 %) og jordbær (+49 %) som dei tydelegaste døma. Bringebær, som har store volum, er eit unntak med ein nedgang på 38 %.

For kjøtt og mjølke-produksjon er endringane mindre, men kjøtt-produksjonen er redusert i perioden 2020 til 2025.

Kven har lukkast dei siste åra:

- Produsentar som har investert i fornying og effektivisering av drifta
- Nisjeprodusentar med sterk merkevarebygging og effektiv distribusjon

** Kjelde: Statsforvaltaren i Vestland; produksjonstilskot, leveransedata (datanorge.no)*

4.4
Kultur og idrett







4.4 Oppsummert

Kultur- og idrettslivet i regionen skaper identitet, samhald, engasjement og økonomi

Svært mange i regionen vår er engasjert i kultur og idrett gjennom frivillige lag og organisasjonar. Dette skaper stoltheit, samhald og trivsel. I seg sjølv er dette derfor ein svært viktig ressurs i regionen.

Dugnadsånda er også svært sterk og mindre lokalsamfunn klarer saman å løfte store arrangement år etter år. Denne evna til å samarbeide er derfor godt utvikla i regionen. Dette har igjen ein positiv effekt for evna til å samarbeide i næringslivet.

I dette kapittelet har vi fokus på kva effektar som har blitt skapt gjennom nokre store kulturarrangement.

SpareBank 1 SOGN OG FJORDANE

Store ringverknader av kulturarrangement

Oversikten til høgre viser dugnadskjøp frå frivillige lag og organisasjonar, omsetning og estimert økonomisk verdiskaping av utval større kulturarrangement Dette viser at desse arrangementa er økonomisk viktige for regionen.

Størst er ringverknadane for lokalt næringsliv. For handelsstanden på Nordfjordeid gir dei to vekene med Malakoff høgare omsetnad enn julehandelen. Quality Hotell Sogndal og Scandic Sunnfjord hotell har til saman mellom 8000 – 9000 gjestedøgn knytt til arrangement

Like viktig som dette er verknadane som ikkje er enkle å måle. Denne type arrangement skaper stoltheit av å skape noko saman, samhald og erfaringar som ein også kan ta med seg i arbeidslivet. Det skaper også identitet og omdømme som er viktig for å skape bulyst.

MNOK 2

Malakoff, Lerum Cup og Norsk Countrytreff kjøper årleg «dugnad» for meir enn MNOK 2 hos frivillege lag og organisasjonar

MNOK 68

Årleg omsetning for Førdefestivalen, Malakoff, Norsk Countrytreff og Lerum Cup

MNOK 250

Estimert økonomisk verdiskaping av 16 arrangement med om lag 117 000 deltakarar og om lag 80 000 besøkande

Kjelde: Innhenta frå arrangørane (2024)

5.

Kva skal til for å skape vekst og utvikling?

Oppsummering av innspel og ringverknader av gjennomførte satsingar



SpareBank 1 SOGN OG FJORDANE

INNHALD I KAPITTEL:

Som omtalt innleiingsvis i rapporten, bygger arbeidet i denne rapporten på ei omfattande intervjurunde og spørjeundersøking. Næringsaktørar, politisk og administrativ leiing, kultur- og reiselivsaktørar har blitt spurt om:

- Kva har gjort at regionen har utvikla seg slik som den har fram mot i dag?
- Døme på tiltak som har skapt vekst og utvikling
- Kva er dei avgjerande faktorane for å lukkast framover?

Dette kapittelet gjev eit samandrag og ein analyse av dei mest sentrale funna i den omfattande datainnsamlinga, medan vi i neste kapittel vil sjå nærare på kva som blir avgjerande for å lukkast framover.

(Gruppe og individuelle intervju)
Utvikling dei siste åra og no-situasjon

Kva har gjort at regionen har utvikla seg slik som den har fram mot i dag?

(Gruppeintervju)
Aktuelle tema og problemstillingar for bransje/gruppe

Kva har faktisk fungert i praksis?

(Individuelle intervju)
Tiltak som har gitt store samfunnsmessige ringverknader

Kva har faktisk fungert i praksis?

(Gruppe og individuelle intervju)
Kva skaper vekst og utvikling framover?

Kva er dei avgjerande faktorane for å lukkast framover?

Oversikten over viser tematikken i intervjua. Samla har vi fått innspel frå 61 personar gjennom samtale og intervju, og 64 svar på ei skriftleg spørjeundersøking.
Innspela viser stort engasjement og skaparvilje,
men peikar også på utfordringar vi må løyse i fellesskap.

I våre samtaler og kartlegging har engasjement, vilje og tru på næringslivet i Sogn og Fjordane vore gjennomgåande

61 samtaler med engasjerte næringslivsprofilar. Eitt gjennomgåande inntrykk er: Denne regionen vil noko.

Sogn og Fjordane har mykje å by på, det visste vi før vi sette i gang. Det vi ikkje var førebudde på, er kor mykje engasjement, stoltheit og pågangsmot vi har møtt undervegs.

Gjennom samtaler med 61 næringslivsprofilar, inkludert 9 gruppeintervju med sentrale bransjar og grupper for lokalt næringsliv og 64 svar på spørjeundersøkinga, har vi fått eit breitt bilete av ein region som ikkje manglar verken ambisjonar eller vilje. Vi har møtt folk som har bygd verksemder frå grunnen av, som har stått i krevjande prosessar i årevis utan å gi opp, og som framleis har meir på blokka. Vi har møtt unge gründerar med store planar, og erfarne næringslivsleiarar med djup kunnskap om kva som skal til. Vi har møtt frustrasjon over rammer som gjer at ting tek tid, men ikkje resignasjon.

Det som gjer mest inntrykk er ikkje enkeltprosjekta eller tala, men den gjennomgåande haldninga: her er folk som vil noko. Dei vil skape arbeidsplassar, dei vil halde liv i lokalsamfunna sine, og dei vil vise at det går an å byggje noko stort frå distriktet. Den haldninga er kanskje regionens aller sterkaste ressurs, og det er den som gjer oss optimistiske på vegne av Sogn og Fjordane.

Dette kapittelet løftar fram det som har drive veksten. Døme på prosjekt og investeringar som har hatt store ringverknader. Vi vil også sjå nærare på kva føresetnader som må vere på plass for at regionen skal lukkast i åra som kjem.



«Vi ønskjer å vere med å byggje og skape noko. Det er ikkje berre festtalar – vi meiner det verkeleg.»

Dagleg leiar – Nordfjord

Gruppeintervjuer


Landbruk


Offentleg


Reiseliv


Industri


Handel


Energi


Bygg og anlegg


Idrett og kultur


Havbruk

Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking

Spørjeundersøkinga stadfestar eit tydeleg og felles bilete av utfordringar og moglegheiter i næringslivet

67 svar frå ulike bransjar. Same faktorar går igjen som avgjerande for utvikling på tvers av region.

Som ein del av kunnskapsgrunnlaget for analysen er det gjennomført ei spørjeundersøking retta mot verksemder i Sogn og Fjordane. Undersøkinga gir eit breitt og kvantitativt supplement til dei kvalitative intervjua, og bidreg til å stadfeste eller nyansere innspela som har kome fram i samtaler med næringslivet.


Resultata peikar i stor grad i same retning som intervjua, og gir eit samla bilete av kva næringslivet opplever som dei viktigaste drivkreftene og barrierane for vidare utvikling. Samtidig synleggjer undersøkinga enkelte regionale skilnader og prioriteringar mellom Sogn, Sunnfjord og Nordfjord, som er viktige å ta omsyn til i den vidare analysen og strategiske retninga.


Næringslivet i Sogn og Fjordane er på offensiven. Spørjeundersøkinga viser at investeringsviljen er stor, og at det er eit breitt spekter av verksemder som planlegg å vekse. Dei fleste respondentane har investert mellom 20 og 100 MNOK dei siste fem åra, og planlegg tilsvarande eller meir dei neste ti åra. **Men dei store tala er kanskje mest overraskande: fleire aktørar oppgjer planar om investeringar på mellom 2 og 20 milliardar kroner dei komande åra, innan alt frå kraftutbygging og industri til oppdrett og datasenter.** Til saman peikar dette mot ein region med stor og reell investeringsvilje.

66 av 67 respondentar forventar fleire tilsette i 2030 enn i dag. Heile 10 forventar over 30 nye tilsette.
Samla sett peikar svara mot ein region som trur på si eiga framtid, men som er heilt avhengig av å løyse utfordringane knytt til arbeidskraft og kompetanse for å realisere ambisjonane.

Behov for fornying er den klart viktigaste utløysande faktoren bak investeringane (37 av 67), tett følgd av etablering og forretningsutvikling (22) og auka etterspurnad (22). Det viser at investeringane primært er marknads- og behovsdrivne.

Tal svar frå ulike bransjar og regionar





Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking

Spørjeundersøkinga stadfestar eit tydeleg og felles bilete av utfordringar og moglegheiter i næringslivet

Spørjeundersøkinga avdekkjer eit næringsliv med sterk tru på eiga framtid, men med tydelege regionale ulikskapar i kva som driv og kva som bremsar. Tre regionar, tre ulike utviklingsbilete.

Spørjeundersøkinga peikar på nokre tydelege regionale skilnader som er verdt å merke seg.

Nordfjord skil seg ut med dei sterkaste vekstforventningane i sysselsetting. samtidig er Nordfjord den regionen som tydelegast løftar fram fråflytting, nedlegging av skule- og sjukehustilbod og mangel på næringsareal som konkrete og akutte truslar. Regionen står med andre ord ovanfor ei stor utfordring i arbeidet med å tiltrekke og behalde kompetanse i tida framover.

Indre Sogn skil seg ut på fleire måtar. Regionen er den einaste som eksplisitt peikar på nettkapasitet som den mest akutte flaskehalsen grunna stor auke i kraftforbruket. Samtidig løftar Indre Sogn kompetanse og attraktivitet som sine fremste styrkar, og er den regionen som tydelegast etterspør ein tettare kopling mellom høgskule og næringsliv. Internt samarbeid, mellom kommunar og mellom offentleg og privat sektor, vert peika på som noko som må forsterkast.

Sunnfjord og Ytre Sogn har størst spreiing i investeringsnivå, frå mange mindre verksemder til større verksemder med svært kapitaltunge satsingar. Dette er også den regionen som tydelegast etterspør betre koplingar mot regionssenter og sterkare møteplassar for næringsliv og kapital.

Det som overraskar er kor lite dei regionale skilnadene eigentleg er når det kjem til dei grunnleggjande utfordringane. Arbeidskraft, rammevilkår og infrastruktur toppar lista i alle tre regionar. Dette tyder på at regionane har eit felles grunnlag å samle seg om, men at løysingane og prioriteringane må tilpassast dei ulike regionale behova og fortrinna.

	Kva skil regionen ut?	Kva peikar det mot?
Sunnfjord og Ytre Sogn	Størst spreiing i investeringsnivå, både mange små investeringar og fleire svært store investeringar.	Breiare næringsstruktur med både mindre verksemder og kapitaltunge satsingar.
Indre Sogn	Omtalar oftare kompetanse og attraktivitet som styrkar, medan bustad/tilbod kjem oftare fram som viktig for attraktivitet.	Peikar mot eit meir kompetanse- og attraktivitetsdrive utviklingsbilete.
Nordfjord	Høgast del verksemder som ventar fleire tilsette fram mot 2030, særleg i intervallet 6 - 10 fleire tilsette.	Eit meir offensivt vekstbilete i sysselsetjing og behov for arbeidskraft framover.

Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking, Statnett (2025). Områdeplan Sogn til Sunnmøre – Økte planer om ny strømproduksjon og stor økning av nytt strømforbruk. statnett.no

5.1

Drivarar og barrierar for utviklinga dei siste åra



«Det er ikkje viljen eller evnene det står på, det er rammene rundt»

Alle intervjua og gruppesamtalene starta med å drøfte kva som har vore drivarane bak utviklinga dei siste åra. Oppsummeringa under viser ein oversikt over drivarar som har vore positive for utviklinga og drivarar som har bremsa utviklinga. Eit hovudinntrykk er at det er ein sterk vilje til å skape utvikling, men at mange gir tilbakemeldingar om at rammene rundt bremsar utviklinga.

Drivarar som skaper fart:

Naturressursane våre skaper konkurransekraft	Rein vasskraft, kystlinje og fjordnatur har gjort det mogleg å etablere kraftkrevjande industri, havbruk, offshore og eit reiseliv i verdsklasse. Ressursane er der – utfordringa er å ta ut den fulle verdien av dei lokalt.
Sterke enkeltbedrifter og lokal drivkraft	Lokalt forankra bedrifter som er eigde og leia av dyktige personar som har eit blikk ut av regionen har vore den viktigaste vekstkrafta i regionen. Vilje til å investere langsiktig og byggje på eigne fortrinn har vore avgjerande.
Store investeringar skaper ringverknader	Dei mest vellukka prosjekta har medvite halde verdiskapinga lokal – gjennom bruk av lokale underleverandørar og investering i lokal kompetanse som varer lenger enn prosjekta sjølve.
Nye statlege arbeidsplassar skaper nye kompetansemiljø	Statlege verksemder kan vekse seg sterke i distriktet, trekkje til seg kompetanse utanfrå og bidra til større breidde og robustheit i næringslivet.

Drivarar som bremsar utviklinga:

Det er vanskeleg å rekruttere	Regionen utdannar og eksporterer talent – men lukkast i for liten grad med å få dei tilbake. Fallande elevtal, utflytting og mangel på attraktive bustadtilbod gjer rekruttering til ei strukturell utfordring på tvers av alle bransjar.
Mindre lokalt eigarskap	Formueskatt og skattelegging av naturressursar reduserer viljen til å investere lokalt. Slik skatte-legging rammer vår region ekstra hardt. Oppkjøp av verksemder reduserer lokalt eigarskap og lokal styring.
Infrastruktur	Kutt i flyruter, dårleg vegstandard og kapasiteten i straumnettet gjev reelle grenser for kvar og kor fort næringslivet kan vekse.
Vanskelegare å få naudsynte offentlege løyve	Plan- og konsesjonsprosessar tek for lang tid. Ligg her eit potensiale i tettare kommunikasjon mellom næringsliv og det offentlege for at ein skal forstå heilskapen betre?

Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking

Kompetansen forlet regionen raskare enn han vert erstatta

Folketalsnedgang, aldring og utflytting av unge til større byar gjer rekruttering til ei stadig større utfordring. Forsking peikar på at distriktskommunane, som Sogn og Fjordane har mange av, er blant dei som blir hardast råka av framtidig arbeidsknappheit (Telemarksforsking, 2025). Arbeidskraft og kompetanse er den barrieren som går att i nesten alle intervjua. Arbeidskraft er også den hyppigast nemnde trusselen på tvers av alle tre regionar i vår spørjeundersøking. Dei kvantitative analysane i kapittel 4 underbygger dette biletet. Dei demografiske trendane i regionen er tydelege, og utan målretta tiltak vil gapet mellom tilgjengeleg arbeidskraft og næringslivet sitt behov auke i åra som kjem.

Det som gjer utfordringa særleg krevjande, er at dei unge som veks opp i regionen ofte vel å flytte ut allereie når dei skal ta vidaregåande utdanning eller begynne å arbeide – og dei som kjem tilbake etter studiar er for få til å fylle gapet. **Regionen eksporterer talent, men lukkast i for liten grad med å få dei tilbake.** Verksemder som Digdir på Leikanger og Norec i Førde har utvikla eigne, langsiktige rekrutteringsmodellar, med skulebesøk, sommarjobbordningar og målretta kontakt med studentmiljø. Dette gjer dei fordi dei forstår at rekruttering til distriktet krev ei anna tilnærming enn å lyse ut ei stilling og vente. Det same mønsteret ser ein hos bedrifter som er avhengige av fagutdanna arbeidskraft. Dei har byrja å presentere seg allereie på ungdomsskulen, og har tett kontakt med vidaregåande skular som tilbyr fagutdanning. Denne tilnærminga har gjeve fleire søkarar og viser at tidleg og målretta innsats nyttar. Teknologibedrifter i regionen melder at spissa digital og teknisk kompetanse er den største rekrutteringsutfordringa dei møter, og nokre har svart med å opne kontor i større byar eller i våre eigne regionsenter for å betre rekrutteringssituasjonen.

Utfordringa handlar ikkje berre om kva arbeidsplassen tilbyr, det handlar like mykje om kva lokalsamfunn ein kan tilby. Unge arbeidstakarar er i ein livsfase der barnehage, korte avstandar, møteplassar og eit sosialt liv ofte veg like tungt som det arbeidsgjevar tilbyr. Nokre verksemder i regionen melder at dårlege vegar, manglande klargjorde tomter og eit avgrensa bustadtilbod er reelle hindringar når dei skal rekruttere. Fleire tilflyttarar melder om store utfordringar med å finne eigna bustad når dei vel å flytte til regionen, og dette er ikkje eit problem næringslivet kan løyse åleine.

Samla er biletet at arbeidsmarknaden i regionen er under strukturelt press. Det er ikkje eit forbigåande konjunkturfenomen. Det er megatrendane knytt til demografi og sentralisering som er hovudutfordringa. Dette krev langsiktige og samordna tiltak frå næringsliv, utdanningsinstitusjonar og kommunar i fellesskap.

> *«No er salssjefen vår i Oslo, fordi vi ikkje finn rett kompetanse i Stryn.»*
>
> **Dagleg leiar, industri**



Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking , Telemarksforsking, rapport nr. 924 (2025): Mangel på arbeidskraft i kommunene. Oppdrag frå Kommunal- og distriktsdepartementet.

Lokale eigarar sel seg ut, viktig at arbeidsplassar og kapital ikkje følgjer etter

Lokalt eigarskap er ei av dei viktigaste drivkreftene i næringslivet i Sogn og Fjordane. Over tid har lokale eigarar hatt sterk motivasjon for å skape noko i regionen og dermed teke høg risiko. Det er difor viktig at vi også framover har lokale eigarar som bruker kapitalen lokalt. Dette er no under press. Skattepolitikk, sentralisering og oppkjøp utanfrå er årsakene.

Skattetrykket er ein sentral drivar. **Auka eigarskatt og formuesskatt** har i praksis redusert både viljen og evna til å investere lokalt. Fleire bedriftseigarar fortel at det er meir lønsamt å plassere kapital i aksjar eller eigedom enn å binde kapitalen i langsiktige næringsprosjekt i regionen. For havbruksnæringa er situasjonen særleg krevjande. Med eit samla skattenivå som ligg svært høgt kan det bli meir lønsamt å investere på Færøyane eller Island enn å byggje vidare i Sogn og Fjordane. Det har også vore forslag om ei utviding av grunnrenteskatten på mindre kraftverk, noko som har skapt usikkerheit også knytt til denne bransjen.

Regionen ser stadig fleire **oppkjøp der lokalt eigde verksemder går over til større nasjonale og internasjonale aktørar.** Denne trenden er ofte negativ fordi flinke eigarar i lokale selskap ikkje lenger blir så aktive bidragsytarar i lokal verdiskaping. Eit sal til ein større aktør kan likevel ha positive sider. Salet av Enivest er eit fersk og illustrerande døme. Selskapet vart etablert som eit nytt fiberselskap i tilknyting til Sunnfjord Energi, og vaks gjennom samarbeid med andre lokale energiverk til å bli eit av dei største innan fiberkommunikasjon på Vestlandet – med om lag 50 tilsette fordelt på Førde, Sogndal, Florø, Stryn og Sunnhordland. I over 25 år gjorde selskapet med lokale eigarar ein svært samfunnsnyttig jobb med å gje fylket god fiberdekning. I 2026 vart Enivest selt til Telenor for 2,5 milliardar kroner. Dette er ikkje nødvendigvis negativt. Eigarane, som over mange år har teke finansiell risiko ved å bygge ut fibernettet, får no frigjort kapital til andre satsingar. Mykje tyder på at dei største eigarane Eviny og SFE reinvesterer denne vinsten i nye energiprosjekt i regionen. Eit viktig element i vurderinga av om slike oppkjøp er bra for regionen blir difor kva dei tidlegare eigarane gjer med salsvinsten.

Den **eksterne kapitalen som kjem gjennom oppkjøp har i fleire tilfelle vore ein føresetnad for at lokale verksemder har kunne vekse vidare og skape nye arbeidsplassar**. Fjord Base har selt 75 % av aksjane til utanlandske eigarar, og denne kapitalen har gjeve selskapet moglegheit til å vidareutvikle basen og investere i nye satsingsområde som hydrogen og havvind. Havyard i Florø er eigd av eit tyrkisk industrikonsern. Det er kapitalen frå dette industrikonsernet som har gjort at verksemda har kunne halde oppe aktiviteten og byggje opp att etter krevjande år. **Desse døma viser at det også kan vere positivt med sal til eigarar utanfor regionen**. Utfordringa er ikkje ekstern kapital i seg sjølv, men å sikre at verdiskapinga og avgjersler i størst mogleg grad vert verande i regionen.

> *«Vi har nokre motorar som gjer oss stolte, som har lokalt eigarskap. Det må vi hegne om.»*
>
> **Styremedlem, næringsråd**



Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking

Krevjande topografi, rasfare og avstandar bremser utviklinga

Krevjande topografi, lange avstandar og rasfare er strukturelle utfordringar som næringslivet i Sogn og Fjordane lever med kvar dag. Dette hindrar effektiv transport av varer og personar, noko som igjen påverkar evna til å rekruttere, investere og vekse.

Kampen om å bevare flytilbodet er eit nytt og synleg døme. For ein region der fly ikkje er luksus men ein føresetnad for å nå kundar, samarbeidspartnarar og kompetanse utanfor regionen, er redusert flytilbod eit næringslivsproblem like mykje som eit distriktspolitisk spørsmål. Nærleiken til flyplass er ein del av det som gjer til dømes Fjord Base i Florø konkurransedyktig, og basen er sårbar når flytilbodet vert svekka. For digitale verksemder som Havtech er fysiske kundemøte framleis avgjerande for vekst. Frustrasjonen over forslag om kutt i flyruter er stor, og er for mange eit symptom på ei breiare kjensle av ikkje å bli sett og prioritert av nasjonale styresmakter. Heldigvis vant distrikta kampen om å bevare flytilbodet denne gangen.

Vegstandarden er ei anna gjennomgåande utfordring. Dårlege kommunale og fylkeskommunale vegar fører til høgare transportkostnader og svekkja konkurransekraft for verksemder som er avhengige av effektiv logistikk. For verksemder som skal etablere seg i meir perifere industriområde er dårlege vegar og lite opparbeidde tomter ein reell barriere. Det er ikkje berre drifta som vert hindra, men også rekruttering.

Tilgangen på kraft er kanskje den mest akutte infrastrukturbarrieren akkurat no. Per i dag ligg om lag 1 000 megawatt i kø på forbrukssida i Sogn og Fjordane, og ein kapasitetsauke frå Statnett er ikkje venta før tidlegast 2035–37. For verksemder som treng meir straum er dette ein reell stoppar. samtidig er lokal aksept for vindkraftutbygging låg og konsesjonsprosessane lange, noko som gjer det vanskeleg å auke produksjonskapasiteten i regionen.

Samla sett utgjer infrastrukturbarrierane ein bremsekloss for næringsutvikling som ikkje kan løysast av næringslivet åleine. Det krev langsiktige offentlege investeringar i veg, flysamband og kraftnett – og ein nasjonal forståing for at distriktsregionar med krevjande topografi treng ein annan type infrastruktursatsing med andre samfunnsnyttevurderingar enn dei store byane.

> *«Det er like viktig at kundane og samarbeidspartnarane kan kome seg til oss.»*
>
> **Dagleg leiar, mekanisk industri**



Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking

Offentlege prosessar bremsar vekstkrafta før veksten kjem i gang

Offentleg treigheit og rigiditet er ein frustrasjon som går att i tilbakemeldingane frå næringslivet. Plan- og reguleringsprosessar som tek for lang tid, eit offentleg apparat som ikkje alltid klarer å matche næringslivet sitt tempo, og eit verkemiddelapparat som vert opplevd som fragmentert, komplisert og tungvint. Dette er bremseklossar som rammer breitt.

Det som slår ein hardast er ikkje mangel på vilje, men oftare mangel på handlekraft. Alfred Bjørlo, dagleg leiar i stiftinga Drivkraft og tidlegare stortingspolitikar skildrar to planetar som snurrar i ulikt tempo: det offentlege sin grundigheit og kvalitetssikring versus næringslivet sitt behov for å handle raskt. Medan ei bedrift kan ta ei avgjersle på dagar, kan ei tilsvarande sak i det offentlege systemet ta månader eller år. Prosjekt vert forsinka eller det kan føre til at prosjekt ikkje blir gjennomført.

Konsesjonsprosessar er eit område der fleire opplever at systemet ikkje er godt nok tilpassa den faktiske situasjonen i regionen. Energibransjen fortel om prosjekt som vert forseinka av innsigelser der sakshandsamingstida ikkje står i høve til det som faktisk er på spel, verken for næringslivet eller for miljøet. Det er ikkje eit spørsmål om å velje mellom næringsutvikling eller naturvern, men om å finne prosessar som tek begge omsyn på alvor utan unødige forseinkingar. Både kommunar og næringsaktørar meiner det er eit unytta potensiale for å gjere desse prosessane meir effektive utan at kvaliteten på avgjerslene vert dårlegare.

Kommunane er ein viktig del av dette biletet. Bygg- og anleggsbransjen peikar på store skilnader mellom kommunar i korleis dei møter næringslivet. Der kommunen er proaktiv og løysingsorientert har det ofte utløyst store investeringar og ny aktivitet. Der kompetansen på innkjøp og prosjektleiing er svakare, fører det til langdryge prosessar som vert dyre for alle partar. Kommunane sjølv er også under press – med strammare økonomi, færre ressursar og stadig fleire oppgåver er det krevjande å ha den kapasiteten næringslivet ønskjer seg.

Det overordna biletet er at regionen har eit næringsliv med sterk gjennomføringsevne og risikovilje
– og at det offentlege i mange tilfelle er ein god samarbeidspart. Samtidig er det eit reelt forbetringspotensiale i korleis offentlege prosessar er innretta, og ein open og konstruktiv dialog mellom næringsliv og offentleg sektor om dette vil vere til det beste for regionen som heilskap.



Bruk eller vern av naturressursar

Utnytting av naturressursar har alltid vore, og vil også framover vere konfliktfylt. Vi har store naturressursar og utnytting av desse stadbundne ressursane vil klart kunne gi oss ei konkurransefortrinn. Men korleis skal vi klare å finne balansen mellom vern og bruk?

På den eine sida er urørt natur eit fortrinn som både vi som bur her, dei som vil flytte hit og dei som kjem hit på ferie er opptekne av å bevare. På den andre sida er det nettopp utnytting av urørt natur som kanskje er det største konkurransefortrinnet vår. For næringsutviklinga framover blir det sentralt å handtere denne konfliktlina på ein god måte.

I tillegg slår overordna nasjonale miljø og naturkrav inn i vårt næringsliv. Døme på dette er trafikklyssystemet for oppdrettsnæringa som i realiteten har gitt 0-vekst for lakseoppdrett i våre fjordar. Målet om arealnøytralitet slår også hardt ut for våre område der det i utgangspunktet er mykje ikkje utbygd natur. Det same gjer byggeforbod i strandsona for ein region med lang kystlinje.

Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking

Rein kraft, naturen vår og rik tilgang på råvarer – regionen sine fremste konkurransefortrinn

Sogn og Fjordane er ein av dei mest ressursrike regionane i Noreg. Kystlinja, fjordane, havområda, minerala og vasskrafta har i generasjonar vore grunnlaget for næringslivet og er det framleis. Det særeigne med regionen er at naturressursane ikkje berre er råvarer til industrien, men samtidig sjølve merkevara som trekkjer verda hit.

Vasskrafta har vore eit eksistensvilkår for den kraftkrevjande industrien og ein avgjerande grunn til at store verksemder har valt å etablere seg nettopp her. Frå aluminiumsproduksjon i Årdal og Høyanger til datasenteret Lefdal Mine i Nordfjord; tilgangen på rein og rimeleg kraft har vore det som har gjort etableringa mogleg og lønsam. Regionen produserer nesten dobbelt så mykje kraft som vi forbrukar.

Tilgangen på hav og kyst har på same vis lagt grunnlaget for sjømat, offshore- og maritim verksemd. Fjord Base i Florø er eit godt døme: strategisk plassering ved kysten og nærleik til sokkelen har halde basen i kontinuerleg drift sidan 1985. Nordic Mining på Engebø og landbasert lakseoppdrett på Lutelandet viser at mineral- og kystressursane òg opnar for ny industri med store lokale ringverknader.

Fjord, fjell og villmark er samtidig grunnlaget for eit reiseliv i sterk vekst. Loen Skylift trekte nær 180 000 besøkande i 2025, og Reisemål Flåm er mellom dei mest besøkte reisemåla i Noreg. Reiseliv er ei næring som i aukande grad skaper heilårlege arbeidsplassar og forsterkar regionens omdømme nasjonalt og internasjonalt.

Planane framover er mange og omfattande. Nytt datalagringssenter i Luster, vidare utbygging av Lefdal Mine, landbasert lakseoppdrett i Florø og på Lutelandet, nye turistbåtar til bruk i fjordane og ei landbruksnæring som har bygd fleire titals nye driftsbygningar kvart år. Til saman peikar dette mot investeringar i milliardklassen i åra som kjem, alle forankra i det regionen har hatt frå naturen si side.

Naturressursane er likevel ikkje ein garanti i seg sjølv. Dei må utviklast for å bli verdiskapande. Lerum er eit godt døme. Ei kjend merkevare tufta på lokale råvarer frå Sogn. Oppgåva framover blir å ta ut den fulle verdien av ressursane våre.



> *«Berekraft handlar for oss om å ta vare på råvarene, foredlinga og menneska i lokalsamfunnet.»*
>
> **Direktør, industri**

Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking

Bedrifter med røter i Sogn og Fjordane, men blikket mot verda

Sogn og Fjordane har over tid utvikla eit næringsliv som i stor grad er bygd på enkeltbedrifter med sterk fagkompetanse og vilje til å investere langsiktig. Det er desse bedriftene som har vore den viktigaste økonomiske vekstkrafta i regionen. Dei har skapt ringverknader, halde på arbeidsplassar og forma lokalsamfunna sine over generasjonar.

Hydro i Årdal og Høyanger er gode døme på dette. Det var tilgangen på rein og rimeleg vasskraft som gjorde etableringa mogleg. Med produksjon av over 200 000 tonn aluminium i året leverer dei til bilindustri, byggsektoren og industri over heile verda, og er ein av dei største eksportørane i Vestland. At dei samtidig kan tilby aluminium med eit karbonavtrykk rundt 80 % lågare enn det globale gjennomsnittet, er direkte knytt til den fornybare energien skapt av fossekrafta i regionen.

Det same mønsteret finn vi att langs kysten. Fjord Base i Florø vart etablert fordi geografi og nærleik til sokkelen skapte eit unikt utgangspunkt for å levere tenester til oljeindustrien i Nordsjøen. I over 40 år har basen vore ein motor for sysselsetting og leverandørutvikling i Sunnfjord, og selskapet posisjonerer seg no mot nye marknader innan havvind og hydrogen. Dette også med utgangspunkt i den same strategiske plasseringa ved kysten.

Helle Knivfabrikk i Holmedal er eit døme på at også mindre verksemder kan byggje seg til internasjonale aktørar med utgangspunkt i det regionen har. Ved å satse på skandinavisk design, kvalitet og merkevare framfor volum hentar dei i dag 70 % av omsetninga si frå marknader i USA, Canada og Europa. Dei viser at det er fullt mogleg å bygge ein global nisjeposisjon frå eit lite lokalsamfunn i Sogn og Fjordane.

Det som bind desse bedriftene saman på tvers av bransje og storleik, er at dei har utnytta dei naturgitte føresetnadene vi har i regionen, og at dei ikkje har kopiert andre, men bygd på det særeigne. Og det er nettopp denne evna til å bruke våre lokale fortrinn til å skape konkurransekraft internasjonalt som er ein av dei viktigaste drivkreftene bak utviklinga i regionen.

> *«Vi gjekk frå ein eksportdel på 20 til 60–70 prosent på ti år.»*
>
> **Dagleg leiar, industri – Ytre Sogn**



Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking

Frå idé til ringverknader – prosjekta som løfta heile regionar

Nokre av dei sterkaste vekstkreftene i Sogn og Fjordane er store prosjekt som ikkje berre har skapt verdiar i seg sjølv, men utløyst ringverknader langt utover eiga verksemd. Felles for dei mest vellukka prosjekta er at ein medvite har valt å halde verdiskapinga lokal.

- Lefdal Mine Datasenter hadde frå dag éin ein strategi om å bruke lokale underleverandørar, og har i byggeperiodar på det meste hatt 290 personar inne på anlegget. Dei fleste av desse kjem frå lokale verksemder frå Nordfjord. Prosjektet førte også til ei betring av styrka straum- og fibernett i heile Nordfjord og bygde opp eit teknologimiljø regionen ikkje hadde frå før.

- Nordic Mining på Engebø gav lokale verksemder store oppdrag i utbyggingsfasen, og Kenneth Nakken Angedal peikar på at ein medviten bruk av lokale kontraktar skapte aktivitet i lokale bedrifter og bygde opp kompetanse og kapasitet som gjorde leverandørmiljøet sterkare på sikt.

- Fjord Base i Florø har vakse i over 40 år frå eit enkelt industriområde til ein heil klynge med over 650 personar i dagleg drift, driven fram av to lokale gründerar som våga å satse.

- Sognekraft sine ringverknadsanalysar viser at 30–50 % av alle innkjøp i samband med kraftutbygging går til lokale leverandørar. Av nær fem milliardar investert dei siste 20 åra er det store summar som har gått til lokale verksemder.

Det som har gjort at desse prosjekta får store ringverknader er storleiken på prosjekta og at dei har valt å bruke lokale leverandørar. Dette skapte arbeidsplassar og det bygde fagmiljø. Dette gav såleis erfaring og referansar som igjen gjev konkurransekraft i nye prosjekt. Det skaper også ein stoltheit og eit omdømme som gjer regionen meir attraktiv. Det er såleis både dei store investeringane i seg sjølv og evna til å halde verdiskapinga lokalt og dermed byggje kompetanse som varer lenger enn sjølve prosjektet som er med på å løfte heile regionen.

> *«Vi ville ha dei som budde i området og kunne elektro – ikkje dra inn store utanlandske firma.»*
>
> **Prosjektleiing, mineralnæring**



Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking

Sterke fagmiljø held på kompetansen og trekkjer til seg nye talent

Offentlege institusjonar og kompetansemiljø spelar ei avgjerande rolle i Sogn og Fjordane. Dei er arbeidsgivarar som skaper større breidde i kompetansen og som bidreg til rekruttering og fagleg utvikling i heile regionen.

Digitaliseringsdirektoratet (Digdir) på Leikanger er eit godt døme. Det som starta som eit lite prosjekt i regi av fylkesmannen i 1999, har vakse til eit nasjonalt teknologimiljø med om lag 160 tilsette i Indre Sogn. Miljøet forvaltar kritisk nasjonal infrastruktur som ID-porten, og er rekna blant dei fremste ekspertane i Europa på digital identitet og tryggleik. Frode Danielsen, direktør i Digdir, peikar på at dette ikkje skjedde av seg sjølv; det kravde politiske avgjersler, lokal risikovilje og ein gründermentalitet i etableringsfasen. Digdir rekrutterer aktivt og langsiktig. Sidan 2009 har dei køyrd årlege «Difi-camps» der studentar frå NTNU og Bergen kjem til Leikanger for å jobbe med konkrete oppgåver. Mange har seinare kome tilbake som tilsette.

Norec i Førde er eit anna godt døme på at statlege arbeidsplassar kan vekse seg sterke i distriktet. Verksemda kom til Førde fordi utanriksdepartementet såg at eit nytt miljø utanfor Oslo ville fungere betre. Det starta med 35 tilsette, og har sidan vakse og fått tildelt fleire oppgåver. **Lotteri- og stiftelsestilsynet**, som òg held til i Førde, viser det same mønsteret. Gjennom målretta innsats for å utvide tenestetilbodet sitt har tilsynet over tid fått nye oppgåver og tenesteportefølja har vakse vesentleg. Fleire av intervjuobjekta peikar på at det er i statleg verksemd som i næringslivet; dei som evnar å levere gode resultat over tid, får gradvis meir tillit og fleire oppgåver. Det handlar om strategisk innsal og langsiktig bygging. Førde er i så måte eit godt døme på at ein by utanfor dei store sentra kan byggje opp eit robust offentleg kompetansemiljø. Dette gir ei breidde i arbeidsmarknaden som har direkte effekt på busetnad, rekruttering og aktivitet i heile regionen rundt.

Helse Førde er eit anna viktig døme. Helseføretaket er ein store arbeidsgjevar som trekkjer til seg og held på kompetanse. Dette aukar attraktiviteten og støttar opp om busetnad og tenesteyting i heile regionen. Det offentlege tilbodet til innbyggarane er også avgjerande for attraktiviteten til regionen. Til dømes er eit godt sjukehustilbod viktig for mange av dei som skal flytte til regionen. Næringsutvikling og offentlege tenester kan difor ikkje sjåast lausrive frå kvarandre.

> *«Rundt 10 prosent av dei vi hentar inn får eit tilsetjingsforhold hos oss.»*
>
> **Direktør, statleg verksemd**



Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking

5.1 Oppsummert

Sogn og Fjordane har eit næringsliv med sterk vilje til å skape utvikling.

Naturressursane har i generasjonar vore grunnlaget for industri, havbruk, offshore og reiseliv. Planane framover viser at investeringsviljen er stor. Lokalt forankra bedrifter med internasjonalt blikk, store prosjekt som har halde verdiskapinga lokal og statlege kompetansemiljø som Digdir, Lotteri og Stiftelsetilsynet og Norec har alle bidrege til å forme eit meir robust og variert næringsliv.

Samtidig er det krefter som bremsar. Arbeidskraft er den barrieren som går att i nesten alle intervjua. Regionen eksporterer talent, men lukkast i for liten grad med å få dei tilbake. Lokalt eigarskap er under press frå skattetrykk og oppkjøp utanfrå. Infrastruktur, kapasitet i energinettet og lange konsesjonsprosessar set også reelle grenser for kor fort næringslivet kan vekse.

SpareBank 1 SOGN OG FJORDANE

5.2

Døme på tiltak som har gitt store samfunnsmessige ringverknader



SpareBank 1 SOGN OG FJORDANE

Fleire prosjekt har dei siste åra ført til store ringverknader gjennom auka aktivitet som har skapt arbeidsplassar og ny spissa kompetanse som gjev oss varige konkurransefortrinn

Då vi gjekk inn i intervjurundane for denne analysen, var eitt av dei sentrale spørsmåla vi stilte:

Kva konkrete prosjekt eller tiltak har hatt dei største positive ringverknadene i din region?

Svara var mange og engasjerte:
På tvers av bransjar og geografi peika intervjuobjekta på det same mønsteret. Tilgangen på rein vasskraft, den vakre naturen, mineral, kysten og fiskeri er fellesnemnaren i dei største prosjekta i Sogn og Fjordane. Dei prosjekta som har skapt størst ringverknader har i tillegg til å skape arbeidsplassar i eiga verksemd også utløyst ein breiare aktivitet i leverandørkjedar, kompetansemiljø og lokalsamfunn.

Basert på tilbakemeldingane i prosjektet har vi valt ut tolv prosjekt som til saman skal gje eit representativt bilete av kva som har skapt ringverknader i regionen dei siste åra.

På dei neste sidene er kvart av desse prosjekta presentert. Vi startar med å orientere om prosjektet og kva ringverknader det har gitt. Til slutt vurderer vi kva det var som gjorde at prosjektet vart realisert. Kva lærdom tek vi med oss vidare til framtidige prosjekt?

Etter presentasjon av desse prosjekta ser vi framover. Vil vi få liknande prosjekt framover og kva må til for at desse skal bli realisert?



Bileta er henta frå selskapa sine eigne nettsider. Eventuell kjeldetilvising finn du på eiga side for ringverknadsanalysen.

Nordic Mining viser at store industriprosjekt sjeldan kjem lett

Nordic Mining på Engebø i Sunnfjord er eit av dei mest ambisiøse industriprosjekta i regionen i nyare tid. Etter godt over 10 år med planlegging, utgreiing og konsesjonsprosessar starta anleggsarbeidet i 2021, og gruva tok til med produksjon av rutil og granat mot slutten av 2024.

Gruva har ei forventa levetid på over 40 år. Ringverknadane av prosjektet har allereie vore store, og BDO estimerer ein indirekte verknad på 1,8 milliardar kroner i si ringverknadsanalyse av prosjektet. Det har så langt vist seg krevjande å få økonomi i drifta av anlegget.

Fjorddeponiet har vore omdiskutert sidan planane om gruveaktivitet vart lanserte. Det har vore fleire rettssaker, og i juni 2026 fall det dom i Høgsterett der retten konkluderte med at vedtaka om utsleppsløyve og driftskonsesjon er ugyldige. Forvaltninga må no vurdere saka på nytt og fatte nytt vedtak.



Produksjonsanlegget ved Førdefjorden. Foto: Nordic Mining

Over 15 år med konsesjonsprosessar og rettssaker. No produserer Engebø rutil og granat, og er den første nye gruva i Noreg på nær 40 år.

Årsak til investering

Kritiske råvarer med global etterspurnad
Engebø-fjellet inneheld ein av Europas største førekomstar av rutil og granat – to råvarer med sterk etterspurnad frå grøn industri globalt. Rutil blir brukt i produksjon av titanmetall og pigment, granat i industrielle slipe- og skjæreprosessar.

Unikt norsk utgangspunkt
Noreg er eitt av svært få land i verda med godkjenning for utvinning av titanmineralar. Prosjektet er ein del av EUs strategi for kritiske råvarer, der tryggleik i forsyningskjeda har fått auka politisk prioritet.

Naturgjevne fortrinn på Engebø
- Kystnær lokasjon: 600 meter frå isfri fjord
- Gravitasjonstransport frå gruve til kai utan energibruk
- Tilgang på fornybar vasskraft

Lokal tru og politisk vilje
Lokal og politisk støtte over meir enn ti år med krevjande konsesjonsprosessar var avgjerande for at prosjektet vart realisert.

Sjølve investeringa

Konsesjon og planlegging
- Første søknad 2008, konsesjon gjeven 2011
- Endeleg godkjenning etter klagerunde 2016
- Anleggsstart 2021

Utbygging
- Dagbrot på 210 dekar
- Underjordisk gruveområde på 709 dekar
- Prosessanlegg og utskipingsanlegg ved fjorden

Produksjonsstart
- Første mineralkonsentrat produsert 23. desember 2024
- Oppskalering mot full produksjon gjennom 2025
- Forventa driftslevetid på over 40 år

Investeringsramme
- Samla investeringsbehov på nærmare 3 milliardar kroner
- Heile produksjonen av rutil og granat seld for dei første fem åra

Ringverknader

Arbeidsplassar og verdiskaping
- Omlag 110 direkte arbeidsplassar i drift
- Totalt tal inkl. indirekte ringverknader kan gongast med tre
- Etableringsperioden 2021–2025 gav 1,8 milliardar kroner i indirekte verdiskaping

Lokal næringsutvikling
- 455 millionar kroner gjekk direkte til næringslivet i Sunnfjord
- Lokale verksemder innan bygg, anlegg, maskin og elektro har styrkt kompetanse og kapasitet
- Medviten bruk av lokale kontraktørar gjennom heile utbyggingsfasen

Ny mineralindustri
- Den første nye gruva i Noreg på nær 40 år
- Eit springbrett for vidare mineralutvikling i regionen

Kjelde: *BDO (2026). Ringverknadsanalyse av Engebø Rutile and Garnet – etablerings- og driftsfasen 2021–2025. På oppdrag frå Sunnfjord Utvikling. Publisert 8. april 2026.*

Læringspunkt med overføringsverdi

Nordic Mining på Engebø

Bygg kompetanse og organisasjon – ikkje berre anlegg

Det varige bidraget er ein profesjonell prosjekt- og driftsorganisasjon som kan takast vidare til nye prosjekt.

Bruk lokale leverandører bevisst

Lokale kontraktar gir verksemdene erfaring og referansar dei tek med inn i nye oppdrag. Det gjer at heile regionen står sterkare.

Rekn med ei lang planfase

17 år frå søknad til drift. Store industriprosjekt krev stayerevne gjennom lange konsesjons- og finansieringsprosessar.

Tolmod, vilje og lokal støtte avgjer

Lokal tru, politisk vilje og tolmodige eigarar var kombinasjonen som losa prosjektet i mål.



For 40 år sidan kom den avgjerande kontrakta, og basen har aldri stoppa å vekse

Fjord Base i Florø er Noregs største og mest komplette forsyningsbase. Det heile starta i 1982, då to lokale gründerar såg moglegheitene i eit lite industriområde på Botnastranda. Dei bygde ut utan å ha alle kontraktar på plass, driven av risikovilje og ei djup tru på at Florø sin plassering ved kysten ville gje varig etterspurnad.

Fjord Base har sidan bygd opp 40 års erfaring innan olje- og gassindustri, og basen forsyner i dag Equinor og Vår Energi sin aktivitet vest om Florø, på Tampen-området. I tillegg forsyner basen ulike lete- og boreoperasjonar i vårt område.

I dag er Fjord Base ei klynge med over 65 selskap og meir enn 650 tilsette. No posisjonerer basen seg mot nye marknader innan hydrogen, ammoniakk og havvind – med ei ny kraftlinje frå Guleslettene som legg grunnlaget for vidare grøn utvikling.



Bilde lånt fra fjordbase.no

Kjelde: Fjordbase.no, Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking

Oljefelta utanfor kysten har vore avgjerande for oppstarten og utviklinga av basen. Sidan har Fjord Base bygd seg til ei klynge på over 65 selskap og 650 tilsette

Årsak til investering

Olje- og gassverksemda som utløysande faktor

Etableringa av olje- og gassverksemd var den utløysande faktoren for basen, og har vore den største inntektskjelda til verksemda sidan oppstart. Florø sin geografiske plassering ved kysten med kort avstand til Nordsjøen la det naturgitte grunnlaget.

Strategisk konsesjon og lokalt pågangsmot

- Snorre-feltet vart tildelt i 1988, med krav om forsyning frå Florø. Gullfaks bar aktiviteten dei første åra, medan Snorre vart avgjerande for utviklinga vidare
- Estimert levetid var 15–20 år; no er produksjon venta til 2040–50
- Framoverlente lokale politikarar og gründerar med risikovilje bygde ut utan å ha alle kontraktar på plass

Langsiktig vilje til å stå i tøffe periodar

- Gjennom oljekriser i 1999 og 2015 valde basen å investere og utvikle seg vidare i staden for å trekkje seg tilbake
- Fram til 2000 var basen i praksis 100 % eksponert mot olje og gass; satsinga på torsk gav seinare fleire bein å stå på

Grøn omstilling som ny vekstdrivar

- Aukande etterspurnad etter grøn energiinfrastruktur og havvind har opna nye marknader
- Solid kompetanse frå olje og gass gjer basen godt posisjonert for energiomstillinga

Sjølve investeringa

Etablering og tidleg utvikling (1982–2000)

- Basen tok form i 1982 på Botnastranda i Florø
- Fjord Base AS som driftsselskap formelt stifta desember 1985
- I 1988 vedtok Stortinget at driftsorganisasjonen for Snorre-feltet skulle leggast til Stavanger og Florø – eit historisk gjennombrot for basen

Vekst og utvikling (2000–2020)

- 40 år med kontinuerlege investeringar i areal, infrastruktur og tenester
- Disponerer i dag over 1 060 mål opparbeidd areal med tilhøyrande infrastruktur og over 65 selskap etablerte på basen

Grøne investeringar (2020–)

- Ny 132 kV kraftlinje frå Guleslettene til basen – utløyser omlag 700 millionar kroner i nye prosjekt
- Landstraum installert på alle kaier for å redusere CO_2-utslepp frå fartøy
- Investering i elektrisk kran for lasting og lossing
- Involvert i H2CoVE-prosjektet for hydrogeninfrastruktur

Eigarskifte og ny fase

- 75 % av aksjane selt til utanlandske eigarar (Ancala)
- Ny eigarstruktur har gjeve selskapet handlingsrom og kapital for vidare utvikling
- Driftsinntekter i Fjord Base AS 227,7 mill. kr i 2024, overskot over 80 mill. kr – Saga Fjordbase AS kjem i tillegg

Ringverknader

Direkte arbeidsplassar og verdiskaping

- Over 650 tilsette i dagleg drift – omlag éin av ni arbeidstakarar i heile Kinn kommune
- Lokal verdiskaping på om lag 1,7 milliardar kroner kvart år gjennom løn til tilsette, lokale innkjøp og skattar til kommunen
- Driftsinntekter i Fjord Base AS på 227,7 millionar kroner i 2024, med overskot over 80 millionar – Saga Fjordbase AS kjem i tillegg

Ei klynge av verksemder

- Over 65 selskap er i dag etablerte på basen; eit økosystem der verksemdene dreg nytte av kvarandre og saman skaper eit tilbod ingen av dei kunne ha levert åleine
- Basen har 2 000 skipsanløp og 5 000 trailerlaster inn og ut av området kvart år

Grøn omstilling og nye marknader

- Basen er i aktiv omstilling mot hydrogen, ammoniakk, havvind og datasenter
- Involvert i H2CoVE-prosjektet for utvikling av hydrogeninfrastruktur på Vestlandet
- Posisjonerer seg mot det britiske marknaden som mellomlagringsplass for havvindkomponentar

Infrastruktur og nettverksutvikling

- Ny 132 kV kraftlinje frå Guleslettene til basen – investering på omlag 700 millionar kroner
- Saga Connect – eigenutvikla plattform som effektiviserer laste- og losseoperasjonar, gjev raskare snutid og lågare CO_2-utslepp

***Kjelde**: EY (2024). Ringvirkningsanalyse av Fjord Base Gruppen. På oppdrag frå Fjord Base Gruppen, november 2024. Tilgjengeleg frå: Fjord Base.no, gennomførte samtalar*

Læringspunkt med overføringsverdi

Fjord Base

Byggje stein på stein

Basen er bokstavleg tala utvikla stein på stein, ut frå behov i marknaden. Gründerane bygde ut areal før kontraktane var på plass – risiko som gav avkastning.

Invester også i nedgangstider


Under oljekrisene i 1999 og 2015 valde basen å investere vidare i staden for å trekkje seg tilbake.

Utnytt klyngeeffekten

Over 65 selskap deler infrastruktur og skaper saman eit tilbod ingen av dei kunne levert åleine.

Lokal støtte og tolmodig eigarskap

Kommunen og lokale politikarar var avgjerande, saman med tolmodige og risikovillige eigarar. Sal av delar av basen finansierer torskeoppdrett og vidare utvikling.



Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking

Frå pilot til eit av verdas største landbaserte anlegg

Bue Salmon er eit av dei mest ambisiøse prosjekta i norsk havbruk, og representerer ein heilt ny produksjonsmodell innan lakseoppdrett. Selskapet vart etablert i 2015, med utgangspunkt i pilotanlegget i Bulandet.

Storutvidinga kjem på Lutelandet industriområde, der Bue Salmon har fått konsesjon på 50 000 tonn laks – noko som vil gjere dette til eit av dei største landbaserte oppdrettsanlegga i verda. Landbasert oppdrett er enno i ein tidleg fase og kapitalmiljøa vurderer at risikoen er stor. Selskapet arbeider for tida med finansiering av første byggetrinn.

Lutelandet er unikt eigna for dette. Det er likevel ei utfordring at anlegget ligg avsides til, noko som kan gjere rekruttering vanskelegare.



Bilde lånt fra buesalmon.com

Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking, buesalmon.com

Bue Salmon viser at lågenergiteknologi og djupvatn kan løyse problema sjøbasert oppdrett ikkje får bukt med

Årsak til investering

Dokumenterte resultat og solid eigarskap
- Bue har dokumentert biologiske og økonomiske resultat på linje med dei beste oppdrettarane i sjø
- Kapitalsterke eigarar, mellom anna Hatteland-familien, gjev langsiktig finansiell ryggrad

Regulatorisk utvikling i sjøbasert oppdrett
- Trafikklyssystemet og aukande krav til lusehandtering har drive næringa mot nye produksjonsformer
- Landbasert oppdrett løyser biologiske utfordringar sjøanlegga slit med – utan luseproblem og med stabil vasskvalitet

Naturgjevne fortrinn på Lutelandet
- Etablert industriområde med ferdig regulerte tomter og to djupvasskaier
- Svært djupt vatn utanfor – gjev fridom til å velje inntakspunkt for kaldt, reint djupvatn
- Lokal produksjon av fornybar energi frå vindturbinar på området

Infrastruktur skapt av tidlegare investeringar
- Tidlegare vindkraftinvesteringar på Lutelandet la grunnlaget for nettkapasitet og regulert areal
- Bue Salmon sikra 14,99 MW nettkapasitet gjennom BKK si «tilknyting på vilkår»-ordning

Sjølve investeringa

Pilotanlegget på Bulandet (2022–)
- Piloten på Bulandet tok til med produksjon av smolt i mai 2022
- Første matfisk hausta i april 2024 med 95 % superior-andel
- Sidan oppstart har selskapet hatt ei samla verdiskaping på 500 millionar kroner
- Brukar lågenergiteknologi basert på gjennomstrøyming av kaldt, reint djupvatn direkte frå havet

Lutelandet – første byggetrinn
- Grunnarbeid starta november 2025
- Investeringsramme på om lag 3 milliardar kroner for første byggetrinn
- Produksjonskapasitet på inntil 15 000 tonn matfisk i første byggetrinn
- Nettkapasitet sikra gjennom avtale med BKK

Full utbygging
- Konsesjon på 50 000 tonn – mål om samla produksjon på 50–60 000 tonn på Bulandet og Lutelandet
- Ved full utbygging vil dette vere eit av verdas største landbaserte oppdrettsanlegg

Ringverknader

Direkte arbeidsplassar og verdiskaping
60 nye arbeidsplassar i åra som kjem, med hovudkontor i Florø. Forventa omsetning på 1,2–1,3 milliardar kroner per år på første byggetrinn åleine.

Lokal næringsutvikling
Om lag 40 % av investeringane i byggefasen i pilotanlegget på Bulandet gjekk til lokale og regionale leverandørar.

Katalysator for Lutelandet
Satsinga har vore ein katalysator for heile industriområdet og styrkjer grunnlaget for vidare etableringar på Lutelandet – eit industriområde som no utviklar seg til eit knutepunkt for grøn industri i Sunnfjord.

Kjelde: *Konsesjon 50 000 tonn: iLaks (2025). Bue Salmon er godt i gang med ny etablering.* Bue Salmon (2025). *Bue Salmon and Bolaks Group Enter Strategic Partnership*. buesalmon.com, januar 2025. Gjennomførte samtalar.

Læringspunkt med overføringsverdi

Bue Salmon

Start der du er, og lær undervegs

Bue Salmon starta i det små på Bulandet, bygde biologisk kunnskap over år og skalerte gradvis til å bli ein av dei mest ambisiøse aktørane.

Eksisterande infrastruktur gjev rom for ny industri

Nettkapasiteten frå vindturbinane på Lutelandet vart avgjerande for at eit heilt nytt havbruksprosjekt kunne etablere seg nettopp der.

Framtidsretta industri i distriktet

Naturgjevne fortrinn kombinert med teknologisk ambisjon og langsiktig eigarskap gjer distriktet konkurransedyktig.

Tolmodig kapital er ein føresetnad

Landbasert oppdrett krev stor eigenkapital og investorar som toler krevjande fasar over fleire år før ringverknadene kjem.



Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking

Eit av Noregs største landbaserte vindkraftverk

Guleslettene vindkraftverk ligg i Bremanger og Kinn kommunar, og er eit av dei største landbaserte vindkraftverka i Noreg. I 2024 kjøpte Eviny kraftverket frå det amerikanske investeringsselskapet BlackRock. Oppkjøpet er ein del av ein nasjonal trend der norske aktørar tek tilbake eigarskap i vindkraft.

Kraftproduksjonen på Guleslettene er eit konkret svar på ei av dei mest akutte utfordringane næringslivet i regionen peikar på: tilgang på meir fornybar energi.

Ringverknadene av vindkraftinvesteringar i regionen er dokumentert og vesentlege. Lokale bygg- og anleggsverksemder har fått store kontraktar i utbyggingsfasen, og eigedomsskattar frå vindkraftverket gjev kommunane inntekter og bidreg til å finansiere lokale tenester.



Bilde lånt fra zephyr.no

Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking, Zephyr.no, mars 2026.

197,4 MW og 700 GWh i året gjer Guleslettene til ein nøkkelressurs for ny industri i regionen

Årsak til investering

Aukande etterspurnad etter fornybar energi
Den globale veksten i etterspurnad etter rein energi, kombinert med Noregs mål om å auke fornybar produksjon, skapte eit gunstig investeringsklima for vindkraft på land tidleg på 2010-talet.

Gode vindressursar og naturgjevne fortrinn
Guleslettene ligg i eit av dei mest vindrike områda på Vestlandet. Kombinert med nærleik til eksisterande kraftnett og industriområde gjorde dette området særleg eigna for storskala vindkraftutbygging.

Regionalt behov for meir kraftkapasitet
Næringslivet i regionen, frå tungindustri til nye vekstnæringar som datasenter og landbasert oppdrett, har auka behov for meir fornybar kraft. Vindkraft på land er ein av dei raskaste og mest kostnadseffektive måtane å auke produksjonskapasiteten på.

Regionalt eigarskap som strategisk val
Eviny sitt oppkjøp frå BlackRock i 2024 var eit medvite val om å sikre at verdiskapinga frå kritisk infrastruktur går til regionale og nasjonale offentlege eigarar. Dette legg også grunnlaget for vidareutvikling av vindkraftkapasiteten i regionen.

Sjølve investeringa

Utbygging
- Konsesjon gjeven av NVE i 2014, endeleg vedtak i 2016
- 47 vindturbinar med rotordiameter på 136 meter og tårnhøgde på 90 meter
- Installert effekt på 197,4 MW. Opphavleg konsesjon på 160 MW vart i 2017 auka etter søknad til NVE, mogleggjort av rask teknologisk utvikling i turbinmarknaden
- Sett i drift desember 2020 med konsesjon fram til 2045

Produksjon
- Årleg produksjon på om lag 700 GWh
- Dekker straumforbruket til omlag 35 000 husstandar
- Leverer kraft direkte til industri i regionen

Eigarskifte og vidareutvikling
- Opphavleg bygd og eigd av BlackRock
- Kjøpt av Eviny i 2024 saman med Tellenes vindkraftverk – kjøpet auka Eviny sitt langsiktige eigarskap i fornybar energi med nær 20 %
- Eviny planlegg fortetting og vidareutvikling av vindkraftkapasiteten på Guleslettene

Ringverknader

Lokalt næringsliv og sysselsetting
Utbygginga skapte stor aktivitet for lokale og regionale bygg- og anleggsverksemder i anleggsperioden. Desse erfaringane og referansane har styrka lokale verksemder sin kapasitet til å ta på seg tilsvarande oppdrag i framtida.

Kommunale inntekter
Guleslettene er ein av dei største bidragsytarane til eigedomsskatt i Kinn kommune. Ein varig og stabil inntektsstraum som går direkte til finansiering av lokale tenester og infrastruktur så lenge kraftverket er i drift.

Auka kraftkapasitet for ny industri
700 GWh i årleg produksjon styrker det regionale kraftoverskotet og gjev næringslivet betre tilgang på fornybar energi. Dette er avgjerande for verksemder som treng rein kraft som direkte føresetnad for etablering og vekst. Dette bidreg til å gjere regionen meir attraktiv for nye energiintensive næringar.

Regionalt eigarskap og verdiskaping
Eviny sitt oppkjøp frå BlackRock i 2024 sikrar at verdiskapinga frå kraftverket i større grad vert verande i regionen. Dette bidreg til at overskotet går tilbake til offentlege eigarar og regionen.

Kjelde: *NVE. Vindkraftverk – Guleslettene. nve.no, Eviny (2024). Eviny kjøper vindparkene Guleslettene og Tellenes. eviny.no, januar 2024.*

Læringspunkt med overføringsverdi

Guleslettene vindmøllepark

Store energiprosjekt krev tålmod og pågangsmot

Frå første søknad i 2011 til oppstart i 2020 gjekk det nær ti år med klagar og konsesjonsrundar. Realisering krev vilje til å stå løpet ut.

Det kan løne seg å vente på teknologien

Ved å auke effekten frå 160 til 197,4 MW med betre turbinar fekk ein meir kraft frå same areal utan større påverknad på omgjevnadene.

Regionalt eigarskap kan takast tilbake

Eigarskiftet frå BlackRock til Eviny i 2024 viser at verdiskapinga frå kraftproduksjon kan gå tilbake til det regionale fellesskapet.

Meir kraft er fundamentet for industri

Fornybar kraft er ikkje berre klimatiltak; det er ein viktig føresetnad for ny industri, nye arbeidsplassar og nye investeringar i regionen.



Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking

Frå attraksjon til vekstmotor, saman om eitt reisemål

Aurland Ressursutvikling (i dag Norway`s best Group) har vore den sentrale drivaren i utviklinga av Flåm som internasjonal reiselivsdestinasjon. Gjennom langsiktig satsing på logistikk, produktutvikling, marknadsføring og samarbeid har Flåm utvikla seg frå eit lite bygdesamfunn til eit av dei sterkaste reisemåla i Noreg. Utviklinga har skjedd over meir enn 30 år, med målretta arbeid for å skape heilårsaktivitet og høgare verdiskaping per gjest.

Ein viktig suksessfaktor har vore evna til å samarbeide på tvers av verksemder og utvikle målretta marknadsføring, sal og pakketering av opplevingar. Dette har gjort at ein står fram som eit samla reisemål i den internasjonale marknaden, samtidig som verdiskapinga kjem fleire aktørar til gode.



Bilde lånt fra fjordtours.com

Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking, norwaysbest.com

Flåm viser at heilårsturisme ikkje er eit naturleg fenomen. Det er resultatet av 30 år med målretta marknadsføring, produktutvikling og lokal investeringsvilje

Årsak til investering

- Eit ønskje om å utvikle Flåm frå ein gjennomfartsstad og enkeltattraksjon til eit internasjonalt reisemål med heilårsaktivitetar og høg lokal verdiskaping.
- Ville utvikle potensialet i Flåmsbana kombinert med naturen og fjorden som eit grunnlag for eit større reiselivsprodukt.
- Mål om å få gjestar til å bli lenger, bruke meir pengar lokalt, og såleis skape eit grunnlag for fleire arbeidsplassar og lokal næringsutvikling.

Sjølve investeringa

- Langsiktig satsing på Flåmsbana som motor for vidare reiselivsutvikling
- Tett samarbeid mellom lokale aktørar om utvikling av reisemålet
- Store investeringar i infrastruktur, hotell og opplevingar (over 1 milliard kroner dei siste åra)
- Fokus på heilårsdrift og høgare verdiskaping per gjest
- Evne til å byggje eit samla økosystem av små og store verksemder rundt reiselivet
- I dag er fordelinga om lag 25 % cruiseturisme, 35 % buss/turoperatør og resterande turistar som finn vegen fram på eiga hand

Ringverknader

Fleire arbeidsplassar
Satsinga har skapt fleire hundre heilårsarbeidsplassar innan hotell, transport, guiding, servering og aktivitetstilbod. Dette er eit direkte resultat av den medvitne strategien om å utvikle Flåm frå sesongdestinasjon til heilårsreisemål.

Verdiskaping pr. pax
Kvar gjest legg igjen meir gjennom produktutvikling og kvalitetsheving. Reiselivsomsetninga i Aurland kommune har vakse frå 80 millionar kroner i 1998 til over 1,6 milliardar kroner i 2024 – ein auke på 20 gonger på nærare 30 år.

Etablering av nye tiltak
Omlag 1,5 millionar gjester frå over 150 land besøker Flåm kvart år, og Flåmsbana transporterer nærare 1 million passasjerar i eit normalår. Dette volumet har lagt grunnlaget for nye aktivitetar og tenester, og styrkjer busetjing og næringsutvikling i Aurland kommune.

Kjelder: *Norway's Best Group (visitflam.com), Visit Flåm (visitflam.com/no/information/about-us). Flåm As årsrapport 2024. NHO Reiseliv: Reiselivets verdi: Destinasjonsanalyser*

Læringspunkt med overføringsverdi

Reisemål Flåm

Sjå det uutnytta potensialet

Lokale aktørar såg at Flåmsbana, fjorden og naturen kunne bli eit internasjonalt reisemål, ikkje berre ein gjennomfartsstad.

Samarbeid samlar fleire aktørar til eitt reisemål


Tett samspel mellom lokale aktørar gjorde det mogleg å stå samla i marknaden, medan verdiskapinga vart fordelt lokalt.

Frå enkeltattraksjon til komplett reisemål

Eit stort trafikkgrunnlag skapte rom for nye aktivitetsselskap, servering, hotell og opplevingsbedrifter, med sterkt fokus på heilårsaktivitet.

Vekst har ei tolegrense

Når volumet nærmar seg tolegrensa, ligg verdien i heilårssatsing og høgare verdiskaping per gjest.



Bilde lånt fra Visit Flam v/ Sverre Hjorne

Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking

Frå fotballstadion til regionalt kraftsenter

Fosshaugane Campus (Campus Sogndal) er eit av dei mest imponerande døma på stadutvikling i distrikts-Noreg. Det som starta som ei fotballbane i Sogndal på 1960-talet, er i dag ein nasjonal møteplass for utdanning, idrett, innovasjon og næringsliv - omtalt som ein «smeltedigel» der kompetanse møter ambisjon.

Prosjektet vart formelt etablert då samarbeidet mellom Sogndal Fotball, høgskulen, kommunen og fylket tok form rundt 2001.

I 2025/26 var det kring 2 300 studentar og nær 1000 tilsette ved Campus Sogndal. Campus rommar Høgskulen på Vestlandet, Sogndal VGS, fleire idrettsanlegg og kring 40 bedrifter fordelt på 84 000kvm. Analysen peikar på Campus som eit avgjerande tiltak for bu-attraktivitet og kompetansebygging i regionen.



Bilde lånt frå Fosshaugane Campus/ Sogndal Fotball

Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking,

Det som starta med Sogndal Fotball på 1960-talet er i dag ein nasjonal møteplass for utdanning, idrett, innovasjon og næringsliv

Årsak til investering

Fotball som katalysator
Sogndal Fotball starta utbygging i 2004 basert på ein visjon om ein samla campus. Idretten tok initiativet og drog med seg utdanning, forsking og næringsliv.

Offentleg-privat samarbeid
Staten (Statsbygg), fylkeskommunen, Sogndal kommune og Sogndal Fotball gjekk saman. Det offentlege leigde lokale i private anlegg, billegare enn å byggje sjølv og gav samtidig synergiar.

Mangel på møteplassar
Regionen mangla ein arena der næringsliv, utdanning og offentleg sektor møttest. Campus fylte dette vakuumet og skapte ny næringsaktivitet.

Regional bu-lyststrategi
Sogndal satsa bevisst på bu-attraktivitet for aldersgruppa 18 - 35 år. Campus vart eit konkret verkemiddel for å halde på og trekke til seg talentfull ungdom.

Sjølve investeringa

Det har vore kontinuerleg investering i ulike trinn.

Tidslinje for utbygging:
1998: Sognahallen innandørs fotball
2004: Byggestart Stadionbygg
2006: Fosshaugane Campus offisielt opna
2011: Ny vidaregåande skule
2012: Høgskulebygg («the missing link»)
2016: Nye studentbustader
2017: Innovasjonsbygg (2 000 m²)
2025: Svingen bygget (sentrale leigetakarar er Vestlandsforsking og Norconsult).

Samla investering:
Nær 2 mrd. kr i idrettsanlegg og eigedomsprosjekt etter år 2000.

Innovasjonsbygg (2017)
- 2 000 m², tre etasjar
- Halvparten reservert for nye gründerverksemder
- Fleksible kontorplassar frå dagleg til langsiktig leige

Ringverknader

Arbeidsplassar og næringsmiljø
Frå 1 privat bedrift i 2004 til ca. 40 private aktørar i dag. nLink, Rocketfarm, Falkeblikk og fleire globalt kjende selskap vaks fram her.

Kompetansemiljø og FoU
Campus samlar HVL, Sogndal VGS, Innovasjon Noreg og Kunnskapsparken Vestland. Regionen har fått tilgang på akademisk kompetanse i nærleiken.

Bu-attraktivitet og rekruttering
SognaCamp-programmet nyttar Campus aktivt til studentrekruttering. Fleire tilflyttarar trekkjer fram campusmiljøet som avgjerande for valet om å bu i regionen.

Inspirasjon for regionen
Modellen er direkte inspirasjon for Peak i Sunnfjord og FUS-nettverket. Dette har bidrege til at arbeidsplassar har vakse fram gjennom møte og samhandling på tvers av fagmiljø.

Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking,
Campus Fosshaugane https://www.campussogndal.no/,
Sogndal Fotball: https://www.sogndalfotball.no/fosshaugane/fosshaugane-campu
Årsrapport Digdir: https://www.digdir.no/arsrapporter/digdirs-arsrapport-2025/8072

Læringspunkt med overføringsverdi

Campus Sogndal

Få til det ingen klarer åleine

Sogndal Fotball, høgskulen, Statsbygg, fylket og kommunen gjekk saman om eit mål ingen av dei kunne nå kvar for seg.

Leig i staden for å byggje sjølv

At staten og fylket leigde seg inn i private anlegg gav lågare risiko ved realisering, lågare kostnad og ein permanent straum av folk som fylte Campus med liv.

Tettleik av folk skaper kompetanse

Frå éi til over 40 verksemder. Samspelt mellom utdanning, idrett og forsking gav ein kompetansetettleik som i seg sjølv trekkjer til seg nye miljø.

Innhaldet må utviklast vidare

Færre studentar dei siste åra viser at ei suksesshistorie må fornyast kontinuerleg for å halde ringverknadene ved lag.



Bilde lånt frå Fosshaugane Campus/ Sogndal Fotball

Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking

Den offentlege klynga Sogn: Digitaliseringsdirektoratet (Digdir)

Leikanger i Sogndal kommune er heimen til ein av Noregs mest uvanleg plasserte statsinstitusjonar: Digitaliserings-direktoratet (Digdir), som er regjeringa sitt fremste verktøy for digitalisering av offentleg sektor. Det som starta som eit tomannsprosjekt i 1999, er i dag ein nasjonal og europeisk nøkkelaktør med omlag 160 tilsette i Leikanger.

Digdir driftar og utviklar fellesløysingane som held det digitale Noreg i gang, og når EU no skal modernisere eID-løysingane for heile Europa er det ekspertise frå Leikanger som gjev råd.

Det er sjeldan at ein stad med 2 000 innbyggjarar huser eit fagmiljø med slik tyngde. Offentlege arbeidsplassar i Leikanger auka med 42 % frå 2005 til 2016, og bidrog til at kommunen hadde ei folkeauke på nær 20 % i same periode.



Bilde lånt frå eIDAS-konferansen Digdir.no

Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking

Leikanger er ein hovudlokasjon for Digdir. Det er ikkje tilfeldig, og det har forma eit digitalt fagmiljø i Sogn

Årsak til investering

Politisk avgjersle og lokal vilje
Norge.no vart i 1999 etablert som prosjekt under Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Sterk lokal forankring og gründermentalitet blant dei første tilsette var avgjerande.

Kompetansemiljø bygd nedanfrå
Dei første tilsette tok risiko og utvikla tenestene raskt. Tillit vart bygt ved å vise resultat tidleg, m.a. ved å få Skatteetaten med på laget.

Strategisk samanslåing
Samanslåinga med Statskonsult (2008) tilførte forvaltningskompetanse. Opprettinga av Digdir i 2020 (Difi + Altinn) skalerte miljøet og oppdraget ytterlegare.

Veksande samfunnsoppdrag
KI-utvikling, EU eIDAS-regulering og nasjonale digitaliseringstiltak gjev Digdir eit stadig viktigare oppdrag.

Sjølve investeringa

Tidslinja:
1999: Norge.no: 2 personar, Fylkesmannen
2006: Veks til ca. 15 - 20 personar
2008: Samanslåing med Statskonsult
2010: DIFI etablert, Leikanger hovudbase
2020: Digdir oppretta (Difi + Altinn)
2026: Ca. 160 tilsette i Leikanger

Digdir i dag:
- Ca. 400 tilsette totalt
- Ca. 160 tilsette i Leikanger
- Avdeling fellesløysingar: 115 tilsette

Produkt frå Leikanger:
- ID-porten, Maskinporten, Ansattporten
- Digital postkasse, eSignering
- Tilsyn for universell utforming av IKT
- EU eIDAS-rådgjeving

Ringverknader

Direkte sysselsetting
Offentlege arbeidsplassar i Leikanger auka 42 % frå 2005 - 2016. Tilsette med familiar gir ringverknader i handel, barnehagar og bustadmarknaden.

Privat spin-off
Ved å kjøpe utviklingstenester frå Rocketfarm i oppstartsfasen gav Digdir verksemda eit viktig grunnlag for vidare vekst. Samstundes har samarbeid om kompetanseressursar bidrege til å halde kompetansen i regionen og styrkt evna til å skalere opp når oppdragsmengda aukar.

Omdøme og rekruttering
Leikanger/Sogndal er blitt ei merkevare som teknologiarbeidsplass. Digdir rekrutterer no nasjonalt og internasjonalt, og folk spør aktivt om ledige stillingar.

Framtidig vekstpotensial
Digdir er «verktøykassa» i perspektivmeldinga. KI-satsing og EU eID-samarbeid gjev Leikanger-miljøet solid vekstgrunnlag.

Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking. Årsrapport Digdir 2024.

Læringspunkt med overføringsverdi

Digdir på Leikanger

Riktig timing og lokal vilje

Fylkesmannen tok initiativet i 1999, og politisk vilje til å plassere direktorat utanfor Oslo gav regionen eit statleg fagmiljø av nasjonal tyding.

Gründermentalitet i oppstartsfasen

Nøkkelpersonar som stilte opp og ville lukkast var avgjerande for å byggje tillit i den første driftsfasen.

Bygg eigne rekrutteringsvegar

DigdirCamp-modellen har rekruttert om lag 10 % av dei tilsette. Meiningsfullt arbeid kombinert med fjord og fjell verkar.

Frå distrikt til Europa

Også offentlege tenester kan eksporterast. Leikanger-miljøet er sentralt i utviklinga av felles digitale løysingar for Europa, med vekstgrunnlag i KI, cybersikkerheit og EU-samarbeid.



Bilde lånt frå Digdir.no

Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking

Transformasjon av ei historisk industritomt

Lerum Brygge er eit av dei mest markante byutviklingstiltaka i Sogndal dei siste åra. Prosjektet spring ut av ei avtale mellom Lerum Fabrikker og eigedomsutviklaren Nordr og Veidekke i 2016. Den gamle saft- og syltetøyfabrikken, som i fleire tiår var eit industrielt landemerke i Sogndal, vart riven og tomta omgjort til eit bustadkompleks i tre blokker med totalt 115 moderne leiligheiter, næringsareal og p-hus. I dag er bustadkomplekset eit synleg landemerke, der det er etablert eit amfi og trekai mot sjøen, ope for heile lokalsamfunnet.

Prosjektet skapte ringverknader langt utover bustadbygging: Lerum Fabrikker fekk samtidig modernisert fabrikken sin på Kaupanger, noko som har bidrege til rekordresultat og ein omsetnad som no nærmar seg ein milliard kroner.



Bilde frå Lerum AS, fotograf: Jonny Akselsen

Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking

Nye bustader styrkar folkevekst medan moderne industripark for Lerum gav rekordresultat

Årsak til investering

Strategisk næringsutvikling
Lerum Fabrikker trong moderniserte produksjonslokale. Samtidig var fabrikktomta på kaia svært verdifull for sentrumsutvikling.

Bustadpress i Sogndal sentrum
Sogndal er eit regionssenter med vedvarande høgt bustadpress. Etterspurnaden etter sentrumsnære bustader var stor.

Fjordnær byutvikling
Kommunen og utbyggjar såg moglegheita til å opne kaia mot fjorden og skape ein ny møteplass for heile bygda.

Industriell transformasjon
Ei gamal industritomt midt i sentrum var eit hinder for byutvikling. Prosjektet transformerte dette til ein attraksjon

Sjølve investeringa

Byggetrinn 1 – Blokk A (2020–2022)

- 8 etasjar, 43 husvære
- Næringsareal i 1. etasje

Byggetrinn 2 – Blokk B og C (2022–2024)

- 45 husvære (blokk B) og 27 (blokk C)
- Samanhengande parkeringskjellar

Totalt prosjekt:

- 115 leiligheiter
- Næringsareal + parkering
- Uteområde, trekai og fjordsti
- Samla salsverdi heile prosjektet: 600 + mill. kr

Ringverknader

Buattraktivitet
115 nye sentrumshusvære styrkar folkevekst og rekruttering til regionen.

Lerum Fabrikker – industriell vekst
Modernisert fabrikk på Kaupanger; omsetnad nærmar seg 1 milliard kroner i 2025.

Ny offentleg møteplass
Fjordstien og amfiet er ope for heile bygda. Mange nyttar kaipromenaden dagleg.

Næringsutvikling i 1. etasje
Planlagd kafé/restaurant som aktiverer bryggeområdet og skaper ny besøksstraum.

Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking, Veidekke prosjekter: Lerum Brygge Byggeindustrien: Lerum Brygge 31.05.2023

Læringspunkt med overføringsverdi

Lerum Brygge

Alle partar må vinne

Lerum fekk ny fabrikk, Veidekke ei unik tomt og Sogndal opna kaia. Løysinga bar fordi kvar aktør vann på den.

Behald lokalt eigarskap i verdiskapinga

Gjennom Lerum Brygge AS beheldt Lerum eigarskap og fekk del i den langsiktige verdien av si eiga historiske tomt.

Lokal merkevare og profesjonell utvikling

Kombinasjonen av sterk lokal merkevare og profesjonell eigedomsutvikling var avgjerande for at prosjektet lukkast.

Riktig timing i marknaden

Høg etterspurnad etter bustad i regionsenteret og fjordnær byutvikling gav prosjektet momentum på rett tidspunkt.



Bilde frå Lerum As

Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking

AI-vekst og ny industri

Lefdal Mine Datacenter er eit av Europas største og mest framtidsretta datasenterprosjekt, etablert i den tidlegare olivingruva på Lefdal. Prosjektet starta rundt 2009 med mål om å utvikle eit grønt og energieffektivt datasenter for internasjonale cloud- og datalagrings-tenester, basert på naturlege fordelar.

I dag leverer datasenteret kapasitet til kundar innan sky-løysingar, datalagring og AI. Datasenteret har sikra straumkapasitet fram til midten av 2027, og vidare vekst handlar no i stor grad om tilgang på ny kraftkapasitet.

Investeringane er i milliardklassen og har skapt viktige ringverknader for regionen gjennom nye arbeidsplassar, styrka kraft- og fibernett, auka teknologikompetanse og ny grøn industriutvikling i Nordfjord.



Bilde lånt fra lefdalmine.com

Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking

Ei nedlagd gruve er no eit av Europas mest energieffektive datasenter, og trekk internasjonale teknologiverksemder til regionen

Årsak til investering

Sterk vekst i global datalagring
Behovet for skyløysingar, AI, datalagring og høgkapasitets datasenter veks kraftig nasjonalt/ internasjonalt.

Regionen sine naturlege fortrinn
- Fornybar kraft
- Naturleg kjøling frå djupe fjordar
- Lågare CO_2-avtrykk enn mange andre land

Gjenbruk av industribygg/gruve
- Enorme areal
- Eksisterande tunnelar
- Låg utbyggingskostnad samanlikna med nye bygg

Europeisk etterspurnad etter «grøne datasenter»
Mange internasjonale selskap ønskte datasenter med låg klimabelastning.

Målet var å bygge eit grønt, energieffektivt og svært sikkert datasenter for internasjonale kundar. IBM var tidleg involvert i utviklinga av konseptet. Etter 6 år med planlegging var offisiell byggestart i 2015.

Sjølve investeringa

Første fase 2015 – 2022 (Etableringsfasen)
- Investering: ca. 450 millionar kroner
- Kapasitet: 10 MW
- Arbeidsplassar: 260 (direkte og indirekte)

Andre fase 2023 – 2025 (Høg vekst)
- Investering: ca. 830 millionar kroner
- Kapasitet: frå 10 til 40 MW
- Arbeidsplassar knytt til drift: 82 årsverk

Tredje fase 2026 – 2027 (framtidig vekst)
- Investering: ca. 2 860 millionar kroner
- Kapasitet: frå 40 til 80 MW
- Arbeidsplassar knytt til drift: 141 årsverk

Fjerde fase 2028 -2030 (prognose)
- Investering: ca. 3 300 millionar kroner
- Kapasitet: frå 80 til 200 MW
- Arbeidsplassar knytt til drift: 155 årsverk

Fram til utgangen av 2025 var det samla investert 1 280 millionar kroner. Vidare planlagt utbygging er på vel 6 milliardar kroner. Knappe 3 milliardar kroner av dette er sikra fordi ein har straumen og kapasitet er kontrahert.

Ringverknader

Arbeidsplassar
- Direkte arbeidsplassar (tilsette og innleigde hjå LMD og kundar)
- Arbeidsplassar knytt til investering, m.a. bygg og anlegg, elektro, fiber og logistikk
- Indirekte arbeidsplassar i samfunnet

Leverandørmiljø
- LMD har hatt som strategi å bruke lokale leverandørar
- Leverandørane har bygd kompetanse som kan brukast på liknande prosjekt andre stader
- Regionen trekk til seg teknologikompetanse
- Dette styrkar også regionen som datasenterområde

Infrastrukturutbygging
- Meir kapasitet i straumnett
- Betre fibernett
- Auka industriell aktivitet

Grøn industri
- Eit døme på grøn industriomstilling
- Ny bruk av tidlegare tungindustri/gruve

Kjelde: Menon Economics – Ringvirkninger av Lefdal Mine Datacenter (Menon-publikasjon nr. 63), 3i Infrastructure og 3i Group: 3i Infrastructure plc invests in Lefdal Mine Datacenter 11.03.2026

Læringspunkt med overføringsverdi

Lefdal Mine Datacenter

Tru på idéen før marknaden er moden

Alt rundt 2009 såg eit miljø i Måløy moglegheitene i cloud og datalagring – lenge før marknaden var klar.

Gjer naturgjevne fortrinn om til verdi


Grøn kraft, kaldt fjordvatn og den gamle olivingruva gav Nordfjord konkurransefortrinn for eit datasenter.

Samle kapital, kompetanse og politikk

Lokale eigarmiljø, bankar, SFE og Innovasjon Noreg samla ressursane og den politiske støtta prosjektet trong.

Internasjonale partnarar gjev truverd

IBM og Friedhelm Loh/Rittal bidrog med teknologi, kapital og den internasjonale truverda som løfta prosjektet.



Bilde lånt fra lefdalmine.com

Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking

Opplevingsbasert investering med breie ringverknader

Loen Skylift er ei av dei største enkeltinvesteringane innan reiseliv i Nordfjord, og representerer ei strategisk satsing på å utvikle regionen som heilårs destinasjon. Tiltaket knyt fjorden til fjellet gjennom ei moderne gondolbane frå Loen sentrum til Hoven.

Hotel Alexandra var den drivande krafta bak prosjektet og er i dag hovudeigar i Loen Skylift AS. Skyliften er ein integrert del av eit samla reiselivsprodukt som inkluderer Hotel Alexandra, Hotel Loenfjord, Loen Active, Via Ferrata Loen, restauranten på toppen av Hoven, Loen Play og loen Eigedom.

Satsinga har styrt utviklinga mot eit meir integrert reiselivstilbod, der overnatting, aktivitetar og opplevingar blir sett i samanheng. Dette har bidrege til å forlenge sesongen og auke etterspurnaden gjennom heile året.



Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking, Loen Skylift: www.loenskylift.no

Ein gondol frå fjord til fjell har gjort Loen til ein heilårsdestinasjon. Investeringa utløyste vekst i heile reiselivsmiljøet rundt Alexandra-konsernet

Årsak til investering

Målet med Loen Skylift var ikkje berre auka volum av besøkande, men å strukturere reiselivet rundt **høgverdi oppleving, å få overnattingsgjester til å bli verande lenger og større lokal verdiskaping.**

Det var peika på fleire utfordringar i regionen:
- sterk sesongvariasjon
- låg verdiskaping per besøkande
- avgrensa utvikling av heilårsprodukt
- fragmenterte tilbod

Ut frå dette var årsaka til investering retta mot å:
- utvikle eit tydeleg trekkplaster med høg internasjonal appell
- forlenge sesongen og auke aktiviteten gjennom heile året
- knyte saman eksisterande reiselivsprodukt til eit meir integrert tilbod
- auke betalingsvilje og gjennomsnittleg forbruk per besøkande

Parallelt var det eit behovet for å styrke attraktiviteten til regionen, både for besøksnæring og som stad å bu og arbeide.

Sjølve investeringa

Investeringa på knappe 290 MNOK i Loen Skylift er av stor tyding, og representerer ei av dei største enkeltinvesteringane innan reiseliv i Nordfjord.

Investorar:
- Lokale private investorar
- Stryn Kommune
- Leverandør av gondolen; Garaventa
- Hotel Alexandra-miljøet sentralt

Investeringa illustrerer korleis sterke lokale eigarmiljø kan realisere større reiselivssatsingar i distriktsregionar, særleg når dei er tett knytt til eksisterande verksemd og har eit langsiktig utviklingsperspektiv.

Ringverknader

Auka tal besøkande
Skyliften utløyste stor vekst i turismen til Loen. Lokale reiselivsbedrifter auka omsetninga med over 80 % allereie første sommaren. I 2025 tok Loen Skylift imot 187 000 besøkande, langt over alle prognosar. Det har skapt grunnlag for investeringar i overnatting, servering og nye opplevingsprodukt som Loen Active og Loen marina, samt Loen Base.

Forlenga turistsesong
Tiltaket har vore med på å vende Loen mot meir heilårsturisme med aktivitetar både sommar og vinter. Det har gitt meir stabil drift og betre utnytting av kapasiteten i næringslivet rundt.

Lokal verdiskaping
Tiltaket har skapt nye arbeidsplassar i reiseliv og tilknytte næringar, auka etterspurnaden etter lokale varer og tenester, gitt vekstimpuls til transport , handel og opplevingsbaserte tilbod.

Internasjonal vekst
Loen er no eit internasjonalt ikon for Fjord Norge. Gondolen gjer det mogleg for alle, uansett fysisk form, å nå toppen på 1 011 moh. Det har løfta Loen inn i same kategori som Flåm og Geiranger.

Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking

*

Læringspunkt med overføringsverdi

Loen Skylift

Kommersialiser naturbaserte fortrinn

Spektakulær natur med høg opplevingsverdi må gjerast om til eit marknadsretta opplevingsprodukt for å skape verdiskaping.

Eitt trekkplaster kan løfte heile regionen

Målretta investering i eitt tydeleg trekkplaster kan utløyse breiare regional utvikling.

Sterkt lokalt og langsiktig eigarskap

Lokal investeringsvilje og eit langsiktig perspektiv var avgjerande for å gjennomføre satsinga.

Heilårsdrift gjev stabilitet

Å forlenge sesongen gjev faste stillingar, meir føreseielege inntekter og betre kapasitetsutnytting.



Bilde lånt fra Visit Nordfjord Bildebank

Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking

Teknologibasert vekst og styrkt regional verdiskaping

Normatic er ei teknologiverksemd som leverer automasjonssystem til bygg, industri, maritim sektor og vatn/avlaup.

Selskapet er i dag ein nasjonal aktør med kundar som Stortinget, Avinor, over 110 kommunar, seks helseføretak og Statsbygg. Veksten kjem i stor grad av auka etterspurnad etter meir avanserte tekniske løysingar i både industri og offentlege prosjekt.

Normatic vart i 2024 seld til svenske SI-gruppen. Denne gruppa leverer ENØK og automasjon for nær 1 MRD per år. Normatic vil vere plattformselskap for satsinga i Noreg. Dette betyr at Normatic vil få kapital til å gjere ytterlegare oppkjøp, noko som i 2025 resulterte i at Normatic kjøpte BS Teknikk som gjev dei ein sterkare posisjon på Austlandet og i Oslo.



Bilde lånt fra normatic.no

Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking

Selskapet starta som ein lokal automasjonsbedrift i 1998. I dag leverer selskapet automasjonssystem til Stortinget, over 110 kommunar og seks helseføretak

Årsak til investering

Normatic har vakse fordi marknaden for automasjon veks, og fordi selskapet har utvikla teknologisk leiande produkt, bygd kompetanse og kapasitet til å ta større oppdrag.

Konkrete drivarar:

- Sterk vekst i offentlege prosjekt: kommunar, helseføretak, Statsbygg
- Stor etterspurnad frå industri og infrastruktur, mellom anna Engebø Rutile and Garnet
- Auka krav til energieffektivisering, driftskontroll og digitalisering
- Strategisk etablering av kontor i nye marknader, frå Lillehammer til Bergen
- Produktuavhengig tilnærming som gjer selskapet fleksibelt på tvers av leverandørar og teknologiar

Sjølve investeringa

Normatic har gått frå å levere mindre enkeltoppdrag til å ta ansvar for heile automasjonsleveransar i store prosjekt.

Selskapet opererer no i fire segment: byggautomasjon, VA-automasjon, maritimautomasjon og industriautomasjon.

Veksten har kravd brei rekruttering: sivilingeniørar, elektroingeniørar, automasjons- og IT-ingeniørar, cybernetikarar, teknikarar, automatikarar, elektrikarar, dataelektronikarar, lærlingar og trainéar.

Normatic etablerer **regionale kontor** for å vere nær kundane og for å kunne rekruttere fleire. Fjernbetening, fjernprogrammering og fjerndiagnostikk er ein del av leveransemodellen.

Ringverknader

Direkte ringverknader:

- Fleire tekniske arbeidsplassar på Nordfjordeid og i Førde
- Rekruttering av ingeniørar og anna fagpersonell til regionen
- Styrking av fagmiljøet innan elektro og automasjon lokalt
- Leveransar til store nasjonale prosjekt aukar synlegheita av teknologimiljøet på Nordfjordeid

Indirekte ringverknader:

- Auka kompetansenivå hjå underleverandørar i regionen
- Betre gjennomføringskraft for komplekse prosjekt regionalt
- Automasjonsløysingane frå Normatic effektiviserer drift i kommunar, industri og helsebygg over heile landet

Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking
Normatic https://www.normatic.no/
ITB Aktuelt: Normatic blir base for svenske SI sin satsing i Norge 15.08.2024
ITB Aktuelt: Norwegian Normatic joins the SI group 15.08.2024

Læringspunkt med overføringsverdi

Normatic

Veks nasjonalt utan å flytte

Frå oppstart på Nordfjordeid i 1998 til 81 tilsette og landsdekkande drift, men med hovudkontoret framleis på heimstaden.

Tidleg satsing på kompetanse


Tidleg digitalisering og systematisk kompetansebygging gjorde det mogleg å ta stadig større oppdrag og opne nye kontor.

Vere klar når marknaden veks

Normatic hadde rett kapasitet då etterspurnaden etter automasjon, inneklima og driftskontroll auka.

Fagkompetanse og teft for framtida

Høg fagkompetanse og evne til å sjå kva som blir viktig framover var avgjerande for suksessen.



Bilde lånt fra normatic.no

Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking

Porten til Sunnmøre: kortare avstandar og ein sterkare region

Kvivsvegen er eit vegprosjekt på E39 mellom Hornindal/Grodås og Austefjorden/Fyrde som opna i september 2012. Hovudprosjektet vart bygd frå januar 2009, og delen som vart opna i 2012 kosta omlag 1 MNOK (i 2008-kroner). Vegsambandet omfattar 17,2 km ny veg, 2,9 km sidevegar, 1,5 km gang- og sykkelveg, fire tunnelar og Kvivsbrua.

Kvivsvegen bind saman Nordfjord og Søre Sunnmøre med eit ferjefritt samband, og reduserte avstanden frå Oslo til Volda med om lag 45 km. Prosjektet vart utvikla som del av ein lengre politisk og regional kamp for å styrke hovudvegnettet mellom Nordfjord, Sunnmøre og vidare austover. Første formelle initiativ til vegen vart teken over 100 år før vegen vart opna.



Bilde lånt fra tu.no, fotograf: Kjell Herskedal

Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking
Byggeindustrien.no: E39 Kvivsvegen 02.10.2012, Trafikkdata og ÅDT

Vegen har gitt eit ferjefritt samband og endra tilgjenge og trafikkmønster mellom indre Nordfjord og søre Sunnmøre

Årsak til investering

- Hovudformål var å etablere eit ferjefritt og kortare samband mellom Nordfjord og Søre Sunnmøre, samt styrke E39 som nasjonal hovudveg.
- Vegen skulle sørgje for betre framkomst, redusere reisetid og knyte saman bu- og arbeidsmarknaden i regionen.
- Eit mål var å betre sambandet via rv.15 over Strynefjellet og gi næringslivet betre tilgang til marknader, transportårer og regionale funksjonar.

Sjølve investeringa

Prosjektet fekk **politisk retning** då Stortinget i 1999 vedtok tunneltraséen, etter fleire tiår med diskusjon om linjeval.

Bygd frå 2009 til 2012, med vidare rassikrings- og tilknytingsarbeid ferdig i 2014.

Delen som opna i 2012 hadde ein kostnad på om lag 1,0–1,04 mrd. NOK. **Investeringa omfatta fire tunnelar, bru, sidevegar og gang- og sykkelløysinga**. Prosjektet vart gjennomført som eit statleg samferdsleprosjekt.

Lokale kommunar bidrog økonomisk i tidleg fase, og både fylkeskommunar og regionale næringsorganisasjonar var sentrale i å løfte prosjektet fram politisk. Sjølv om prosjektet vart finansiert og gjennomført av staten, var det **lokal og regional mobilisering som var avgjerande for å få det realisert.**

Ringverknader

Direkte ringverknader:

- Vegen har knytt bu- og arbeidsmarknaden i Nordfjord og på Søre Sunnmøre tettare saman.
- Kortare reisetid og tryggare framkomst har gitt betre grunnlag for pendling og dagleg samhandling på tvers av regionane. I 2012 var årsdøgntrafikken 913 køyretøy. I 2025 har dette vakse til 2 175, det vil seie med 138 %.
- Vegen har styrka transportkorridoren mellom regionane, samt mot austlandet
- Regionen er mindre avhengig av ferjesamband

Indirekte ringverknader:

- Kortare avstandar over tid kan påverke kvar folk vel å bu, jobbe og bruke tenester som t.d. flyplass og sjukehus.
- Redusert avstand opnar for næringsutvikling, busetting og regional samordning

Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking
Byggeindustrien.no: E39 Kvivsvegen 02.10.2012, Trafikkdata og ÅDT

Læringspunkt med overføringsverdi

Kvivsvegen

Infrastruktur som drivar for vekst

Kvivsvegen viser korleis ei målretta veginvestering kan fungere som drivar for regional utvikling og samarbeid.

Større felles arbeidsmarknad


Under ein time mellom Stryn og Volda gav ein større regional arbeidsmarknad og gjorde rekruttering enklare for bedriftene.

Større nærmarknad for næringslivet

Bedrifter på både Sunnmøre og i Nordfjord fekk ein større nærmarknad, mellom anna til nytte for reiselivet.

Regionalt samarbeid om felles mål

Godt regionalt og lokalt arbeid for å synleggjere nytten var avgjerande for å realisere den ferjefrie korridoren.



Bilde lånt fra tu.no

Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking

Klarer vi å bygge på erfaringane frå desse 12 prosjekta ligg det til rette for at vi klarer å skape positiv utvikling i framtida.

Prosjekta og bedriftene som er med i ringverknadsanalysen har gjennomført investeringar på mellom 20 og 30 MRD. Ringverknadane er svært store i form av mellom anna nye arbeidsplassar, leverandøroppdrag for næringslivet og kompetanseutvikling som kan brukast på nye oppdrag. I kapittel 4.3 såg vi på den økonomiske utviklinga til bedriftene våre. Utan den type prosjekt som er med i denne analysen ville veksten vore langt lågare. For å skape positiv utvikling framover blir det derfor heilt sentralt å skape nye store prosjekt.

Årsaka til at analysen i dette kapittelet vart gjennomført var såleis å finne svar på kva som er læringa frå desse prosjekta, med sikte på å gjere det enklare å skape nye vellukka prosjekt i framtida.

Kvifor vart prosjekta gjennomført og kva lukkast ein med?
Døma frå heile regionen viser at dei prosjekta som har skapt størst ringverknader har tre ting felles:

- Prosjekta tek som hovudregel utgangspunkt i naturgitte fortrinn.
- Har dyktige leiarar og initiativtakarar med tolmod og risikovilje og som evnar å få til lokal mobilisering og samarbeid.
- Ringverknadene vert størst når investeringane er forankra lokalt gjennom at lokale leverandørar tek del i verdiskapinga slik at verdiane blir i regionen. Dette gjev leverandørane kompetanse som varer ut over levetida til prosjekta.

Fleire av prosjekta som er med i analysen er ikkje ferdige. Samtidig har arbeidet med denne rapporten vist at det er mange nye prosjekt på gang i Sogn og Fjordane. **Eit utval av dei største prosjekta framover er vist på dei neste sidene. Desse viser at potensiale for å skape positiv utvikling er stort!**

Sunnfjord og Ytre Sogn

Nordic Mining



Fjord Base



Bue Salmon



Guleslettene vindmøllepark



Indre Sogn

Reisemål Flåm



Fosshaugane Campus



Offentleg klynge



Lerum brygge



Nordfjord

Lefdal Mine Datasenter



Loen Skylift



Normatic



Kvivsvegen



Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking

Potensiale for nye store investeringar framover er stort.
8 DØME på milliardinvesteringar* under planlegging


Stad Skipstunnel
8,6 MRD

Havland 10 MRD

Auke i kraftproduksjon SFE
13 MRD

Bue Salmon
10 MRD**

Hafstadfjelltunnelen
4,6 MRD



Lefdal Mine
6 MRD**

Det er mange døme på store og viktige investeringar i Sogn og Fjordane dei komande åra, og dette er berre nokre få av dei.

Samla sett er desse 8 investeringane på kring 70 MRD. Planane kan bli endra og prosjekt kan bli skalert på andre måtar. Dette gjer at storleiken på investeringane vil bli endra. Utanom desse investeringane er det ei rekke med planar som i sum vil gje vesentleg aktivitet for næringslivet i regionen.

På neste side er desse prosjekta presentert nærare der vi også vurderer kva hinder prosjekta møter i samband med realisering.

Sognekraft Gaupne 15 MRD

Hydro, Ilvatn pumpekraftverk og koplingsstasjon
Øvre Årdal 2,4 MRD

** Investeringssummane som er oppgitt er estimat som bygger på offentleg kjent informasjon eller opplysningar vi har fått i intervju.*
*** Prosjektet er også med i ringverknadsanalyse fordi det er under gjennomføring.*

Potensiale for nye store investeringar framover er stort.
8 DØME på milliardinvesteringar under planlegging

Investering	Estimat investering	Nærare om investeringa	Største hinder på vegen
Stad Skipstunnel	8,6 MRD	Skipstunnel	Utbygginga har fått løyving, gjennom at det er inne på statsbudsjettet.
Havland	10 - 15 MRD	Torskeoppdrett på land i Florø. Gradvis utbygging opp til maksimal utnytting av konsesjon på 50 tusen tonn torsk.	Utvikle oppdrett av torsk til å bli lønsamt og tilgang på kapital.
Auka kraftproduksjon SFE	13 MRD	Auke kraftproduksjon frå 2,4 til 4 TwH innan 2040. Både ny kraftutbygging og rehabilitering	Regulatoriske spørsmål knytt til konsesjonar mv.
Bue Salmon	10 MRD	Lakseoppdrett på land på Lutelandet. Gradvis utbygging opp til maksimal utnytting av konsesjon på 50 tusen tonn torsk.	Utvikle oppdrett av laks på land til å bli lønsamt og tilgang på kapital.
Hafstadfjelltunellen	4,6 MRD	Tunnel på E39 ved Førde. Gjev kortere reisetid.	Inne med god prioritet NTP. Godkjent reguleringsplan. Ventar på startløyving.
Hydro	2,4 MRD	Ny tunnel og auka magasinkapasitet i Fortun-systemet (1,2 MRD), og ny koplingsstasjon i Øvre Årdal (1,2MRD).	Vedteke bygd i 2028/29.
Sognekraft Gaupne	15 MRD	Data-prosesseringssenter 120 MW (4 × 30), med mål om full drift i Q1 2029. (Ein opererer også med investering på 50 MRD. Dette er inklusiv IT utstyr. Utan IT utstyr er estimatet 15 MRD)	Fått tilgang til straum. Avklaringar knytt til kundepotensial, finansiering, naudsynte løyve og detaljplanlegging er i gang.
Lefdal Mine	6 MRD	Vidare utbygging opp til 200 MW	I gang med utbygging opp til 80 MW. Vidare utbygging frå 2028 er avhengig av tilgang meir energi.

Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking

5.2 Oppsummert

Naturgitte fortrinn + lokal vilje = ringverknader som varer

Døma frå Sunnfjord og Ytre Sogn, Indre Sogn og Nordfjord viser at dei prosjekta som har skapt størst ringverknader har tre ting felles:

- Prosjekta tek som hovudregel utgangspunkt i naturgitte fortrinn.
- Dyktige personar står bak prosjekta. Desse har tolmod, risikovilje og evnar å skape lokal mobilisering og samarbeid.
- Ringverknadene vert størst når investeringane er forankra lokalt gjennom at lokale leverandørar tek del i verdiskapinga slik at verdiane blir i regionen. Dette gjev også leverandørane kompetanse som varer ut over levetida til prosjekta.

Også framover vil det bli mange store prosjekt i Sogn og Fjordane. Nokre av dei er alt i gang, medan andre enno er på planstadiet. Lærdomen om tolmod, vilje, lokal mobilisering og samarbeid blir viktig for at desse prosjekta skal lukkast. Bedrifter som kan bli leverandørar inn mot desse prosjekta bør også vere proaktive. Det er verdiskapande for både prosjekteigar, leverandør og regionen at lokalt næringsliv er med på prosjekta.


SpareBank 1 SOGN OG FJORDANE

5.3

Kva føresetnader må ein spele på for å skape vekst og utvikling framover



SpareBank 1 SOGN OG FJORDANE



INNHALD I KAPITTEL:

Dei føregåande kapitla har gjennom kvantitative analysar, funn frå intervju og spørjeundersøking, og teikna eit detaljert bilete av næringslivet i Sogn og Fjordane. Vi har fått eit kunnskapsgrunnlag om kva som har drive veksten, kva som har bremsa han, og kva prosjekt og investeringar som har skapt dei største ringverknadene.

Med dette som utgangspunkt har vi utarbeidd ein **analyse** som summerer opp dei viktigaste styrkane, svakheitene, moglegheitene og truslane for regionen samla sett.

SpareBank 1 SOGN OG FJORDANE

Funn frå kartlegging og analyse kan summerast opp i ein SWOT

Analysen viser ein region med sterke fortrinn, men som samtidig står ovanfor strukturelle utfordringar som krev eit felles løft. Det vil vere kritisk å gripe dei moglegheitene vi har, og utnytte styrkane for å utvikle næringslivet og regionen vidare.

Styrkar

- Unike naturressursar – kraft, kyst, fjordar og mineral
- Sterke lokalt forankra bedrifter som også har blikket retta ut av regionen
- Sterke næringsaktørar knytt til energi, havbruk, maritim og reiseliv
- Sterk gründerkultur med risikovilje og engasjement
- Høg livskvalitet, korte avstandar og attraktiv natur

Svakheiter

- Demografisk press og utflytting av unge talent
- Svake koplingar mellom utdanning og næringsliv
- Meir råvareeksport enn lokal foredling og verdiskaping
- Fragmentert geografi og lange avstandar

Moglegheiter

- Auka etterspurnad etter lokale ressursar dannar grunnlag for ny industri og utvikling
- Omstilling av næringslivet skaper moglegheiter for nye satsingar
- Landbruk har unytta potensial i vidareforedling og samspel med reiseliv
- Samarbeid på tvers av bransje og region – eitt samla Sogn og Fjordane
- KI og digitalisering som verktøy for omstilling
- Nye utdanningstilbod retta mot lokalt næringsliv

Truslar

- Avgrensa kapasitet i straumnettet og samferdsle hemmar vekst
- Konsolidering og oppkjøp. Skattlegging reduserer lokal investeringsvilje
- Lange konsesjonsprosessar og internasjonal konkurranse
- Rammevilkår og konfliktar knytt til areal
- Sentralisering og nedlegging av lokale tenester og utdanning

Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking

STYRKAR

- Unike naturressursar – kraft, kyst, fjordar og mineral
- Sterke lokalt forankra bedrifter som også har blikket retta ut av regionen
- Sterke næringsaktørar knytt til energi, havbruk, maritim og reiseliv
- Sterk gründerkultur med risikovilje og engasjement
- Høg livskvalitet, korte avstandar og attraktiv natur



Analysen viser at naturressursar er vårt største fortrinn. Samtidig vert natur og livskvalitet trekt fram som ein styrke av respondentar på tvers i alle tre regionar og alle bransjar.

Så langt har vi klart å balansere verdiskaping basert på naturressursar og å ta vare på natur og oppretthalde livskvalitet. Denne balansen blir viktig også framover.

Sogn og Fjordane har eit solid fundament å byggje vidare på

Naturressursane er regionen sitt største fortrinn. Kraft, kyst, fjordar og mineral har i generasjonar lagt grunnlaget for industri, havbruk, offshore og reiseliv i verdsklasse.
Sterke lokalt forankra bedrifter med internasjonalt blikk, ein gründerkultur med risikovilje og høg livskvalitet er andre fortrinn som blir trekt fram. Spørjeundersøkinga vår stadfestar dette biletet – **natur, livskvalitet og sterkt privat næringsliv** vert trekte fram som dei viktigaste styrkane på tvers av alle tre regionar. Dette er det vi skal byggje vidare på.

Det kjem også tydeleg fram gjennom døme på prosjekt og tiltak som har gjeve ringverknader. Naturressursane er grunnlaget for dei fleste store prosjekta i Sogn og Fjordane. Vi sit på **unike og verdifulle ressursar med auka global etterspurnad**. Rutil og granat frå Engebø, rein energi, kaldt djupvatn frå fjord og kyst og vår særeigen natur som reiselivsmerkevare er alle døme på ressursar som er meir etterspurde enn nokon gong. Dette skaper store moglegheiter og eit vesentleg potensiale for vekst og utvikling av næringslivet i åra som kjem.

Næringslivet i Sogn og Fjordane er også prega av nokre store hjørnesteinsbedrifter som er viktige for regionen. Desse er svært viktige for mange bedrifter elles i Sogn og Fjordane.
Døme på slike viktige hjørnesteinsbedrifter er Næringsklynga på Fjord Base i Florø, oppdrettsaktørar, smelteverka våre og store bedrifter i næringsmiddelindustrien. Desse verksemdene har skapt stabilitet, kompetanse og ringverknader i regionen, og ein må tørre
å bygge vidare på og satse på fleire slike verksemder. Felles for alle desse er at grunnlaget deira er naturressursane våre.

Det er nettopp difor naturressursane er bærebjelken i dei seks fortinna vi må samarbeide om å vidareutvikle. Krafta frå elv og vind, fisken i havet, landbruk og minerala i fjellet er utgangspunktet. Målet framover må vere at vi klarer å skape større verdiskaping på desse ressursane. Eit viktig grep vil vere å i mindre grad eksportere råvarene og i større grad foredle råvarene lokalt til produkt og tenester med høgare verdi. Sterke enkeltbedrifter som Hydro og Lerum har vist at det er mogleg. No handlar det om å gjere dette i større grad.

Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking

SVAKHEITER

- Demografisk press og utflytting av unge talent
- Svake koplingar mellom utdanning og næringsliv
- Meir råvareeksport enn lokal foredling og verdiskaping
- Fragmentert geografi og lange avstandar



Arbeidskraft og kompetansemangel er den klart hyppigast nemnde trusselen, og er trekte fram av respondentar på tvers av alle tre regionar og alle bransjar.

Vi må jobbe målretta med strukturelle svakheiter i tida som kjem

Regionen eksporterer talent, men lukkast i for liten grad med å få dei tilbake. Unge som veks opp i regionen vel ofte å flytte ut allereie når dei skal begynne å studere etter vidaregåande skule eller begynne å arbeide. Dei som kjem tilbake etter studiar er for få til å fylle gapet. Demografisk press, fallande elevtal og mangel på attraktive bustadtilbod gjer rekruttering til ei strukturell utfordring på tvers av alle bransjar. Spørjeundersøkinga vår viser at arbeidskraft er den hyppigast nemnde trusselen i alle tre regionar.

Svake koplingar mellom utdanning og næringsliv forsterkar utfordringa. Regionen manglar sterke, næringsretta utdanningsmiljø, og fleire næringslivsleiarar etterlyser utdanningstilbod som er tettare knytt til det lokale næringslivet sine faktiske behov. Nedlegging av fagutdanning rammar direkte. samtidig er det eit unytta potensiale her. I intervjua har vi fått fleire døme på at utdanning og næringsliv har funne kvarandre og at dette har vist seg å vere svært effektivt for rekruttering.

Regionen hentar ut for lite av verdien i eigne ressursar. Meir råvareeksport enn lokal foredling og verdiskaping er ei gjennomgåande utfordring

Fragmentert geografi og lange avstandar mellom regionssentera gjer samarbeid krevjande og svekkjer moglegheita til å stå samla om felles satsingar. Dårleg vegstandard aukar transport-kostnadene og er ein reell barriere for nye industrietableringar. Ligg ein avsides til blir også rekruttering vanskelegare. Tilgang på gode kommunikasjonslinjer, både på veg og med fly, er ein føresetnad for at næringslivet skal kunne nå kundar og samarbeidspartnarar utanfor regionen.

Svakheitene er ikkje argument for passivitet, men eit vegkart for kva vi må gjere noko med. Dei peikar direkte på kva vi må prioritere i arbeidet med dei fem fortrinna framover: foredling og verdiskaping lokalt, tettare koplingar mellom utdanning og næringsliv, og samarbeid på tvers av kommunar og regionar som bind Sogn og Fjordane saman som ein heilskap.

Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking

MOGLEGHEITER

- Auka etterspurnad etter lokale ressursar dannar grunnlag for ny industri og utvikling
- Omstilling av næringslivet skaper moglegheiter for nye satsingar
- Landbruk har unytta potensial i vidareforedling og samspel med reiseliv
- Samarbeid på tvers av bransje og region – eitt samla Sogn og Fjordane
- KI og digitalisering som verktøy for omstilling
- Nye utdanningstilbod retta mot lokalt næringsliv



Over halvparten av respondentane peikar på aukande etterspurnad etter lokale ressursar som den viktigaste drivkrafta for framtidig vekst.

Fleire nemner samarbeid på tvers som det mest undervurderte potensialet i regionen.

Regionen har alle føresetnadene – no må vi gripe moglegheitene

Sogn og Fjordane er godt posisjonert for ei tid der verda etterspør nettopp det regionen har. **Aukande global etterspurnad** etter grøn energi, sjømat og kritiske mineral dannar grunnlag for ny industri og næringsutvikling **og regionen sit på ressursane som trengs**.
Det er ikkje mangel på moglegheiter som er utfordringa, men evna til å gripe dei raskt nok og i fellesskap.

Omstilling av næringslivet gjennom teknologi og digitalisering opnar nye dører. KI og automatisering er ikkje berre ein trussel mot eksisterande arbeidsplassar, det er eit verktøy for å gjere næringslivet meir konkurransedyktig, effektivt og skalerbart. Dei verksemdene som omfamnar dette tidleg vil stå sterkare. Regionen har kompetansemiljø som Digdir, Lotteri- og stiftelsestilsynet og Norec som viser at offentlege verksemder også kan lukkast i distriktet.

Landbruket har ifølge respondentane, både i undersøking og intervju, eit unytta potensiale i vidareforedling og samspel med reiselivet. Reiselivsnæringa skaper i større og større grad eigne økosystem av samarbeidande aktørar kring dei store reisemåla våre. Landbruksnæringa har enkelte stader meldt seg på. Vi kan likevel få enno større verdiskaping frå denne næringa dersom fleire aktørar innan landbruk klarer å bli ein del av dette økosystemet.

Nye utdanningstilbod retta mot lokalt næringsliv er ein anna moglegheit som fleire respondentar løftar fram. Der utdanning og næringsliv har funne kvarandre har det vist seg å vere svært effektivt og skape positive synergiar.

Kanskje den viktigaste moglegheita av alle er likevel samarbeid. **Ein region som ser seg sjølv som eitt samla Sogn og Fjordane – på tvers av bransjar, kommunar og regionar – vil stå langt sterkare enn ein region der kvar del dreg i si eiga retning**. Fleire trekk også fram at samarbeid på tvers av, og innan bransjar vil vere viktigare i tida framover for å sikre konkurranse-dyktigheit, både regionalt og nasjonalt, i eit stadig meir krevjande marknad.

Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking

TRUSLAR

- Avgrensa kapasitet i straumnettet og samferdsle hemmar vekst
- Konsolidering og oppkjøp. Skattlegging reduserer lokal investeringsvilje
- Lange konsesjonsprosessar og internasjonal konkurranse
- Rammevilkår og konflikter knytt til areal
- Sentralisering og nedlegging av lokale tenester og utdanning



Avgrensa nettkapasitet, infrastruktur og lange konsesjonsprosessar vert trekte fram som dei tre mest konkrete bremseklossane for framtidig vekst og utvikling, både på tvers av regionar og bransjar.

Rammene rundt bremsar vekstkrafta – og krev politisk vilje å løyse

Truslane mot framtidig vekst i Sogn og Fjordane er ikkje abstrakte, men konkrete og daglegdagse. **Avgrensa kapasitet i straumnettet er kanskje den mest akutte**: med om lag 1 000 megawatt i kø på forbrukssida og ingen løysing frå Statnett før tidlegast 2035–37 er dette ein reell stoppar for verksemder som vil vekse eller etablere seg.

Infrastruktur og dårleg vegstandard svekker tilgangen til marknader, kompetanse og samarbeidspartnarar. Dette gjer også regionen mindre attraktiv for tilflyttarar og investorar. For å kunne oppretthalde konkurransekrafta, både i rekrutterings- og kundemarknaden, er ein avhengig av god infrastruktur.

Konsolidering og oppkjøp er ei veksande utfordring. Når lokalt eigde verksemder går over til nasjonale eller internasjonale aktørar, følgjer avgjersler og overskot gjerne med ut av regionen. Kombinert med eit skattetrykk, gjennom eigarskatt og grunnrenteskatt, svekker dette eigarskapsmodellen som har vore ein av regionen sine viktigaste drivkrefter. At våre verksemder blir kjøpt opp kan også vere positivt. Det kan frigjere kapital på lokale hender som kan brukast på nye prosjekt i regionen. Salet av Enivest er som nemnd eit døme på dette. Med oppkjøp følgjer også gjerne tilgang på meir kapital for vidare vekst. Som vist under ringverknader har dette vore positivt for Normatic.

Lange konsesjonsprosessar og arealkonfliktar set bremsene på prosjekt som elles ville ha skapt store verdiar. Sentralisering av offentlege tenester og nedlegging av lokale utdanningstilbod gjer regionen gradvis mindre attraktiv. Dette forsterkar den demografiske utfordringa som allereie er regionens største strukturelle svakheit.

Truslane kan ikkje handterast av næringslivet åleine. Dei krev politisk vilje, samordna innsats og ein open dialog mellom næringsliv og offentleg sektor.

Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking

5.3 Oppsummert

Styrkane er der. Moglegheitene ligg framfor oss. No må vi handle.

Sogn og Fjordane har eit solid fundament å byggje vidare på. Naturressursane er unike, næringslivet er sterkt og engasjementet for å skape utvikling er stort. Samtidig er det strukturelle utfordringar som krev felles innsats. Demografisk press, kapitalflukt, infrastrukturbarrierar og rammevilkår som ikkje alltid matchar næringslivet sitt tempo og ambisjonar.

SWOT-analysen gir oss eit klart bilete av kvar vi står, men det er det vi gjer med innsikta som avgjer kvar vi hamnar. Styrkane må vidareutviklast, moglegheitene må gripast, svakheitene må adresserast og truslane må handterast. Det krev at regionen evnar å sjå seg sjølv som ein heilskap, ikkje som enkeltkommunar og enkeltregionar som konkurrerer om dei same ressursane.

Denne analysen bygger på mange tilbakemeldingar og læringa vi har fått gjennom ringverknadsanalysane av større prosjekt. Dette gir oss retning, det viser kva som har fungert i praksis, kva som bremsar og kva vi bør prioritere framover. Med utgangspunkt i dette har vi identifisert fem strategiske fortrinn som regionen må samarbeide om å vidareutvikle. Dette vert presentert i neste kapittel.

SpareBank 1 SOGN OG FJORDANE

6. Strategisk retning

«Kva fortrinn må ein spele på, og kva blir viktig for å sikre vekst og utvikling framover?»



SpareBank 1 SOGN OG FJORDANE

INNHALD I KAPITTEL:

I førre kapittel blei det presentert ein analyse av styrkane, svakheitene, moglegheitene og truslane for regionen samla sett. Analysen dannar grunnlag for å uttale seg om kva ein bør satse på, og kva fortrinn ein bør spele på i tida framover for å sikre vekst og utvikling. I tillegg har vi stilt dette spørsmålet direkte til våre respondentar i spørjeundersøkinga og intervju.

Biletet som teiknar seg er ein region med unike naturgitte fortrinn, sterkt lokalt næringsliv og høg livskvalitet – men som samtidig er under press frå demografisk nedgang, kapitalflukt og rammevilkår som kjem i konflikt med næringslivet sitt tempo og ambisjonar.

Basert på analysen og innspel frå våre respondentar samla sett har vi identifisert fem strategiske fortrinn som regionen må samarbeide om og vidareutvikle i åra som kjem. Desse gjev oss ein tydeleg peikepinn på kva som blir avgjerande for framtidig vekst og verdiskaping i Sogn og Fjordane.

Dei fem pilarane er naturressursane våre, attraktive lokalsamfunn, samarbeid, lokalt eigarskap og kapital samt kompetanse og utvikling. Desse pilarane er nokså like for mange regionar i landet. Det som blir viktig for vår region er korleis vi arbeider med kvar av desse pilarane. Her dannar arbeidet med denne rapporten ein unik moglegheit. Vi har eit felles faktum å arbeide ut frå, vi har mange gode døme på kva prosjekt som har blitt suksesshistorier og vi har mange gode innspel til kva som er dei sterkaste barrierane for utvikling. I dette kapittelet prøver vi å summere dette opp slik at vi har eit godt utgangspunkt når vi skal starte arbeidet med tiltaksdelen. Ein tiltaksdel med spissa prioriteringar som også tek omsyn til dei regionale skilnadane vi har i våre tre regionar vil vere eit godt utgangspunkt for å lukkast dei komande åra.

SpareBank 1
SOGN OG FJORDANE

I samtalar og spørjeundersøkinga har vi stilt spørsmålet

«Kva er Sogn og Fjordane sine fremste fortrinn og kva må vi spele på for å sikre vekst og utvikling i tida framover?»

Analysen viser ein region med store fortrinn og ein tydeleg vilje til å skape utvikling. 66 av 67 verksemder i spørjeundersøkinga forventar vekst i talet på tilsette fram mot 2030, og fleire aktørar planlegg investeringar i milliardklassen dei neste ti åra. Investeringsviljen er der. Ambisjonane er der.
Og ressursgrunnlaget er unikt. Spørsmålet er ikkje om regionen har det som skal til. Spørsmålet er om ein klarer å samle seg om dei rette prioriteringane og skape dei rammevilkåra som gjer det mogleg å realisere potensialet.

Næringslivet etterspør **føreseielege rammevilkår** og **politisk vilje til utvikling** framfor alt anna. Dette er dei viktigaste føresetnadane for framtidig investeringsvilje, nemnde av nesten alle. **Arbeidskraft og kompetanse** er den barrieren som bekymrar flest, på tvers av alle tre regionar og alle bransjar. **Nettkapasiteten** er den mest akutte fysiske flaskehalsen akkurat no. Og **samarbeid** – på tvers av kommunar, bransjar og regionar – vert løfta fram som det mest undervurderte potensialet i regionen.

Desse funna peikar direkte på kva regionen må prioritere framover. Naturressursane er og vil vere fundamentet, men den største verdien ligg ikkje i å eksportere råvarene, men i å foredle dei lokalt til produkt og tenester med høgare verdi. Teknologi og omstilling vil avgjere kven som heng med i den globale konkurransen, og her treng regionen sterkare koplingar mellom utdanning og næringsliv. Samarbeid på tvers er ikkje berre eit politisk ønskje, men ein praktisk nødvendigheit for ein region med spreidd busetnad og avgrensa tilgang på folk og kompetanse. Attraktive lokalsamfunn er føresetnaden for å rekruttere og halde på den kompetansen næringslivet treng. Lokalt eigarskap og risikovillig kapital er limet som held det heile saman.

Med dette som utgangspunkt har vi identifisert fem strategiske fortrinn som regionen må samarbeide om å vidareutvikle. I tillegg vil teknologi og omstilling ligge over som ein paraply, og må gjennomsyre alle satsingar og utvikling som skjer i næringslivet framover dersom vi skal klare å konkurrere både nasjonalt og globalt. Dei fem strategiske fortrinna er alle basert på analysen vist i kapittel 5 – og dei heng saman på ein måte som gjer at ein ikkje kan prioritere éin utan å ta dei andre på alvor.

«Det er ikkje viljen eller evnene det står på – det er rammene rundt.»

- **24 %** av respondentane i vår spørjeundersøking planlegg å **investere over 100 MNOK** dei komande 10 åra. Om lag **halvparten** planlegg å investere **over 30 MNOK.**
- **Over halvparten** av investeringane over 100 MNOK er planlagd i Sunnfjord og Ytre Sogn
- **36 %** av bedriftene planlegg å **auke investeringane** vesentleg dei komande 10 åra
- **Naturressursar og kraft**, samt **livskvalitet og attraktive lokalsamfunn** er blant dei mest nemnde styrkjande til Sogn og Fjordane
- **Politisk vilje til utvikling, tilgang på arbeidskraft, kraft og god infrastruktur** vert løfta som dei viktigaste føresetnadene for investeringsvilje

Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking

Fem pilarar for utvikling

Sogn og Fjordane har rike naturressursar. Kraft, sjømat, mineral og fjordar som trekkjer verda hit. Vi har gode levevilkår, eit solid næringsliv og flinke, engasjerte folk. På den andre sida er det tunge krefter som sentraliserer og som gjer utviklingsrommet for næringslivet vårt mindre. Kva pilarar skal vi bygge framtidas Sogn og Fjordane på, og korleis må vi jobbe for at vi skal lukkast?

1



Naturressursar

Foredle ressursar lokalt

Byggje verdikjeder som held overskotet i regionen

Sikre nettkapasitet for ny industri

Utvikle reiseliv som heilårsnæring

Definere regionale satsingsområde

Kombinere natur, jordbruk, næringsliv og kultur til merkevare

2



Attraktive lokalsamfunn

Definere og arbeide strategisk med viktige samferdselsprosjekt

Prioritere etablering av bustad- og næringsareal

Utvikle ein bustadmarknad som støttar opp om vekst og tilflytting

Bruke kultur, idrett og gode tenester aktivt i rekruttering

Bygge senter med urbane tilbod

3



Samarbeid

Sjå regionen som ein heilskap

Auke samarbeid på tvers av kommunar og bransjar om felles utfordringar

Byggje sterkare leverandørklynger

Styrkje møteplassar og alliansebygging mellom næringsliv og offentleg

4



Lokalt eigarskap og kapital

Sikre tilstrekkeleg lokalt eigarskap

Skaffe kapital til periode mellom oppstarts- og driftsfase

Arbeide for føreseielege rammevilkår

Utnytte store investeringar til å etablere lokale leverandørkjeder

Etablere møteplassar og nettverk for lokale investorar

5



Kompetanse og utvikling

Etablere nye utdanningstilbod retta mot lokalt næringsliv

Byggje tettare koplingar mellom skule og næringsliv tidleg

Lære av dei som lukkast med rekruttering og kompetansebygging

Gjenopprette og styrke fagutdanningar som næringslivet er avhengig av

Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking



1

Naturressursar

Frå eksport til produktutvikling og næringskjedeutvikling

Kvifor er dette ein viktig pilar for utvikling i Sogn og Fjordane?
Naturressursane er ei viktig drivkraft for mange av dei store næringane i Sogn og Fjordane. Vasskrafta har historisk lagt grunnlaget for kraftkrevjande industri. Datasenter kan vere ei ny næring der tilgang på kortreist straum er sentralt. Kysten har lagt grunnlag for både fiskeri og havbruk. Verftsindustri og basedrift har også vore viktige kystnæringar. Mineralressursane har gjeve oss den første nye gruva i Noreg på nær 40 år på Engebø, og naturen er grunnlaget for eit reiseliv i sterk vekst med Loen Skylift og Reisemål Flåm som to av spydspissane. Likevel viser analysen at regionen i for stor grad eksporterer råvarer i staden for å foredle dei. Spørsmålet framover er ikkje om ressursane er der, men om vi klarer å ta ut verdiane av dei lokalt.

Dette må vi jobbe vidare med:

Foredle ressursar lokalt
Verdien av naturressursane våre aukar når vi tar dei eit steg vidare i verdikjeda – frå råvare til produkt og tenester. Lefdal Mine viser at ein kan eksportere data i staden for straum, Sognekraft sitt planlagde AI-senter i Gaupne peikar same veg, og Nordic Mining viser at same logikk gjeld for mineral. Spørsmålet framover er ikkje om regionen foredlar, men kor mange steg av verdikjeda som blir verande heime.

Byggje verdikjeder som utviklar næringslivet i regionen
Naturressursane skapar varig verdi for regionen dersom naturressursar blir brukt til å utvikle næringslivet lokalt. Hydro, Nordic Mining og Fjord Base viser at eit bevisst næringsliv allereie ønskjer å halde verdikjeda lokal. Skal dette bli regelen og ikkje unntaket, må leverandørmiljø byggjast opp parallelt med utvikling av store næringsprosjekt og i tråd med næringslivet sine krav til kompetanse og kvalitet.

Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking



1

Naturressursar

Naturen som konkurransefordel, frå råvare til verdikjede

Dette må vi jobbe vidare med:

Sikre nettkapasitet for ny industri

Tilgang på kraft er eit viktig grunnlag for at regionen kan etablere ny industri og foredle meir lokalt. Det er dette fortrinnet som tydlegast gjer Sogn og Fjordane attraktivt for landbasert oppdrett, datasenter og elektrifisering av eksisterande industri. Køen på 1 000 MW gjer at dette fortrinnet i dag ikkje kan nyttast fullt ut, og det krevst målretta arbeid for å sikre at krafta vi har faktisk kan brukast lokalt.

Utvikle reiseliv som heilårsnæring

Reiseliv er allereie ei av dei sterkaste vekstnæringane i regionen. Det er også ei av dei næringane som er spådd å ha høgast vekts framover. Potensialet er stort, men i dag er reiselivet i regionen framleis sterkt sesongbasert og det er store skilnader på korleis ein klarer å utvikle fleire produkt rundt turisme. Flåm har vist at strategisk produktutvikling over tid kan skape grunnlag for heilårsarbeidsplassar og stor verdiskaping. Moglegheitene ligg mellom anna i å kople lokalt næringsliv og verdiskaping tettare på reiselivet, slik som mat, kultur og lokale opplevingar. Det blir avgjerande å satse meir på heilårsaktivitet for å unngå avhengigheit av sommarsesongen og sikre verdiskaping gjennom heile året.


Definere regionale satsingsområde

Naturressursane i Sogn og Fjordane gir oss eit unikt utgangspunkt internasjonalt. Naturressursane peikar mot nokre klare fortrinn og viktige satsingsområde, mellom anna energi, sjømat, mineral og reiseliv. Men sjølv om vi har store ressursar kan vi ikkje bli best på alt overalt. Eit sentralt tema framover bør vere kva vi skal satse på og kvar.

Kombinere natur, jordbruk, næringsliv og kultur til merkevare

Det som gjer Sogn og Fjordane attraktivt internasjonalt er ikkje berre naturen i seg sjølv, men koplinga mellom natur, industri og lokal kultur. Lefdal i ei gamal gruve og Loen Skylift i fjellsida viser at denne kombinasjonen kan bli ein del av sjølva merkevara til regionen, og eit viktig fortrinn dersom ein spelar korta riktig.

Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking



1

Teknologi og omstilling

Krafta som var grunnlaget for smelteverka skal no også vere grunnlaget for datalagring og digital produksjon.

Naturressursar

Naturen som konkurransefordel, frå råvare til verdikjede

Korleis skal vi lukkast med utviklinga?

Raskare konsesjonshandsaming og nettutbygging
Statnett sin tidsplan med løysing tidlegast i 2035–37 er for sein for næringslivet sitt investeringstempo. Det krevst politisk prioritering nasjonalt, men også at regionen sjølv er tydeleg på kor viktig dette er.

Balanse mellom bruk og vern
Tilgang på areal er ein føresetnad for å utvikle naturressursane våre – anten det gjeld vindkraft, mineralutvinning, havbruk eller reiseliv. samtidig er vern av natur og miljø eit legitimt og viktig omsyn. Dette krev arbeid både mot nasjonale styresmakter for å synleggjere samla konsekvensar for vår region, og det krev at vi klarer å etablere dialog meir enn steile frontar. Det krev klokskap og vilje til samarbeid frå begge sider.

Insentiv for lokal foredling
Toll på ferdigvarer i eksportmarknader er ei av dei mest konkrete barrierane mot auka lokal foredling. Når eit foredla produkt møter høgare toll enn råvara det er laga av, blir det økonomisk rasjonelt å eksportere råvara direkte i staden for å investere i foredling lokalt. Dette rammer særleg næringar der regionen sit på råvarer med stort foredlingspotensiale. Skal meir av verdiskapinga bli verande lokalt, krev det aktiv påverknad av handelsavtalar og politisk vilje til å prioritere foredling.

Felles satsing på heilårs reiseliv
Skal reiselivet bli ei heilårsnæring, krev det at aktørane samarbeider om produktutvikling og marknadsføring utover sommarsesongen – slik Flåm har gjort over tid. Dette krev investeringsvilje og eit felles løft frå både næringsliv og reisemålsselskap. Heilskapleg produktutvikling er sentralt for å ta ut verdiane. Ved å utvide sesongen får ein langt betre kapasitetsutnytting.

Politisk vilje til samarbeid
Skal regionen lukkast med å definere og satse på utvalde område, krev det at både kommunar og fylke står samla bak dei same prioriteringane – i staden for at kvar kommune kjemper for sine eigne prosjekt.

Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking

2



Attraktive lokalsamfunn

Infrastruktur og bu-lyst er grunnmuren for all anna vekst

Kvifor er dette ein viktig pilar for utvikling i Sogn og Fjordane?
Naturressursar og arbeidsplassar betyr lite om folk ikkje vil bu der jobbane finst. Analysen viser at attraktive lokalsamfunn er ein direkte føresetnad for at regionen skal kunne rekruttere og halde på den kompetansen næringslivet treng uavhengig av kor interessant og utviklande jobben er. Kvivsvegen har vist at samferdselsprosjekt kan auke trafikken med over 130 % og knyte bu- og arbeidsmarknader tettare saman. Andre stader har reiselivsaktørar måtte byggje eigne bustader til tilsette fordi marknaden ikkje løyser det sjølv. Analysen viser at mangel på attraktive bustader, dårlege vegar og reduksjon av offentlege tenester i dag bremsar veksten i fleire delar av regionen. Skal vi lukkast med å tiltrekke og halde på folk, må vi sjå bustad, infrastruktur og tenester i samanheng med næringsutviklinga.

Dette må vi jobbe vidare med:

Definere og arbeide strategisk med viktige samferdselsprosjekt
Lange avstandar og krevjande topografi gjer at samferdselsprosjekt ikkje berre handlar om mobilitet, men også avgjer kor stor bu- og arbeidsmarknaden faktisk er. Kvivsvegen er eit eksempel på korleis eit samferdsleprosjekt kan knyte regionar tettare saman. Dei statlege, økonomiske rammene blir trangare, og framover er det viktig at regionen prioriterer dei prosjekta som gjev størst effekt, og står samla bak dei i det politiske arbeidet.

Bruke kultur, idrett og gode tenester aktivt i rekruttering
Tilbodet og tenestene held god kvalitet, men står under press på kapasitet og langsiktig utvikling. Skule-, kultur- og idrettstilbod veg for mange like tungt som karriere når ein står i etableringsfasen. Slike faktorar bør brukast aktivt i rekrutteringsarbeidet**,** og for å tiltrekke seg unge tilflyttarar til Sogn og Fjordane. Malakoff og Opera Nordfjord, Verdas beste snø i Sogndal og skular i landstoppen er gode døme på dette.

Bygge regionale senter med breie tilbod
Yngre arbeidstakarar og familiar etterspør meir enn berre ein arbeidsplass, dei vil ha tilgang til restaurantar, kulturtilbod og eit byliv som gjer det attraktivt å bli verande. Sogndal og Førde er allereie regionsenter. I Nordfjord er det fleire tettstader som konkurrerer om statusen. Skal regionen klare å konkurrere om kompetanse, må vi satse på å bygge sterkare regionale senter med eit breiare tilbod både innan offentlege tenester, arbeidsplassar og kulturopplevingar. Kanskje må vi tore å definere ulikt innhald i ulike tettstader.

Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking

2



Teknologi og omstilling

Digitale arbeidsplassar gjer det mogleg å bu lokalt og jobbe både nasjonalt og internasjonalt.

Attraktive lokalsamfunn

Infrastruktur og bu-lyst er grunnmuren for all anna vekst

Korleis skal vi lukkast med utviklinga?

Betre utnytting av eksisterande bustadmasse
Fleire stader i Sogn og Fjordane er det stort press på bustadmarknaden, og tilflyttarar opplever mangel på tilgjengelege bustader. Samtidig finst det i mange av desse områda fleire hus enn folk. Problemet er at mange av husa ikkje kjem på marknaden for utleige eller sal. Det er behov for tiltak som frigjer tomme bustader til dei som faktisk vil bu og arbeide i regionen. Kan strenge lokale konsesjonsreglar vere løysinga?

Langsiktig og føreseieleg satsing på skule, barnehage og helsetenester
Korte avstandar, køfrie samfunn og nærleik til jobb og skule/barnehage er moment som er viktige for innbyggjarane, og noko av det som kan skilje oss ut som region. Utan dette blir det vanskelegare å rekruttere og halde på familiar. Barnetala går nedover, og det vil komme mange debattar om strukturendringar for kommunale tenester framover. Desse må også ha med seg påverknad på samfunns- og næringsutvikling som eit sentralt perspektiv inn i vurderingane, og moglegheitsrommet for verdiskaping bør særleg vektleggast. Her må næringslivet bidra til å gjere kommunane gode. Stadige strukturdebattar er uheldige for omdømme og utviklingsmogelegheiter i lokalsamfunn.

Aktiv satsing på idrett, kultur og bulyst
Lokale tilbod, idrettslag og kulturtilbod skaper bulyst som avgjer om folk vil busette seg og bli verande. Både næringsliv og kommunar har ei rolle å spele her, og det er ikkje berre eit offentleg ansvar. Lerum sitt samarbeid med idrettslaget om å byggje ny hall og barnehage i Kaupanger viser korleis lokalt næringsliv kan ta aktivt medeigarskap i å skape bulyst og ikkje berre vente på at kommunen løyser det.

Sikre infrastruktur som gir tilgang til kundar og marknader og tryggleik for innbyggjarane
Veg, flyruter og infrastruktur må prioriterast slik at både innbyggarar og næringsliv kan nå ut, og slik at kundar og samarbeidspartnarar kan komme inn til regionen. Tryggleik og beredskap er viktig for bukvalitet.

Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking



3

Samarbeid

Samarbeid; den usynlege konkurransekrafta

Kvifor er dette ein viktig pilar for utvikling i Sogn og Fjordane?
Samarbeid er ei konkurransekraft regionen har, men som må foredlast. I ein region med små fagmiljø og lange avstandar er evna til å samarbeide ofte det som skil dei som lukkast frå dei som ikkje gjer det. Analysen viser at der bedrifter, kommunar og offentleg sektor har funne kvarandre, har dei vunne oppdrag, bygd kompetanse og skapt ringverknader ingen av dei kunne fått til åleine. Korte vegar til avgjersler er eit reelt fortrinn. Det er lettare å samle aktørar rundt same bord i vår region, enn i ein storby. Samtidig viser analysen at samarbeida framleis er for personavhengige og for lite sett i system, og at kommunane for ofte konkurrerer i staden for å dra i lag. Skal vi ta ut potensialet, må vi gjere samarbeida meir strukturert og varige, ikkje noko som kviler på enkeltpersonar og relasjonar.

Dette må vi jobbe vidare med:

Sjå regionen som ein heilskap
I mindre grad tenke Nordfjord, Sunnfjord og Sogn kvar for seg, og i staden sjå Sogn og Fjordane som éin samla region. Det største unytta potensialet vi har er ikkje ein ny ressurs, men evna til å stå saman. Ein region som dreg i same retning på tvers av kommunegrenser og gamle skiljeliner, vil stå langt sterkare i kampen om folk, kapital og oppdrag enn ein region der kvar del kjempar for seg. Dette er ei haldning vi skal byggje inn i måten vi planlegg, prioriterer og marknadsfører oss på.

Byggje sterkare leverandørklyngjer
Vi skal leggje til rette for at lokale bedrifter vinn større oppdrag saman i staden for kvar for seg. Mange enkeltbedrifter er for små til å ta dei store kontraktane åleine, men knytt saman i klyngjer kan dei konkurrere om oppdrag dei elles ville tapt til aktørar utanfor regionen.

Når bedrifter deler kompetanse, kapasitet og risiko, kan dei by på større og meir samansette oppdrag, og byggje eit felles omdømme som gjer heile klynga meir attraktiv. Dette er noko bedriftene kan ta initiativ til sjølve, og som regionen skal leggje til rette for gjennom å kople saman miljø som utfyller kvarandre. Nomek og Eid Elektro leverer saman til tunnelanlegg over heile landet, ingen av dei hadde klart det åleine. Fjord Base er eit nav for ei heil klynge av tenestebedrifter på basen i Florø. Dette er ikkje tilfeldige samanfall, det er resultat av medvitne val om å samarbeide framfor å konkurrere. Oppdrettsnæringa i regionen har etablert ei effektiv verdikjede frå smolt til at fisken er selt som også inkluderer eit nettverk av ulike leverandørar. Sjølv om det har vore stor konsolidering i oppdrettsnæringa har vi enno mange sjølvstendige aktørar i regionen. Ei årsak er truleg at samarbeid om verdikjeder har gitt aktørane fortrinna som er naudsynt for å stå åleine.

Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking



3

Teknologi og omstilling

Møteplassar som PEAK Sunnfjord skal bidra til å dele erfaringar og kompetanse.

Samarbeid

Samarbeid; den usynlege konkurransekrafta

Korleis skal vi lukkast med utviklinga?

Sterke møteplassar og alliansebygging mellom næringsliv og offentleg sektor
Vi må byggje faste arenaer der næringsliv og offentleg sektor møtest og dreg i same retning. Dei korte vegane til avgjersler i regionen er eit fortrinn: det er lettare å få ein ordførar, ein skuleleiar og ein bedriftseigar rundt same bord her enn i ein storby.

Arenaer som toppleiarsamlingane til SpareBank1 og Fosshaugane Campus har vist kor mykje tillit og felles retning slike møteplassar skaper. Framover skal vi dyrke dette samspelet aktivt, slik at offentleg sektor og næringsliv utviklar prosjekt i lag, ikkje kvar for seg, og slik at det offentlege blir ein medspelar i næringsutviklinga og ikkje berre ein forvaltar.

Auke samarbeid på tvers av kommunar og bransjar om felles utfordringar
Vi må få kommunar og bransjar til å gå saman om dei store sakene ingen av dei kan løyse åleine. Kraft, nett, samferdsel, rekruttering og kompetanse råkar heile regionen likt, og blir best løyste når kommunane opptrer koordinert i staden for å konkurrere om dei same midlane og etableringane. Samarbeidet i Nordfjord/Søre Sunnmøre for å få på plass Stad Skipstunnel er eit eksempel som ein kan lære av.

Kommunesamarbeid på tvers av dei gamle grensene er ein ressurs regionen enno ikkje har teke ut. Framover skal vi stå samla utad, med felles prioriteringar når regionen skal kjempe om statlege løyvingar, store etableringar og infrastruktur.

Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking



4

Lokalt eigarskap og kapital

Gründerkultur og lokal kapital, regionens usynlege infrastruktur

Kvifor er dette ein viktig pilar for utvikling i Sogn og Fjordane?
Lokalt eigde bedrifter legg att overskotet, skatten og arbeidsplassane i regionen, og tek avgjerslene lokalt. Difor er eigarskap eit fortrinn og ikkje berre eit spørsmål om finansiering. Ein region som eig seg sjølv, styrer si eiga utvikling. Analysen viser at eigarskap og kapital er den føresetnaden som knyter alle dei andre fortinna saman. Utan lokal kapital som vil investere, blir verken naturressursar, kompetanse eller samarbeid omsett til varig verdiskaping. samtidig er dette det fortrinnet som er mest utsett for krefter regionen ikkje sjølv rår over. Difor er ikkje spørsmålet om regionen har kapital og eigarar, men om vi klarar å halde styringa heime når presset utanfrå aukar. Får vi det til, blir eigarskapet motoren i alt det andre vi vil byggje.

Dette må vi jobbe vidare med:

Sikre tilstrekkeleg lokalt eigarskap
Det lokale eigarskapet skal vere ei vekstkraft vi byggjer vidare på, ikkje berre noko vi tek vare på. Verksemder som Lerum i Sogndal, Hotel Alexandra i Loen, Ervik Havfiske og Sognekraft har vist kva langsiktig lokalt eigarskap gir: avgjersler som tener verksemda og staden over tid, og eigarar som er sentrale aktørar i samfunnsutviklinga, ikkje berre i næringslivet. Den tette koplinga mellom samfunns- og næringsutvikling er regionens usynlege infrastruktur, og den skal vi forsterke.

Framover handlar det ikkje om å verne mot alt eksternt sal, for nokre verksemder vil det alltid vere rett å selje. Oppgåva er å la det gro fram nye kapitalmiljø som heile tida byggjer nye lokalt forankra bedrifter, slik at vi alltid har eit solid fundament av lokale eigarar. Det er desse eigarane som skal ta på seg dei risikofylte, langsiktige prosjekta som ny industri veks ut av.

Det er også positivt om vi kan få fleire lokalt eigde bedrifter som gjer oppkjøp utanfor regionen. Slike verksemder skaper ofte fleire arbeids-plassar lokalt og blir meir solide når dei også har aktivitet utanfor regionen. Eksempel på slike verksemder er Nor Tekstil og Coast Seafood.

Utnytte store investeringar til å etablere lokale leverandørkjeder
Kor vidt verdiane blir verande i regionen eller forsvinn ut når store etableringar skjer, er avhengig av kven som eig og styrer verdiane. Vi skal bruke dei store investeringane til å byggje lokalt eigarskap, ikkje berre til å ta imot kapital utanfrå. Det handlar om at lokale eigarar og investorar kjem inn på eigarsida i dei store prosjekta, og at avkastninga blir reinvestert i regionen i staden for å bli teken ut. Vi skal også løfte fram dei gode generasjonsskifta som førebilete, der unge eigarar tek over og byggjer vidare i staden for å selje seg ut. Det er slik den lokale eigarskapen blir ført vidare. Målet er at store enkeltinvesteringar blir omsette til varig lokalt eigarskap, ikkje kortvarige pengestraumar som renn ut av regionen igjen.

Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking



4

Teknologi og omstilling

Langsiktige lokale eigarar vågar å investere i omstilling som først betaler seg på sikt.

Lokalt eigarskap og kapital

Gründerkultur og lokal kapital, regionens usynlege infrastruktur

Korleis skal vi lukkast med utviklinga?

Skaffe kapital til periode mellom oppstarts- og driftsfase

Vi må tette finansieringsvakuumet bedriftene fell i mellom oppstartsstøtte og tradisjonell bankfinansiering; der dei har produkt, kundar og inntekter, men manglar kapital til å vekse. Skal regionen ta ut potensialet i eigne ressursar, må vi ha risikokapital tilgjengeleg når moglegheitene kjem, og ikkje vente til andre har posisjonert seg. Stiftinga Drivkraft kan her spele ei sentral rolle.

I samtaler med representantar frå oppdrettsnæringa vert det vist til at når gründerar skal skalere opp satsingar innan torskeoppdrett er det enklare hente inn utanlandsk kapital enn norsk kapital. Etablering av eit lokalt forankra kapitalnettverk kan vere eit verkemiddel for å dekkje dette gapet. Korleis kan kapital som kjem til regionen gjennom sal av verksemder bli brukt til å utvikle regionen vidare?

Arbeide for føreseielege rammevilkår

Skal den lokale eigarskapsmodellen halde fram med å investere heime, må rammevilkåra bli meir føreseielege. For lokale, personlege eigarar går formuesskatt og grunnrenteskatt rett inn i investeringsevna, og uvisse om kva som gjeld framover gjer at kapital som kunne vore sett i arbeid i staden blir halden tilbake.

Vi må arbeide for stabile vilkår som styrkjer den lokale kapitalen i staden for å presse han ut, slik at lokale eigarar ikkje blir tvinga til å gi opp og selje til aktørar med tyngre kapital og svakare binding til regionen. Føreseielege rammevilkår er det som skal til for at den lokale eigarskapsmodellen kan halde fram.

Dyrke samspelet mellom lokal, nasjonal og internasjonal kapital

Ulike prosjekt og verksemder i ulike fasar treng ulik kapitaltilførsel. Desse skilnadane må vi vere bevisste på og akseptere. Kunsten er å sikre lokal verdiskaping av alle typar kapitaltilførsel til regionen. Like mykje som regionen er avhengig av eksport av produkt for å skape vekst, er vi avhengig av import av kapital for å skape utvikling.

Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking



5

Kompetanse og utvikling

Folka og fagkunnskapen som gjer omstilling mogleg

Kvifor er dette ein viktig pilar for utvikling i Sogn og Fjordane?
Alt det andre regionen vil byggje, står og fell på om vi har folk og kompetanse til å gjere jobben. Kraft, kapital og naturressursar skaper ingenting av seg sjølv, det er menneska og kunnskapen deira som gjer ressursane om til verdiar. Fortrinnet vårt ligg ikkje i talet på folk, men i evna til å byggje kompetanse sjølve og i at nærleiken mellom bedrift, skule og lokalsamfunn gjer det lettare å kople utdanning og arbeidsliv tettare saman enn i større regionar. Skal vi lukkast med omstilling, må vi gjere denne evna til vår fremste konkurransekraft, og sørgje for at kompetansen veks fram lokalt i takt med det næringslivet faktisk treng.

Dette må vi jobbe vidare med:

Lære av dei som lukkast med rekruttering og kompetansebygging
Vi skal byggje på evna vår til å skape kompetanse sjølve, ikkje på tilgangen til folk. Dei korte avstandane mellom bedrift, skule og lokalsamfunn skal vi bruke til å kople utdanning og næringsliv tettare saman enn det større regionar klarer.

Fleire miljø har alt vist vegen ved å snu rekruttering frå problem til styrke. Fleire bedriftsleiarar har lagt om strategien og satsa tungt på lærlingar, fleire lærefag, og reiser rundt på ungdomsskulane kvart år for å vise fram moglegheitene i industrien. Ei verksemd som har hatt denne rekrutteringsstrategien er Nomek AS i Stryn. Dei rekrutterer no langt betre og vart kåra til årets lærebedrift i Nordfjord. Framtidsfylket har vore eit nav for strategisk rekruttering i mange år. Det same mønsteret går igjen der rekrutteringa lukkast. Bedriftene er til stades tidleg, og viser fram kva slags jobbar som finst i regionen før dei unge vel utdanningsveg. Dei ser på opplæring som ei investering over tid, ikkje som ein kostnad. Og dei byggjer rekrutteringa nedanfrå gjennom lærlingplassar og eigne fagmiljø, i staden for å vente på ferdig utlærte folk. Denne arbeidsmåten skal vi gjere til regelen og spreie systematisk mellom bransjar og bedrifter.

Vi skal kople skule og næringsliv saman tidlegare enn i dag, heilt ned i ungdomsskulen, slik at unge får sjå kva slags jobbar regionen byr på før dei vel utdanningsveg. Fleire stader har alt vist vegen, og det skal vi byggje vidare på. Reiselivet sitt samarbeid med Høgskulen på Vestlandet om praksisplassar er eit døme på det vi skal gjere meir av. Dette synleggjer for studentane at dei kan utdanne seg til ein god jobb her i regionen. Andre døme er Digdir i Sogndal, som hjelper unge å sjå kva dei bør studere for å få jobb i regionen seinare, og SognaCamp, som kvar sommar trekkjer fleire hundre til å jobbe i bygda. Det vi skal få til er ei konkret kopling mellom det unge kan utdanne seg til og kva arbeid som finst heime, med bedrifter som er til stades tidleg. Dette er grep regionen kan ta utan å vente på nokon, og dei skal styrkje den lokale tilhøyrsla vi treng for å halde på folk.

Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking



5

Teknologi og omstilling

Regionen skal byggje den spisse kompetansen omstillinga krev, og gjere det raskt nok.

Kompetanse og utvikling

Folka og fagkunnskapen som gjer omstilling mogleg

Korleis skal vi lukkast med utviklinga?

Etablere nye utdanningstilbod retta mot lokalt næringsliv
Bedriftene må definere kva kompetanse dei treng. Deretter må vi byggje utdanningstilbod som svarar på dei faktiske behova i næringslivet.

Vi skal legge til rette for ein region der bedriftene tenkjer kompetanse og omstilling som ein del av strategien, ikkje noko dei tek tak i når det er for seint. Det krev eit tett samspel med det offentlege, og eit fylke og utdanningsinstitusjonar som spelar på lag med næringslivet om kva som skal byggjast.

For «våre» næringar bør vi arbeide med å etablere nasjonale kompetansesenter, til dømes innan havbruk.

Gjenopprette og styrke fagutdanningar som næringslivet er avhengig av
Vi må sikre at dei fagutdanningane næringslivet byggjer på, finst i regionen. Nedlegging av fagtilbod rammar rekrutteringa direkte, og bedriftene merkar det med ein gong eit fagmiljø forsvinn.

Skal regionen halde oppe industrien, havbruket og dei andre kompetansekrevjande næringane, må fagutdanningane vere på plass og bli styrkte, ikkje sentraliserte vekk. Dette er ein føresetnad utanfor bedriftene si eiga kontroll, og difor noko regionen må stå samla om å krevje.

Kjelde: Gjennomførte samtalar, gruppeintervju og spørjeundersøking

6. Oppsummert

Kunnskapsgrunnlaget er klart, arbeidet med tiltaksplanen startar no

Sogn og Fjordane har ressursane, næringslivet og ambisjonane som skal til for å lukkast. Næringslivet forventar vekst fram mot 2030, og investeringsplanar i milliardklassen viser at trua på regionen er reell. Spørsmålet er ikkje om potensialet er der – det er om ein klarer å samle seg om dei rette prioriteringane og skape rammevilkåra som gjer det mogleg å realisere det.

Analysen peikar på fem utviklingspilarar som regionen må samarbeide om å vidareutvikle – med teknologi og omstilling som ein overordna paraply. Naturressursane er fundamentet, lokal foredling er vekststrategien, samarbeid er metoden, attraktive lokalsamfunn er føresetnaden og lokalt eigarskap med risikovillig kapital er limet som held det heile saman.

Faktagrunnlaget og analysen er på plass, no ventar kanskje den viktigaste delen av arbeidet: utarbeiding og gjennomføring av tiltak. For at vi skal lukkast må tiltaka vere konkrete og relevante, og vi må legge ein ambisiøs og realistisk tidsplan for gjennomføring. Oppgåver må fordelast og ansvar plasserast. Vi håpar mange rekker opp handa for å ta del i både utarbeiding og gjennomføring av tiltak.

SpareBank 1 SOGN OG FJORDANE